

Makt og tryggleik på tadsjik vis

Ein studie av familieliv i Tadsjikistan i møte med migrasjon og samfunnsendring

Inga Lande



Masteroppgåve ved Sosialantropologisk Institutt

UNIVERSITETET I OSLO

Desember 2008

Samandrag

Denne oppgåva tek for seg ulike tema rundt familieliv og nære relasjonar, med empiri frå det sentrale og sørlege Tadsjikistan, Sentralasia, frå feltarbeid utført våren 2007. Utval av informantar vart gjort ut frå dei ulike regionale gruppene i landet og deira rollar i borgarkrigen som varte frå 1992 til 1997. Informantane var, *gharmi*, blant dei opposisjonelle under krigen, og den gruppa som vart hardest ramma av krigen gjennom internflukt og flukt til naboland. Spørsmål rundt kjønnsrelasjonar og erfaringar vert reist, med fokus på informantane sine ulike erfaringar i livet. Fokuset er spesielt på migrasjonserfaringar som gav informantane grunnlag for refleksjon over eigen livssituasjon, direkte gjennom flukterfaringar, og permanent flytting etter borgarkrigen, men også direkte og indirekte gjennom menn sine arbeidsmigrasjonserfaringar til Russland og Kasakhstan. Eg argumenterer for at åra i eksil i flyktningleir i Afghanistan, bør sjåast som livserfaring i form av flukterfaring, og nye impulsar, som personane tok med seg vidare i livet, snarare enn berre ei ventetid med lidningar slik ei tid som flyktning ofte vert sett (Lubkemann 2008).

Vidare omhandlar oppgåva ekteskapet både som relasjon og som ein viktig del av eit sosialt slektskapssystem. Ekteskapsordninga vert analysert, som resten av oppgåva, med fokus på kvinners opplevingar, oppfatningar og forteljingar om eigne liv og livssituasjonar. Det blir vist korleis informantane inngjekk i ulike rollar etter kor dei var i den sosial livssyklusen og hushaldssyklusen dei inngjekk i. Kvinnelege informantar i ulike aldrar er med å belyse korleis denne syklusen fungerte. Ekteskapsinngåing er her sentralt. I samband med dette viser eg korleis individualitet, makt, moglegheiter og val vart diskutert og fortalt om av kvinnene. I analyse av dette nyttar eg perspektiv frå Jackson (2005), for å vise korleis jenter og kvinner forholdt seg til det ambivalente rundt endring av eigen livssituasjon, samt rollene dei inngjekk i og var forventa å fylle. Eg hevdar at kvinnene viste *motstand*, usemje og misnøye med maktrelasjonar dei stod i, men at dei snarare var "strategiske" og reflekterande enn protesterande i sine slike relasjonar. Slik eg opplevde det gjorde dei dette ut frå vurderingar om kva som var klokast veremåte, for seg og barna sine, og med tanke på både umiddelbare og langsiktige omsyn. For å forstå maktrelasjonane som kvinnene inngjekk i, og handlingar dei gjorde som kan relaterast til desse forholda, nyttar eg Scott (1990) sine perspektiv om "dei underordna" sitt forhold til "dei dominante". Blant anna er vennskap mellom nabokvinner, med dei samtaleemna og ytringane som dei delte i venninnestundene, med på å belyse forholda til sine ektemenn då desse tema skilde seg frå dei som dei delte med ektemennene tilstades.

Forutan forhold berre mellom ektefellar og vaksne har oppgåva eit generelt familie- og generasjonsperspektiv. Her er familierelasjonar, og ulike praksisar og livssituasjonar sentrale. Eg fokuserer på dei økonomiske og praktiske sidene som var viktige for organisering av familieliv, arbeid og hushald, spesielt i forhold til arbeidsmigrasjon til Russland. Her er endringar i Tadsjikistan sentrale og korleis folk relaterte seg til desse. Eg argumenterar for at det i familiane eksisterte ei aktiv tilpassing til endringane, men at denne vart gjort med balanse, refleksjon og bevisstheit i forhold til tradisjonar og vanar som dei hadde eit forhold til. Gjennom dette vert det også vist møte mellom tradisjonalt og modernitet, alt med basis i det informantane kalla tadsjik - i opposisjon til "det moderne".

Forord

Gjennom å arbeide med eige materiale frå eige feltarbeid har eg fått ei fornya interesse og forståing for antropologisk metode og teori. Plutselig blir teoriar, perspektiv og metodar meir interessante fordi det skal brukast til å forklare noko som er nært for meg og mitt.

Det er mange å takke for hjelp med denne oppgåva. Først av alt tusen takk til Sarina. Heile opplevinga og resultatet av feltarbeidet ville vore dårlegare utan ho. Er så takksam for at ho blei med meg heim til folk, at ho var så audmjuk ovanfor informantane, og for at ho hadde ei så mjuk framtoning. Oversetjinga gjorde ho heilt supert, men også det mellommenneskelege. Takk for fleksibilitet og det store ønskje om å gjere ein god jobb. Håpar framtida di blir god på alle vis.

Hjarteleg takk til alle informantane for at dei opna opp heimane sine for meg, og for all tålmodigheita og openheita dei viste. Takksam for alt dei delte med meg. Kjem aldri til å gløyme dei. Håpar eg ikkje har skrive om dei på ein måte som dei ikkje ville likt. Eg skulle på mange måtar heller ha skrive om det som var det kjekkaste i kvardagslivet deira, heller enn å fokusere på mange utfordrande og vanskelige delar av det. Det har vore for at eg vil lære om nettopp noko av det vanskelige i livet. Eg veit eg kunne tilført dei mykje meir glede om eg til dømes hadde skrive om det dei fleste av dei elsker mest av alt: klede, dans, film, song, i ekte tadsjik nasjonalromantisk stil. Eller kanskje studert den veldige entusiasmen deira for festar, ja det å bli underholdt generelt. Takk for alle dei gode stundene.

Takk til Marion for kjekke gåturar på åsane! Fantastiske avkoplingskveldar.

Takk Anna-Marie for korrekturlesinga! Kjempeglad for at du tok deg tida til det du ditt språkgeni. Elles takk for at du virkelig har heia meg fram når eg har hatt null tru på at eg skulle klare denne oppgåva. Takk for bønnene du har bedt. Takk Thomas for inspirasjon, gjennomlesingar av tekst og turane i marka med hest og prat.

Takk til rettleiar Elisabeth L`orange Fürst for hjelpa. Takk for spanande samtalar om viktige tema. Det har betydd mykje at du har hatt så stor respekt for at dette har vore mitt prosjekt, sånn at det har blitt nettopp det.

Kjempetakk også til gode nabo Henrik Sinding-Larsen som har gjeve oppmuntringar og kloke råd om skriveprosess undervegs, samt lese tekst og gjeve svært positiv tilbakemelding som igjen har gjeve meg tru på at eg kunne klare det. Takk for smittande engasjement!

Takk til familien min for alle formar for hjelp, oppmuntring, kjærleik og støtte undervegs. Til pappa for "stipend". Til Linda som putta Nora framfor webkameraet så eg i saknet iallfall fekk sjå nokre glimt av ho på internettkafeen i Dusjanbe. Takk Nora som smilte til webkamera... og for alle kjekke stunder saman etter det. Du er ei fantastisk ei! Landesirkuset: takk for støtte, oppmuntring og avkopling. Og for "Fastforden" i Oslo.

Takk Martin for at du var der, i Aini Pandsjo, lagde grønsakssuppe, og inspirerte meg dei dagane eg var utslitt til å komme meg ut av leilegheita og ut til folk. Takk for godheita, tålmodigheita og den ekstreme fleksibiliteten din. Gleder meg til alt som kjem etter innlevering. Takk lille mini som med sine spark og si turning har motivert meg til å skrive ferdig. Gleder meg til å sjå deg!

"God, if I don't get anything else done today, I want to know You more and love You better." Takk Jesus, for livet, dagleg nærleik og fred i sjel og sinn.

Inga Lande, Blindern 11.12.2008

Innhald

SAMANDRAG	3
FORORD	5
INNHALD	7
KAPITTEL 1: TEMA OG PROBLEMSTILLINGAR	10
INNLEIING	10
OPPBYGGING AV OPPGÅVA	11
TEMA OG PERSPEKTIV	12
FELTARBEID	17
<i>Vegen til feltet</i>	<i>17</i>
<i>Posisjonering i feltet</i>	<i>17</i>
<i>Metodiske teknikkar og etiske refleksjonar</i>	<i>19</i>
<i>Språklæring og bruk av oversetjar</i>	<i>23</i>
INFORMANTAR	25
<i>Presentasjon av hushald</i>	<i>25</i>
Dusjanbe	25
Kurghan Teppa	26
KAPITTEL 2: ERFARINGSKONTEKSTAR	29
TADSIK I SENTRALASIA	29
VATAN	30
BORGARKRIG	31
SOVJETUNIONEN TILSTADES I 2007	33
EMOMALII RAHMON	34

<i>Moderne vs. tadsjik</i>	37
FLUKT.....	38
<i>Afghanistan</i>	38
<i>Kumsangir</i>	42
KAPITTEL 3: EKTESKAPSRELASJONEN	43
INNGÅING AV EKTESKAP	44
SKILSMÅL	48
ULIKE DRAUMAR.....	51
KAPITTEL 4: ARBEID OG ARBEIDSMIGRASJON	54
ARBEIDSOPPGÅVER OG ROLLER I FAMILIEN	54
ARBEIDSMIGRASJON FRÅ TADJISKISTAN TIL RUSSLAND.....	59
ULIKE FAMILIAR I MØTE MED ARBEIDSMIGRASJONEN	60
<i>Shukurona om samarbeid mellom ektefellane</i>	61
<i>Anor om tap av ektemannen</i>	61
<i>Aziza om ulike ansvar og fokus</i>	63
UNGE MENN PÅ HEIMEOPPHALD	64
INNANFOR OG UTANFOR HAVLI	66
KAPITTEL 5: MAKTFORHOLD I FAMILIEN	69
BETYDINGA AV Å HA BARN	69
MAKTRELASJONAR	70
MEDBESTEMMING	72
MAKT OG REFLEKSJON	76

AVSLUTNING	80
TILLEGG	82
KART	82
HUSHALDSOVERSIKT	84
ORDLISTE	86
KJELDELISTE	87

Kapittel 1: Tema og problemstillinger

Innleiing

Feltarbeidet, som er utgangspunktet og datagrunnlaget for denne oppgåva, vart gjort i Tadsjikistan frå januar til juli 2007. Det meste av tida opphaldte eg meg i og utanfor folks hus, det som til saman utgjer ein *havli*¹. Eg sat og prata, som oftast med kvinner, men også med menn, arbeidde litt på tuna, lagde og åt mat, og sov. Men mest av alt så prata vi - mykje og lenge, og om mange ulike tema. Eg intervjuar ikkje *dei*, men kanskje vi intervjuar kvarandre litt når ein ser tilbake på alle spørsmåla vi hadde til kvarandre. Slik vart vi kjend, barn og vaksne, unge og gamle, så kjend som ein kan bli på eit halvt år og med ein del språkbarrierar, men med gjensidig interesse av å bli kjend med kvarandre og med dei ulike måtane å leve livet på. Det er langt frå å sitje og prate saman til å skrive *om dei*. Likevel var det slik at ut frå det dei gjorde i kvardagen sin, og alt dei hadde å fortelje om sine erfaringar og tankar, vart det mykje informasjon. Desse liva og denne informasjonen har av meg blitt gjort om til ei oppgåve, ein tekst *om dei*. I det følgjande kjem det ei innleiing til kva dette prosjektet og denne oppgåva handlar om.

Hushald, arbeid og migrasjon heng tett saman. I denne oppgåva er desse tre institusjonane og praksisane sentrale, mest av alt ut frå at det også var det for informantane mine sine kvardagsliv. Livet i ein *havli* bestod av arbeid og kvile, levde liv utandørs og innandørs, sosialt fellesskap med familie og naboar, og tilbaketrekte stunder i dei meir private romma. Ut frå kvinners kvardagsliv, i ulike livssituasjonar og livsstadium, utforskar eg korleis arbeidet var fordelt og fungerte ut frå kjønn og alder. Det var bestemte "kvinneoppgåver" og "mannsoppgåver", med definerte reglar og tabu for deltaking i det andre kjønnns arbeid. Eg viser korleis den økonomiske og arbeidsmessige situasjonen i Tadsjikistan, med mangel på arbeidsplassar, har samanheng med arbeidsdeling ut frå kjønn og kjønnsroller generelt. Eg fann at den massive arbeidsmigrasjonen til Russland fungerte som ei forlenging av dei allereie beståande arbeids- og kjønnspraksisane. Både kvinner og menn snakka om ei endring, frå at menn i Sovjettida hadde hatt arbeid til å ikkje ha særleg mykje å gjere av arbeid i Tadsjikistan. Kvinnene på si side arbeidde ofte minst like mykje som dei pleidde å gjere, men dette varierte ut frå dei ulike bu- og familiesituasjonane. Dei kvinnelege informantane sine bidrag til subsistensøkonomien var generelt høg, men berre for dei som budde i utvida hushald, og ikkje for dei av informantane som budde i små hus som kjernefamiliar. Slik utgjorde ulike hushalds-

¹ Det fins ikkje noko tilsvarande omgrep på norsk som inkluderar både hus og hage. Difor nyttar eg *havli* gjennom heile oppgåva.

og familiesituasjonar ulike arbeidsforhold. Dei fleste kvinnene i utvida hushald hadde mykje arbeid i kvardagen, både arbeid med barn, matlaging og diverse produksjon, medan dei som budde som kjernefamilie ofte hadde så lite å gjere at dei kjeda seg. Slik brukte kvinner dagane sine ulikt. Kjernefamiliehushalda gav stort rom for venskap mellom nabokvinnene, der dei kvar dag sat i dei små romma sine og prata med kvarandre i timevis. Dei som budde i utvida hushald, i storfamiliar med mange medlem, brukte stort sett tida saman med dei andre medlemmane av hushaldet sitt og ikkje med så mange utanfrå.

Denne introduksjonen til feltet gjev eit innblikk i korleis familieliv, arbeid og sosiale relasjonar heng saman. Det er likevel meir komplekst enn å berre skilje mellom hushald med ein kjernefamilie og utvida hushald. Alle hushalda eg brukte tid i var i ulike situasjonar: nokre bestod av fleire brør, deira koner og barn, samt dei aldrande foreldra deira. Andre igjen berre av eit ektepar og barna deira. Eit bestod av fleire kvinner som ikkje var i familie med kvarandre, med sine barn og etter kvart også svigerdøtrer. På grunn av skilsmål og dødsfall mangla dette hushaldet menn, noko liva deira bar preg av på ulike vis. Andre hushald mangla menn fordi dei var i Russland og arbeidde, eller var i arbeid i ein annan landsdel. Slik var samansetnaden av hushalda ulik, og på grunn av det kvardagen ulik for dei ulike informantane. I tillegg til familiemedlem varierte også personar sine situasjonar etter kor dei var i ein såkalla hushaldssyklus, alt etter aldrane på medlemma. Mine spørsmål i denne oppgåva dreier seg hovudsakleg om korleis ulike familiemedlem, altså ulike menneske i ulike livssituasjonar, relaterte seg til kvarandre i møte med arbeid, migrasjon og kvardagslivets utfordringar og gleder generelt. Dette er slik ei oppgåve om livet innanfor og utanfor *havli*, og dei relasjonane som folk levde i der. Fokuset er på dei såkalla nære relasjonane dei stod i, som eg heller kallar "dei daglege relasjonane", av di dei ikkje alltid vart opplevd som så nære.

Oppbygging av oppgåva

Det er viktig å merkje seg at oppgåva er inndelt etter ulike tema, men at desse tema heng tett saman med kvarandre. Inndelinga eg har gjort etter tema er ein del av mi fortolking av feltet, og er slik konstruksjonar gjort av meg både i møte med feltet og i skriveprosessen. Alle kapitla heng saman, av den enkle grunn at alle informasjon, alt av data, er henta frå ei gruppe menneske og deira kvardag. Grunnleggjande vert det *mitt* perspektiv som her vert framstilt, og ikkje deira, då informantane mine mest sannsynlig aldri ville delt sine eigne liv og røynder inn slik eg gjer her. Allereie ved tematisering, og ikkje berre i analyse, kjem mi fortolking og kategorisering fram.

Som nemnd heng kapitla saman. Kapittel ein gjev eit innblikk i prosjektet, og seier med det noko om oppgåva vidare. Det omhandlar metodiske problemstillingar, samt at det presenterer feltarbeidet

og informantane. Kapittel to omhandlar nokre sentrale kontekstar for feltet. Hovudsakleg har eg knytt saman dei storpolitiske momenta og erfaringar informantane hadde av desse. Det inneheld bakgrunnskunnskap om Sentralasia og Tadsjikistan, med fokus på borgarkrigen (1992-1997) og flukterfaring, vidare om Post-Sovjet samfunn og den politiske og økonomiske situasjonen i landet i 2007. Kapittel tre handlar om ekteskap, og er viktig både i seg sjølv og for lesing av dei seinare kapitla. Fokuset ligg på kvinners ytringar om og erfaringar rundt det å vere gift, men også tankar om det å skulle gifte seg og det å skilje seg. Kapittel fire omhandlar arbeid og arbeidsmigrasjon, og familiars ulike tilnærmingar til dette. Arbeidsdeling vert drøfta og knytt til kjønn. Kapittel fem handlar om kvinners plass i slekta, deira forhold til arbeid, bustad og migrasjon. Viktige tema som vilje og ønskje er sentrale her, med fokus på kvinners posisjonar og opplevingar av sine livssituasjonar. Familieliv, arbeid og migrasjon bind kapitla saman. Alle kapitla fokuserer på dei daglege relasjonane som informantane stod i, med fokus på informantane sine hushald og naboar.

Tema og perspektiv

Nokre tema har vorte skisserte over. Under kjem det vidare fram kva oppgåva utforskar, og kva spørsmål den stiller og søker å svare på. Det store, overordna spørsmålet er korleis familieliv føregår og stiller seg til eit samfunn i endring. Avgrensing av dette temaet gjer eg ved å fokusere på ekteskapsrelasjonen og inngåing av ekteskap, arbeidspraksisar spesielt når det kjem til forholdet mellom kjønna og migrasjon, og enkeltmennesket sin plass i slekta. Avgrensing når det kjem til feltet og informantar gjorde eg gjennom å nærmast utelukkande ha informantar som var medlem av den regionale gruppa *gharmi*². Denne gruppa utgjorde ein stor del av den politiske opposisjonen under borgarkrigen i Tadsjikistan (1992-1997), og var sterkt representerte i partiet "Det Tadsjikistanske Islamske Fornyingsparti"³ under leiing av Said Abdullo Nuri. Partiet vart etablert i 1990, og utgjorde under krigen, saman med andre opposisjonelle, demokratirørsler og liberale rørsler UTO - United Tajik Opposition. Opposisjonen tapte i det store og heile kampen om politisk makt i landet. Likevel var Nuri ein viktig person i fredsforhandlingane, og oppnådde å få sitt islamske parti legalisert igjen i 1998 etter å ha blitt forbode i 1993. Til trass for vanskelige forhold generelt for opposisjonsgruppene i Tadsjikistan, er det islamske partiet det einaste formelt legaliserte av sitt slag i Sentralasia. I samtalar med folk frå andre regionale gruppe enn *gharmi* var det framleis i 2007 ei utbreidd oppfatning av at det å vere *gharmi* var det same som å vere islamsk opposisjonell. Mange

² Ei av landets fem store regionale grupper, vert også kalla solidaritetsgrupper eller klanar.

³ Engelsk: Islamic Renaissance Party of Tajikistan. Tadsjik: Hezb-e Nahzat-e Islami.

teikna bilete av dei ulike regionale gruppene som homogene politisk sett, og endå sterkare var slik tankegang under krigen og dei første åra etter den var ferdig. Gharmi si rolle og posisjon i krigen gjorde at mange gharmimedlem hausten og vinteren 1992 vart flyktningar eller internflyktningar (UN-report:1995)⁴. Eit av mine spørsmål gjennom feltarbeidet og oppgåva har vore korleis desse personane ser tilbake på tida som flyktningar, og kva flukterfaringane har å seie for deira liv i etterkant, her også spesielt med fokus på familieliv og ulike generasjonar. Det er altså slik at informantgruppa bestod av gharmi, og deira livssituasjonar i 2007 var prega av deira status og historie som gruppe. Ut ifrå denne gruppa fekk eg observasjonar og informasjon om både historie og samtid, og det er i stor grad ut ifrå deira blick eg ser Tadsjikistan.

Korleis det lokale familielivet fungerte når så mange menn arbeidde i Russland, er interessant å sjå. Kva skjer med ektefellane som er attende i Tadsjikistan? Kva skjer med barna? Og kva skjer med mennene som vekslar mellom å bu i Russland og Tadsjikistan? Desse spørsmåla blir diskutert ut ifrå korleis arbeid og ekteskap fungerte i ulike familiar. Sentralt her er ulike gruppers og personars forhold til å kunne ha eit nivå av velvære, well-being,⁵ i liva sine, som medlem av sine familiar, både før og etter inngåing av ekteskap. For korleis opplevde og snakka kvinner om ekteskapa sine? Og om svigarfamiliane sine? Eg viser gjennom ulike døme korleis personar opplevde fordelinga mellom å "act upon someone" og "being acted upon by others" (Jackson 2005). Alle kvinnene var opptatte av ekteskapsinngåing og grad av medbestemming i ekteskapet, jamvel om dei hadde ulike posisjonar og erfaringar. Desse ulike stemmene kjem til orde ut frå tema om individs og sosiale gruppers *vilje* og *velvære*, spesielt i forhold til det å vere medlem av ein familie og ei slekt.

Menneska i oppgåva levde i eit rom av migrasjon og samfunnsendingar, og det er gjennom enkeltmenneske og familierelasjonar eg viser korleis kvardagslivet gjekk føre seg i dette spennet. Gjennom dei ulike kapitla vert det fokusert på fortid og notid (våren 2007), og det er gjennom menneska sine forteljingar, frå deira synspunkt og posisjonar, situasjonen i landet vert teikna. Dette søker eg å gjere gjennom kvinner sine forteljingar, og gjennom både kvinner, menn og barn sine handlingar og samhandling dei imellom slik eg kunne høyre om det og sjå det sjølv. Eg fokuserer på forteljingar frå fortida, både korleis Sovjettida vart snakka om og tida under krigen vart skildra, men også på praksisar i etterkant av dette gjennom observasjonar gjennom feltarbeidet. Informantane

⁴ Om lag 100 000 personar flykta til Afghanistan, og nærmast alle var medlem av den regionale gruppa *gharmi*. Dei som til saman hadde status som internt fordrivne (IDP= Internally Displaced Persons) var om lag 600 000 personar.

⁵ Viser til det engelske uttrykket "well-being", som eg synes seier meir om det å vere nøgd med sin livssituasjon, enn til dømes det norske ordet velvære gjer. Både Bourdieu, Pierre og Jackson, Michael nyttar omgrepet "well-being" i sine analysar (Jackson 2005).

skisserte desse tre periodane som viktige epokar for dei, sovjettida, krigen og etter krigen, og vendte stadig tilbake til å reflektere over korleis livet og samfunnet hadde endra seg. Forholdet mellom kontinuitet og endring vert drøfta, sett gjennom forteljingar, ulike hushald og slektskaps- og ekteskapspraksisar. Informantane hadde erfaringar som kan fortelje noko om borgarkrigens og eksilets røynd, og alle levde i relasjonar til familiemedlem og naboar som er med å vise døme på kvardagslivet og kvardagslivet sitt forhold til dei store økonomiske og politiske realitetane.

I forkant av, og i starten av, feltarbeidet var planen å studere korleis familiare, med sine ulike familiemedlem, stilte seg til migrasjonserfaringane dei enkelte hadde gjort under krigen, det vere seg som flyktningar til Afghanistan eller som internflyktningar. Det skjedde ei dreining frå dette til å heller skulle utforske korleis ulike familiar, med sine ulike familiemedlem, forholdt seg relasjonelt til migrasjonen og arbeidssituasjonane som dei var midt oppi under feltarbeidet. Flukterfaringane var framleis vesentlige for informantane sine livsrøynder, men desse erfaringane låg bak i tid, og det vart med det betre å la desse fortidserfaringane vere ei kontekst for å betre kunne forstå og kjenne informantane sine kvardagsliv slik dei var under feltarbeidet i 2007. Eg vel å kalle dette erfaringskontekstar av den grunn at det er gjennom informantane, og deira livshistorier og erfaringar, at denne konteksten for å forstå notida kjem fram i oppgåva. Kvar enkelt person hadde minne som dei bar med seg og fortalde om.

Ein kan tenkje seg at det finst ytterkantar av fenomenet migrasjon når det kjem til valdimensjonen. *Trafficking* kan stå som ein ytterkant der dei som deltar har svært marginale valmogelegheiter til å påverke situasjonen sin. På den andre sida har vi *turisme* som derimot inneber stor valfridom for aktørane både når det gjeld om ein skal dra, når ein skal dra, og mogelegheitene for å returnere til heimstaden sin. Eg skal her drøfte val- og aktørdimensjonen i ulike typar migrasjon som var relevante for informantane. Antropolog Stephen L. Lubkemann (2008) skriv om korleis aktørperspektivet kan forsvinne gjennom idear om at flukt er noko ein deltar i passivt, noko som er heilt og fullt tvunge på dei det gjeld. Omgrep som tvungen migrasjon, *forced migration*, og ufrivillig migrasjon kan, til trass for at det for flyktningar er tunge, nærmast tvingande årsaker til å flykte, vere med å understøtte ei oppfatning av flyktningar og internflyktningar som menneske utan valmogelegheiter og refleksjonsevne i migrasjonssituasjonen. Ei slik oppfatning vil fort kome til kort fordi det alltid er nokon som *ikkje* flyktar i ein krisesituasjon jamvel om andre gjer det, noko som igjen kan fortelje at det er eit val å flykte og ei handling som blir utført. Vidare er det oftast slik at personar og grupper flyktar *ulikt* frå kvarandre, noko som er med på å vise korleis ei flukterfaring består av val, der personar og grupper må velje mellom ulike løysingar på problema dei møter. Menneske flyktar med utgangspunkt i sine sosiale nettverk (ibid.). Dette stemmer når det gjelder

flukt i Tadsjikistan. Menneske frå alle regionale grupper flykta, med unnatak av sughdi, dei frå dei nordlegaste delane av landet, men dei drog på tvers av kvarandre sine fluktruter. Det varierte kor det var trygt å opphalde seg, varierende ut ifrå familieband og regionalt tilhøyre. Slik var flukta gjort ut frå sosiale og tilknytingsmessige vilkår, noko alle som flykta måtte posisjonere seg i forhold til og handle i tråd med, og med det var flukta ikkje noko som berre "skjedde" med passive offer. Informantane kunne i høgaste grad fortelje om korleis dei handla aktivt og var aktørar under krigen, og at det var deira handlekraft og kontaktnettverk, saman med tilfeldigheter, som avgjorde kva dei opplevde under konflikten.

Denne problematikken vedrører altså det å sjå forbi dei menneskelege ressursane og sosiale tilknytningane migrantar i ein krigs- og krisesituasjon har. Eit bilete av flyktningar som "*stripped of power*", eller "*bare humanity*", som har mista kontakten med sine kulturar og identitetar, har ifølgje Liisa Malkki vore vanleg i studium av flyktningar. Flyktningar blir slik sjåande ut som "tomme" menneske (Malkii 1995:12). Tankerekkja er at jo meir flyktningstatus, jo meir offer, og med det svakare som menneske. Slik eg ser det er det mogeleg å sjå korleis menneske som vel å flykte frå ein krigssituasjon er i ein svært vanskelig situasjon, er sårbare, og har svært avgrensa mogelegheiter, samtidig som ein ser at midt i ein slik situasjon finst det framleis val å ta, ressursar å byggje på, og sosiale prosessar og strukturar som eksisterer og fungerer i ulik grad. Slik informantane mine fortalde om krigsutbrotet i 1992 og sine fluktopplevingar i samband med det, var det tydelig at dei var i ein svært vanskelig situasjon, med avgrensa valmoglegheiter, men at dei vurderte kva som var dei beste løysingane på problema, og saman gjorde val midt i krisesituasjonen, snarare enn å berre handle ut ifrå tvang. Nokre flykta til slektningar som budde på andre stader, andre flykta til Dusjanbe, hovudstaden i Tadsjikistan, i håp om å finne ein trygg plass der. Mange, spesielt *gharmi*, drog til Nord-Afghanistan saman med naboar og heile nabolag. Slik fungerte sosiale nettverk med å hjelpe folk som var i ein vanskelig situasjon då nabolaga deira vart inntekne, husa deira påtende og dei sjølve vart jaga vekk frå heimeområde sitt. Informantar var også døme på korleis flukta og opplevinga av heile borgarkrigen, vart prega av mangelen dei hadde på sosiale nettverk, noko som gjorde det endå vanskeligare for dei å kome seg til trygge stader.

Interessant er det at dei som var "minst flyktningar", dei som vart fordrivne i sitt eige fylke og aldri kryssa ei internasjonal grense, var dei som hadde opplevd dei vanskeligaste tinga, i motsetnad til dei som drog til Afghanistan, som var utanfor konfliktområdet, og med det skjerma for mykje. Altså mest flyktning, minst liding - noko som ikkje er reflektert i diverse rapportar om krigen, der det er via mykje plass til den humanitære og sosiale situasjonen for flyktningane som var i Afghanistan. Dette var også tilfelle når det gjaldt hjelp og oppbygging av samfunnet igjen etter krigen var ferdig.

Informantar fortalde om organisasjonar sine prioriteringar overfor nettopp "flyktingane" og korleis det hadde skapt nye konflikhtar mellom dei og dei som var internflyktingar. Dette heng saman med biletet som er utbreidd av at flyktingar er dei som lid mest, og difor treng mest hjelp. Dette biletet var tydeligvis sterkt hjå internasjonale organisasjonar på 1990-talet, sidan den økonomiske og materielle situasjonen til naboar, i dei nabolaga eg var i, berre i liten grad varierte etter kor hen dei hadde flykta til, men langs med heilt andre linjer. I dei tilfella det varierte med kor dei hadde flykta var det slik at det var vanskeligast for dei som hadde flykta internt, både på grunn av det dei hadde opplevd, men også på grunn av mangel på praktisk hjelp i etterkant.

Til trass for val- og aktørdimensjonane som er i ein fluktsituasjon, altså tvungen, ufrivillig migrasjon, er det nyttig å skilje slik migrasjon frå migrasjon som er prega av oversikt, tid til å reflektere og velje, nemlig arbeidsmigrasjon. Det har som nemnd føregått ei massiv arbeidsutvandring frå Tadsjikistan til Russland, spesielt av unge menn, og spesielt frå Khatlon fylke, som er det området av landet, med unnatak av fjellfylket Badakshan, som er dårlegast stilt økonomisk. Uttrykket "økonomisk migrasjon" vert ofte brukt synonymt med arbeidsmigrasjon, jamvel om økonomisk migrasjon kan dekkje mykje meir enn berre det å reise for å søkje arbeid (Mughal 2007). Når personar og grupper drar ut av landet sitt for å arbeide har det noko til felles med det som vert kalla "tvungen migrasjon" når det kjem til elementet av val. Fleire av informantfamiliene mine uttrykte ein sterk ambivalens til arbeidsmigrasjonen til Russland. Dei kjende seg på eit vis "tvungne" til å velje det som løysing, og uttrykte eit ønskje om å heller bu i Tadsjikistan, spesielt når dei blei eldre. Samtidig uttrykte alle unge menn på heimeopphald ei begeistring over det moderne storbylivet i Russland, og ei positiv haldning til at det å arbeide der var ein viktig del av løysinga på dei økonomiske problema til Tadsjikistan. Den økonomiske og arbeidsmessige situasjonen i Tadsjikistan pressa dei på eit vis til å sjå etter løysingar utanfor sine landegrensar, slik det er i dei fleste tilfelle når folk drar ut av landet sitt for å arbeide. Dette gjer det tydelig at i ulike migrasjonssituasjonar er det element av val og strategi, og ønskje om å gjere det som er best for framtida, i Tadsjikistan både gjennom flukt og arbeidsmigrasjon.

Denne oppgåva tek opp val- og fridomsdimensjonane på fleire område enn migrasjon. Val og medbestemming over sin eigen kvardag og framtid var noko informantane var opptatte av. I familiefellesskap med fleire medlem eksisterer det alle stader eit sosialt liv som har stor betydning for medlemmane sine levde liv. Medlemmane av informantane sine hushald levde sine liv saman, og hadde med det påverknad på kvarandre i det at dei relaterte seg til kvarandre tett og ofte. Slik er det når ein bur saman, under same tak og innanfor same gjerde eller murveggar.

Feltarbeid

Vegen til feltet

Mi interesse for dei tidlegare Sovjetrepublikane i Kaukasus og Sentralasia med muslimske befolkningar er knytt til dei mange spenningsfelte i området. Sentralasia, og sør-Tadsjikistan spesielt, på grunn av nærleiken til Afghanistan, er eit område med påverknad frå ulike makter; Sovjetunionen, seinare Russland, Afghanistan og Kina. I tillegg kjem den arabiske verden, *arabho* som informantane kalla arabarar, den muslimske verda, og den vestlege verda etter 1991 med alt det inneber. Eg hadde før og under feltarbeidet spørsmål om kva spenningar og møte mellom ulike ideologiar; kommunisme, islam i ulike formar og ulike vestlege impulsar som har kome til etter 1991, har å seie for menneske sine lokale daglegliv. Mi interesse for å lære om menneske sine mangfaldige flukterfaringar, gjorde at det var i Tadsjikistan eg ville gjere feltarbeid. Frå 1992 til 1997 var det borgarkrig i landet, med mest krigshandlingar i 1992. Ved krigsutbrotet og første halvår flykta omlag 100 000 personar til nabolanda, hovudsakleg Afghanistan, og dei fleste av desse vart verande der i flyktningleirar fram til fredsavtalen var underteikna i 1997 før dei returnerte. Desse kjem i tillegg til dei rundt 600 000 personane som var internt fordrivne i kortare eller lengre periodar. Eg var svært interessert i å lære om korleis folk såg tilbake på opplevinga av å vere på flukt ti år etter dei hadde returnert til heimstadane sine, gjennom ein periode med store endringar i samfunnet; økonomisk, politisk og arbeidsmessig. Ønsket mitt om å lære å snakke og forstå persisk, i Tadsjikistan den persiske dialekten *tadsjik*, gjorde også valet om lokalitet for feltarbeid enkelt.

Posisjonering i feltet

Forsking kan aldri vere nøytral og uposisjonert, noko som er årsaka til at eg i denne oppgåva vel eg å skrive meg sjølv, som feltarbeidar, fortolkar og forfattar, inn i teksten. Dette gjer eg fordi eg var ein del av feltet og med det er ein del av oppgåva gjennom at eg har forma den og skapt den, og med det sjølv sagt prega den og innhaldet. Samfunnsforskning er aldri nøytral, objektiv og uposisjonert, og utan forfattar vert det ingen tekst, og utan å vere ein del av feltet kan ein ikkje gjere observasjonar. Dette nemner eg ikkje for å undergrave mine eigne funn og tolkingar, men for å vere tydeleg på veggen fram til desse. Under kjem det nokre refleksjonar rundt meg som feltarbeidar si betydning for innhaldet i feltarbeidet og oppgåveteksten.

Då eg var saman med informantane mine hadde eg eit blick for «nære relasjonar», og korleis menneske opplever det å relatere seg til andre. Eg tenkte automatisk på korleis ei fire år gammal jente reagerte når faren kom heim frå arbeid; skein ho opp? Gøymde ho seg bak mora si? Sa ho noko spesielt? Korleis reagerte ein mann når han kom heim til kona si etter å ha vore borte frå ho i

fleire veker? Korleis reagerte ho? Korleis snakka mora til den vesle guten sin når han hadde sølt maten sin? Blei han trøyta? Vart han slått? Oversett? Eg låg merke til ekteparet som snakka lågt til kvarandre og haldt kvarandre litt i hendene. Det vesle barnet som blei boren i seng av den stolte pappaen sin. Min interesse for nærleik og avstand mellom menneske, innhaldet i relasjonar, bar eg med meg inn i feltet, og det fekk konsekvensar for kva data eg sit igjen med. Mitt inntrykk er at familierelasjonar var ein veldig viktig del av folks kvardag og liv, mykje på grunn av busettingssituasjonane, noko som gjer at det betyr mykje kva forhold ein har til dei andre i familien. Dette gjer at mitt fokus var svært sentralt og egna i dei tadsjikiske samfunna. Dette er altså i hovudsak ei oppgåve med fokus på nære relasjonar. Det vart tydelig for meg at landets vanskelige og svake økonomiske situasjonen hadde mykje å seie for familielivet og relasjonane, spesielt sidan menn i følge dei sjølv vert «tvungne» til å søkje arbeid utanlands. Slik er også forhold på politisk og samfunnsøkonomisk plan relevant for informantane mine sine familiesituasjonar, noko eg knyt saman. At mange kvinner uttrykte misnøye med korleis dei har vorte gifta vekk som unge jenter utan medbestemming, korleis mennene har behandla dei dårleg, og at mange menn arbeider andre stader i landet eller i utlandet for lengre periodar, er ein årsak til at ekteskapet og familielivet er ein utsett institusjon i Tadsjikistan. Difor ser eg det som ein stor fordel at eg som person og antropolog i feltet hadde auge for dei daglege relasjonane.

Likevel vil eg nemne korleis mi interesse for relasjonar, og spesielt forholdet mellom menn og kvinner, kan ha prega mine funn. Informantane blei kjent med meg, og med det også med ein del av mine interesser. Mi interesse for desse tema var innimellom klart med på å setje ein agenda i samtalanane, noko som igjen kan ha skapt refleksjon og utsegn frå dei som ikkje ville ha kome ved andre høve. Jamvel er det likevel *deira* refleksjonar og synspunkt som er grunnlag for innhaldet i oppgåva. Informantane hadde sine førestillingar og tankar om meg som europeisk og ung kvinne, noko som sannsynlegvis var med på å gje dei kjensler av kva som var interessant og ønska frå mi side. Dette ser eg på som ei uunngåeleg konsekvens av det å bruke seg sjølv i feltet, det at antropologen er eit viktig instrument i datainnsamlinga. Likevel vil eg hevde at observasjonane og informasjonen eg fekk frå informantane ikkje først og fremst var prega av meg og det at eg var tilstades. Det var heller slik at eg smelta inn i *deira* kvardag, tema og samtalar. I stor grad kom dei ulike tema dei var opptatte av til meg snarare enn omvendt. Eg veksla mellom å vere i fellesskap med få og mange, og observerte og lytta ofte til deira samhandling og samtalar heilt uinnblanda frå mi side. Slik vil eg hevde, til tross for at innsamla data alltid vil vere prega av personen som gjer eit feltarbeid, at eg hadde moglegheiter til å sjå livssituasjonar og levde liv ut frå deira ståstad, gjennom deira utsegn, erfaringar og praksisar, utan å tvinge fram uvande refleksjonar og meiningar hjå informantane.

Metodiske teknikkar og etiske refleksjonar

Hovudmetoden som vart brukt i feltarbeidet var deltakande observasjon ved å hovudsakleg vere ilag med menneske i og rundt hushalda deira i deira daglege, heimelege samanhengar. Det var seks hushald som eg brukte mest tid i, to av dei var i utkanten av Dusjanbe, dei fire andre i to ulike landsbyar omlag 12 mil sør for Dusjanbe, i utkantar av Khatlon fylkes hovudstad Kurghan Teppa⁶. I Dusjanbe var eg på dagbesøk, medan eg i sør var på overnattingsbesøk nokre dagar i strekk om gongen. I sør fekk eg dermed vore med informantane heile døgnet, og vart etter nokre veker kalla "dottera mi" (*dukhtaram*) av hovudkontakten min, Muhniso. I Dusjanbe fekk eg heller rolla som venninne enn familiemedlem, også i og med at eg der for det meste deltok i deira venninefellesskap. Det viste seg umogeleg å få husvære i nabolaget i Dusjanbe, eller å få flytte inn til nokre av informantane, så eg budde i ein leilegheit aust i byen med om lag ein halv times reiseveg til informantane sin bydel.

Det var i alle hushald kvinnene som var mine primærkontaktar. I Dusjanbe var husa og hagane små, med som regel to rom, og kvinnene opphaldt seg svært mykje inne på sine tomter og mykje meir innandørs enn dei i sør. I sør var derimot kvinnene også mykje meir også utanfor hagane sine, utanfor *havli*. Denne forskjellen danna ulike mogelegheiter for deltaking og observasjon på dei to ulike typar stadane. I Dusjanbe vart nærmast all tida brukt til å sitje inne i dei små husa og prate. I Sør var det også mykje tid til å sitje og prate, der mest utandørs, men i tillegg var det fleire folk som bevegde seg rundt tuna, og generelt meir aktivitet og fleire folk involverte i aktivitetane. Dette gjaldt både for kvinnene og mennene i hushalda. Dette har med talet på menneske som budde i hushalda, men også med føringar som ligg i skilnaden mellom små hus tett i tett i byen og større hagar i meir landlege omgjevnader. Medan det i Dusjanbe var slik at kvinnene sine ektemenn anten hadde lønna arbeid i byen eller opphaldt seg i utlandet, var det i sør fleire av mennene som var heime og ikkje hadde lønna arbeid eller berre hadde sporadiske og ustabile småjobbar. Dei brukte mykje meir tid i og rundt huset enn det som var tilfelle i Dusjanbe. Dette gjorde også at det daglege familielivet var ulikt i desse ulike nabolaga, og førte til at eg kunne gjere ulike observasjonar på dei to ulike stadane. Ved å delta i så ulike daglegliv fekk eg oppleve korleis familiesituasjon og husa sin lokalitet og samansetnad hadde betydning for informantane.

I eit feltarbeid der feltarbeidaren inngår i sosiale relasjonar vil det alltid vere etiske dilemma i forhold til framgangsmåtar for å skaffe data. Spenninga mellom det å søkje informasjon, observere

⁶ Sjå kart over Tadsjikistan i oppgåvas tillegg.

levde liv og få innblikk i relasjonar, for å skulle skrive om det i etterkant, kan stå i eit spenningsforhold til det å vere eit medmenneske. Likevel treng det ikkje vere ein motsetnad og ein umogelegheit å kombinere dette. Før og under feltarbeidet gjorde eg mange refleksjonar rundt det å potensielt vere ei belastning for andre menneske gjennom prosjektet mitt. Visse strategiar undervegs hjelpte meg i arbeidet med å unngå dette. Blant anna var det viktig å la samtalaner fungere på informantane sine premissar, så langt det let seg gjere. Det at eg deltok i informantane sine liv, ofte heile dagane, ser eg også på som eit vern mot å potensielt lage emosjonelle vanskar for dei. Ved å vere meir opptatt av verbale data enn det eg var, og ved å vere mindre tålmodig når det gjaldt å lære frå feltet etter kvart som tida gjekk, ville eg lettare ha risikert å gjere det vanskelig for informantane i etterkant av samtalaner - og i tillegg aldri ha noko mogelegheiter for å merkje det dersom eg berre hadde dratt frå dei etter å ha gjort ferdig intervju. Utanom det reint etiske her er det også eit poeng korleis samtalar, verbale data, i kombinasjon med observasjon av handling og sosial samhandling gjev breidde og djupne i datagrunnlaget, samanlikna med eit sterkt og einsidig fokus på verbale data.

Hovudsakleg bestod aktivitetane mine i å sitje, snakke, delta i matlaging og arbeid med jordbruk; alt medan uformell samtale føregjekk. Det var mange ting eg gjerne ville ha svar på frå informantane, og kvar relasjon bestod av spørsmål og svar, dialog og i det å verte kjend med kvarandre. Eg var svært bevisst på korleis spørsmål eg kunne stille hadde mogelegheita i seg til å trekkje fram traumatiske hendingar informantane hadde opplevd, hovudsakleg i samband med krigen. I kvar relasjon, og i alle augeblikk var eg bevisst på dette, og overvog difor kvart spørsmål eg ville stille om det var eigna. Slik hadde eg ei avventande haldning til det å få informasjon, og haldt ofte attende spørsmål eg måtte ha svar på slik at informantane kanskje ville gje meg denne informasjonen på ein annan måte enn den i nokre tilfelle «unaturlege» måten som spørsmålsstilling kunne vere mellom meg og informantane. Slik vart dette ein del av min metode: å halde nokre av spørsmåla mine i bakhovudet, hugse på dei til seinare, og håpe på at informantane sjølv skulle overraske meg med sine meir spontane innfallsvinklar til tema, og ved det gje meg innsikt gjennom at *dei* fortalde *meg*, men utanfor min bestemte rekkjefølgje (Wikan 1996). Likevel ligg det i temaet minne at det vil vere informasjon ein berre kan få gjennom samtale, altså verbale data. Dei to fyrste og dei to siste månadane fekk eg hjelp av ein kvinneleg, 23 år gammal student til å oversetje på ein del av heimebesøka eg var på. Dei to midtarste månadane av feltarbeidet arbeidde eg utan henne⁷. Ho var til god hjelp når det gjaldt å møte menneske på ein måte som fekk dei til å kjenne det godt å ha oss

⁷ Meir om språk og bruk av oversetjar seinare i kapittelet.

der, spesielt i den fyrste tida Dette meiner eg i større grad gjorde det moralsk forsvarleg å leggje opp til samtaler om fortida som for nærmast alle informantane inneheldt vanskelige hendingar i tilknytning til krigen og flukta, og tapa knytt til desse erfaringane. Wikans oppfordring til å ha ei tålmodig haldning til det ein undrar seg over og gjerne vil spørje om, er i seg sjølv eit verktøy i møte med sensitive tema, som også i møte med ikkje sensitive tema (ibid.).

Antropolog Karin Harsløf Hjelde er opptatt av metodiske framgangsmåtar og etiske dilemma knytt til menneske som har gjennomgått traumatiske hendingar i livet. Ho skriv at ein aldri kan vite sikkert kva som vil vere vanskelig for informantane, og at problem som kan oppstå er at ein ved å framkalle minne hjå personar kan ein vere med å utløyse psykiske lidningar. Likevel, skal ein vere lamma og unngå studium knytt til sensitive tema av den grunn? Ho trekkjer fram førehandsreglar ein kan ta, og ho åttvarar mot ugjennomtenkt bruk av intervju som metode, spesielt knytt til personar med flukterfaringar. Formelle samtalar i det heile kan vere vanskelig for nokre, i ein del tilfelle på grunn av tidlegare erfaringar som har vore traumatiske (Hjelde 2004). I mitt felt var det interessant korleis informantane kunne veksle mellom å uttrykkje at tema var uproblematiske å snakke om, og det at det var svært vanskelig og tungt. Fleire sa at *"eg vil ikkje hugse, men heller gløyme alt som har skjedd"*. Ein sa *"å snakke om dette er som å rive av skorpa på eit sår. Det byrjar å blø igjen"*. Ein annan informant sa *"dette er veldig vanskelig å snakke om, men eg vil at du skal få vite"*. I fleire tilfelle kunne personar snakke om dei same tema på eit anna plan, som at det var ganske så enkelt å snakke om. Gang på gang opplevde eg at personar henta fram minna sine, at minna uansett låg under overflata, klare, detaljerte og bevarte. Nokre uttrykte også at det var godt å snakke om dei vonde minna. At dei veldig sjeldan pleidde å snakke om det, og at det var "sunt" for dei å ikkje gløyme det som hadde skjedd i fortida. Uansett, med mine introduksjonar av meg sjølv, om at eg var der for å lære om "livet her, og historia", viste eg eit ønske om at dei skulle fortelje meg om sine erfaringar både på godt og vondt. Med dette "presset" medfølgjer det ansvar, og eg kan berre håpe på at mi framferd gjorde meir godt enn vondt for dei involverte, og at ingen følte at dei ikkje hadde eit val om å la vere å opne seg.

Same problemstillingar kan overførast til familieliv og ekteskap. For mange av informantane innebar desse tema også svært vanskelige minne og erfaringar, som vald, tvang og tap. Likevel var det noko som var annleis med dette. Informantane var dei som tok opp desse tema, og bretta dei opne for meg frå dag ein. Slik ser ein korleis eg hadde andre førestellingar om kva som var privat enn det dei hadde, og korleis slike skilnader kan vere med å utgjere etiske utfordringar i antropologisk metode: det kunne vore omvendt, at eg tenkte at eit tema hadde stor openheit rundt seg medan det med

deira praksisar og førestillingar var svært privat. Slik var det då altså ikkje når det handla om familierelasjonar.

I tillegg til observasjon og uformell samtale gjorde eg intervju med tilsette i fleire NGOar⁸ som har arbeid og arbeider blant dei tilbakevendte flyktningane. Dette gjorde eg for å få bakgrunnsinformasjon om det hovudinformatane opplevde under og etter krigen på 90-talet, som kunne supplere skrivne oppgåver og rapportar om emnet. Då stilte eg spørsmål angående dei aktuelle organisasjonane, UNDP, IOM, SFL⁹, sine aktivitetar i Khatlon første del av 1990-talet, og om dei hadde tankar kring aktuelle spørsmål som eg hadde. Ein annan viktig kontakt med ein NGO var den kontakten eg fekk med leiaren for ein «kvinne-NGO» utanfor Kurghan Teppa. Ho fungerte som inngangsport til delar av feltet ved å introdusere meg for ei gharimi kvinne, som tok i mot meg med opne armar, og som igjen let meg bli kjend med hennar slektningar og naboar. Utan felles kjende ville det i Tadsjikistan vore vanskeligare å få gode uformelle relasjonar, så slik kan det å bli introdusert av nokon sjåast som eit viktig metodisk grep i forhold til tilgang til feltet.

Angående teknikkar i forhold til korleis oppgåva er skriven vil eg forklare kvifor eg har vald å skrive skildringar frå feltet i fortidsformar, og ikkje i eit konstruert såkalla "etnografisk presens". Ein kan tenkje seg at lesarar ville få eit anna forhold til feltet og informantane dersom skildringane var skrivne i presens, i retning av at observasjonane ville virke meir "tidlaus". Ei slags tidlaus notid ville skine gjennom skildringane. Likevel - ved å skrive i fortid kan lesaren i større grad få ei kjensle av at feltarbeidaren har gjort ei reise, og i ettertid skildrar denne, og kanskje med det tenke at informantane og feltet er "der borte", "ein annan stad", og med det kjenne feltet som noko fjernt. Min intensjon med å skildre observasjonane og informantane i fortidsformar er ikkje å gjere informantane og feltet meir "andre" enn naudsynt. Snarare er det slik at feltet og informantane for meg som feltarbeidar og menneske står nært. Eit ønske er at også lesarane kan få eit slags nært forhold til personane i teksten. Det eg vil oppnå med å skrive i fortidsformer er først og fremst at min posisjon blir tydelig i teksten, ved at eg som feltarbeidar kom inn i ein sosial samanheng, eit samfunn, som på mange måtar var ny for meg og annleis enn dei eg var kjend med frå før. Eg vil også oppnå at det kjem tydelig fram korleis informasjonen som ligg til grunn for oppgåva faktisk vart erverva, noko eg meiner kan verta tilsløra gjennom eit kunstig presens. Fortidsformer kan også gje meir nærleik til feltet, noko som gjer at det er tydelig at feltarbeidet er gjort på ein konkret stad, i

⁸ NGO= Non-governmental organizations, (ikkje-statlege organisasjonar).

⁹ UNDP= United Nations Development Program (FNs utviklingsprogram). IOM: International Organization of Migration. SFL: Shelter For Life

eit konkret tidsrom, og med det gjer det tydelig at det er konkrete menneske det vert skrive om. Analyse og abstraksjonar av empiri som vert presentert i fortidsform kan likevel vere vel så interessante og relevante for andre enn dei som er interessert i region og tid, og like godt vere eigna til komparasjon; abstraksjonane og analysane vert gjort, men med tydelig forankring i feltarbeidet som datagrunnlag.

I Noreg har det ikkje vore borgarkrig, tap av menneske i konflikt eller masseflukt slik som i Tadsjikistan. Likevel er det mange som har emosjonelle vanskar i Noreg. Det er også relevant i forhold til det å ha valfridom. Jamvel om ein kan velje sin eigen ektefelle i Noreg i mykje større grad enn i Tadsjikistan, er det ikkje slik at i Noreg finst det fullstendig valfridom når det kjem til dette. Det finst i alle samfunn normer, reglar, sosiale forventningar til handlemåte som er med å regulere menneskes handlingar og med det også val. Det er heller aldri slik at ein, i noko som helst samfunn, kan velje ut frå uendelige mogelegheiter. Det finst i alle samfunn mengdevis av avgrensingar når det kjem til enkeltmenneskes og grupperes valmoglegheiter. *"Som om amerikanske kvinner tar meir val vedrørande klede enn det afghanske gjer"* skriv antropologen Lila Abu-Luhgod i sin artikkel *"Do Muslim Women Really Need Saving?"* (2004). Kanskje konkret samanlikning av ulike samfunn slik Abu-Lughod gjer i artikkelen sin kan vere med å gje nye innsikter i eige samfunn. Kanskje ein vil gjennom det kunne sjå valfridomens mange kulturelle illusjonar tydeligare. Likevel, enn kor interessant komparative studium er, så er dette ei oppgåve om familieliv i Tadsjikistan, med utgangspunkt i feltarbeidet derfrå, og vil difor fokusere på røynda der og ikkje andre stader som til dømes Noreg. Eit håp er at utan direkte komparasjon vil skildringar og abstraksjonar frå eit anna samfunn vere med å gje nye refleksjonar kring eige samfunn, og kanskje sjå fleire likskapar mellom "oss" og "dei" enn ein ser skilnader.

Språklæring og bruk av oversetjar

Det var viktig for mi forståing av informantane at eg var i språklæring under feltarbeidet. Språklæring kan sjåast som ein strategi til innsikt i andres livsverd, noko som kan knytast til teori om oversetjing, frå ein kultur til ein annan. Likevel var det eit mål å prøve "å gå bak orda". Poenget er ikkje at språklæring ikkje er viktig, og at mangel på felles språk ikkje kan få konsekvensar. Poenget er snarare at felles språk ikkje naudsynt gjev ei "korrekt" forståing av andre menneske. At det språklege har avgrensingar, at ord er noko menneske brukar, som for å produsere verknader, oppnå noko, heller enn at orda gjev meining og forklarar seg sjølve (Wikan 1993). Dette kan verkje sjølvstøtt, men det får implikasjonar når det kjem til å forstå andre menneskes livsverder, og når det gjelder å *møtast*, feltarbeidar og informant. For at eg kunne møte informantane, kjenne gjenklang mellom meg og dei, var det ikkje avhengig av kor mykje språk eg hadde lært meg, men snarare meir

avhengig av korleis eg og den enkelte klarte å byggje ein relasjon, få ein kontakt. Det var sjølv sagt slik at også i møte med dei menneska eg aldri fekk ein nær relasjon til gjorde eg interessante og viktige observasjonar, men å basere meg berre på desse forholda ville ført til ei anna og meir overflatisk forståing av liva til informantane. Intimitet og tillit kan vere ein viktig veg å gå når ein ønskjer å forstå korleis andre menneske opplever sin livssituasjon, og spesielt dei daglege relasjonane dei står i.

Eg erfarte at det å vere i ein språklæringsprosess gav heilt spesielle relasjonar til fleire av informantane. Nokre av dei kjende på ansvar, og entusiasme, over at eg skulle lære deira språk. Ein annan fordel var at med kvar enkelt informant, spesielt hovudinformatane, oppstod det etter kvart spesielle forhold mellom meg og dei ved at dei visste kva eg forstod og kva eg ikkje forstod; og slik fekk vi på ein måte våre eigne språk som vi delte. Dei kjende ordforrådet mitt undervegs, og prøvde å gjere alt for at eg skulle forstå det dei ville fortelje, og for å forstå det eg ville fortelje. Dette igjen bidrog til å styrke relasjonen mellom meg som feltarbeidar og dei som informantar. Ei forklaring på korleis desse relasjonane fungerte gjennom språklæringa er korleis det å snakke saman, eller det å kommunisere i det heile, spesielt når det er avgrensingar i ordforråd, består av eit samarbeid mellom partane som kommuniserer. Det krev tålmod, vilje og krefter frå den som *kan* språket, og med det ein relasjon som er bygd på eit ønske om å forstå kvarandre.

Det var viktig for meg å nytte oversetjar i tillegg til eigen kommunikasjon med informantane. Kontakt med og utan oversetjar utfylde kvarandre i forhold til kva type informasjon og observasjonar eg fekk, så eg sørgde for at eg fekk tilbrakt tid saman med dei aller fleste informantane og hushalda både med og utan oversetjar. Oversetjaren var ei 23 år gammal kvinne, Sarina, og ho var med meg nokre dagar i veka i to periodar, dei to første månadane og dei to siste månadane av feltarbeidet. Ho kjende ikkje informantane personleg på førehand. Ho tilhørde ei anna regional gruppe enn informantane, frå vest-Tadsjikistan, og var også halvt uzbek¹⁰. Med dei betydingane regionalitet og etnisitet hadde i Tadsjikistan var ikkje hennar tilknytning eit problem for informantane. Møta mine med hovudinformatane bestod utelukkande av uformelle treff. Både eg og Sarina var gjestar (*mehmon*) hjå informantane, og ho fungerte som meir enn berre ein oversetjar. Snarare var ho ein assistent og ein ven, både for meg og etter kvart også for enkelte av dei kvinnelege informantane. Ho var ein inngangsport for meg i feltet, ved at ho kunne gje dei svar på alt dei lurte på om oss, men også ved at ho hjalp meg i kommunikasjonen med dei, noko som

¹⁰ Uzbek er den nest største etniske gruppa i Tadsjikistan etter tadsjik. Forholdet mellom desse gruppene er sterkt innnevde i store delar av landet, med ekteskapsinngåing på tvers av gruppene. Ein stor prosent av befolkninga er tospråklege og kan snakke og forstå både uzbek og tadsjik. Likevel kunne berre nokre få av informantane snakke uzbek.

var heilt naudsynt i starten. Ho var ein inngangsport også i den forstand at alle informantane likte ho veldig godt og med det opna seg opp for ho i mange tilfelle. Det var lettare å fortelje til ho enn til meg sidan ho skjønnte alt dei sa. Slik var Sarina på eit vis også ein feltarbeidar, og med sitt eine semester med sosialantropologistudiar hadde ho innsikt i kva eit feltarbeid gjekk ut på.

Ein kan seie at ein alltid vil gå glipp av mykje informasjon og observasjonar ved å ikkje kunne snakke informantane sine språk flytande. Likevel vil eg løfte fram fordelane som ein har når dette ikkje er tilfelle. For å få med seg mykje av kva som skjer rundt seg på feltarbeid er det viktig å kunne kunsten å observere. Mangel på språk kan vere ei sosial avgrensing i verbal forstand, noko som gjer at andre sansar og andre kommunikasjonsmiddel vert sterkare aktivert enn elles. Slik opplevde eg, spesielt dei første månadane, at sansar vart skjerpa både til å observere og kommunisere.

Informantar

Presentasjon av hushald¹¹

Dusjanbe

I utkanten av Dusjanbe budde Zebo og Shukurona, to av mine hovudinformantar. Dei kjende ikkje kvarandre, men budde i same område berre nokre minuttar frå kvarandre, med to gater og to rekkjer av hus mellom seg. Det var her feltarbeidet starta i januar 2007, i eit stort nabolag lengst sør i Dusjanbe, hovudstaden i Tadsjikistan. I denne delen av byen, bestående utelukkande av små, låge eittetasjes hus, var det mange som var tilflyttarar frå andre delar av landet. Tilflyttinga frå distrikta til Dusjanbe under og etter krigen var generelt høg, og i den sørlege delen av byen var det overrepresentasjon av folk frå det sørlege fylket Khatlon, samt overrepresentasjon av flyktningar, *gresaho*¹². Likevel var dette eit nabolag prega av mangfald og kompleksitet når det kom til regionalt tilhøyre, hushaldsstruktur og arbeidssituasjon. Av desse grunnane fann eg at det var eit godt eigna område å leite etter kontaktar. Ein organisasjon i Dusjanbe som har eit samarbeid med Flyktninghjelpen, tipsa meg om å kontakte ein kvinneleg lege som budde i denne bydelen. Ho hadde arbeidd med å hjelpe flyktningane som kom til bydelen på 1990-talet, og tipsa meg og Sarina om å bli kjend med kvinner i visse gater. Slik starta kontakten med Zebo. Vi stod i ei av gatene, med den kvinnelege legen, og ho sa: "no kan de jo bli kjende med desse damene", så gjekk ho. Sjenerte som vi var stod vi og prata i gata, men fann ut at det berre skulle gå nokre minutt før vi vart inviterte inn

¹¹ Sjå oversikt over fire av hushalda i oppgåvas tillegg.

¹² Folk kalla kvarandre, og eventuelt seg sjølve, for *gresaho* dersom dei flykta ut av landet under krigen.

i eit av husa til denne nabo- og venninnegjengen. Etter den dagen vart det tallause dagbesøk til dette nabolaget.

Zebo var 30 år gammal. Ho var slank, veldig vakker med fregner i ansiktet og gravid i sjuande månad. Magen var ganske godt skjult under dei vide kjolane, *kurta*, som ho hadde på seg. Jamshed, mannen til Zebo, var 41 år gammal, og far til hennar to barn på tolv og fire år. Amir, ein gut på tolv, og Jasmina, jenta på fire. "Far til Amir", som Zebo kalla mannen sin, arbeidde på ein bilverkstad nokre minutt med bil inn mot byen. Hans eigen bil var det mange år sidan hadde virka. Han stod utan hjul ute i den vesle hagen deira, så han tok buss og drosje til arbeid og marknad. Både Zebo og mannen hennar budde i Shartuz før sovjetunionen tok slutt og krigen starta. Zebo flykta til Afghanistan saman med foreldra, søsken og noko øvrig familie i 1992. Alle på den sida av byen gjorde det i følgje Jamshed. Han sjølv, som budde nord i Shartuz, drog til Dusjanbe i 1992 og busette seg der. Han var gift og skild to gongar før han gifta seg med Zebo i 1993. Etter dei hadde vore gift nokre år gifta han seg med ei anna kvinne i tillegg til Zebo. Ho budde ei gate frå Zebo, og Jamshed veksla mellom å ete og sove i dei to kvinnene sine hus. Han hadde eit nøkkelknippe med nøklar til begge husa. Zebo si mor budde framleis i Shartuz. Foreldra til Jamshed var døde, og han hadde lite kontakt med sine resterande slektningar, noko han meinte var fint for Zebo, så ho slapp å forholde seg til ei heil slekt. Dei første månadane av feltarbeidet var eg fleire gongar i veka hjå Zebo, anten samen med Sarina eller aleine, ofte med naboar på besøk. Ein av dei nærmaste naboane, Shahnosa, var oftast innom. Slik vart Zebo ein viktig person gjennom heile feltarbeidet, heilt frå starten.

Shukurona var ei kvinne i midten av førtiåra, med mange skinnande gulltenner som viste når ho smilte. Ho budde saman med dei tre barna sine, svigermora si, Bibi, og av og til budde ei av svigerinnene hennar, med dottera si, der hjå dei. Ho hadde to døtrer, ei på elleve og ei på ni, og ein son som var fire. Mannen til Shukurona arbeidde i Kasakhstan, og var for det meste der. Han kom attende til Tadsjikistan i mai, og skulle vere heime på ubestemt tid. Shukurona og mannen kom til Dusjanbe saman med ein del andre familiemedlem og folk frå landsbyen sin i 1992. Dei kom frå ein landsby utanfor Kabordion, ein by sørvest for Kurghan Teppa i Khatlon fylke. Dei første to vekene budde dei på det då overfylte Dusjanbe Hotell, og etter det flytta dei inn og ut i overbefolka leilegheiter i byen i eit par år. Dei var glade då dei fekk kjøpt seg eit hus sør i byen. Mora til Shukurona, og hennar familie, hadde også fått tak i eit hus i nabolaget, noko Shukurona var veldig glad for. Ho besøkte mora og brørne sine nesten kvar dag, som regel tidleg om morgonen.

Kurghan Teppa

Resten av informantane, og med det fleirtalet, budde tolv mil, rundt halvannen time med bilkøyring, sør for Dusjanbe, i ulike landsbyar like utanfor byen Kurghan Teppa retning Bokhtar, i det frodige og

varme fylket Khatlon. Den første personen eg blei kjend med der var ei eldre kvinne som heitte Muhniso, samt resten av medlemmane av hennar hushald, på til saman ni vaksne og seks barn. Etter som eg brukte meir og meir tid hjå dei blei eg også kjend med dei to døtrene hennar, Shahlo og Alia, som budde i området, samt fleire av slektningane og naboane hennar. Muhniso og mannen, Bobo, kan ein trygt seie var hushaldet og slekta sine overhovud. Dei hadde, som kvinneleg og mannleg eldste, ansvar for ulike område av livet på tunet. I tillegg til dei to budde dei fire sønene deira der saman med dei, tre av dei var gift og hadde barn. Eldste sonen arbeidde i forsvaret og var ein del på reise med jobben, men var den som etter planen skulle overta tomte etter foreldra sine når den tid kom. Nest eldste son, Iskandar, studerte i Dusjanbe og budde der med ei av dei eldre søstrene, og var heime hjå familien og kona si berre av og til i helgene. Nest yngste son, Parviz, hadde tidlegare arbeid ei stund i St. Petersburg, men var under heile feltarbeidet på heimeopphald og hadde lite å gjere til dagleg. Yngste sonen, Sharaf, var 19 år og hadde enno ikkje gifta seg. Han budde heime hjå foreldra, og brukte til dagleg mykje tid saman med svigerinnene sine. Alle tre svigerinnene hans budde i dette hushaldet. Gauhar, mor til tre og 30 år gammal. Farangis, mor til to og 25 år gammal, og Aziza, som var 21 år og mor til ein gut. Det var ni vaksne og seks barn til saman i huset. Huset var oppdelt med tre inngangar, og hadde eigne rom eller "avdelingar" til dei ulike kjernefamiliane. I tillegg til dei fire sønene hadde Muhniso fem døtre. To av dei budde i nærleiken og var ofte innom på tunet, ei var nygift og budde eit stykke unna, medan ei budde i Dusjanbe og ei i Russland. Eg brukte også mykje tid, både dagtid og på overnatting, heime hjå døtrene Alia og Shahlo som budde i nærleiken. Til trass for at dei var "gifta bort" var desse kvinnene, med sine ektemenn, ei slags forlenging av hushaldet i og med at dei kom innom tunet veldig ofte.

Berre fem minutts gange frå Muhniso sin havli budde eldste dottera hennar, Shahlo. Ho var 45 år gammal og svært ungdommeleg av seg, samtidig som ho på fleire måtar var trøtt av livet. Ho sa ho ikkje klarte å sjå så mykje framover i tid. Ho hadde "*ei nydeleg lita jente*" som døyde i ei ulykke året før, og etter det hadde ho ikkje klart å vere særleg glad. Ho var i sorg. Mannen hennar var lastebilsjåfør og arbeidde for det meste i Dusjanbe. Saman hadde dei fire søner, tre av dei var mellom 19 og 25 år gamle og han yngste berre ni. Dei tre yngste var heime heile våren 2007, medan han eldste arbeidde i Samara sør i Russland. Alle dei tre eldste hadde arbeid ein del i Russland som tømrrarar. Eldstemann skulle sommaren 2007 kome heim derfrå, etter å forhåpentlegvis ha tent seg nok pengar til sitt eige bryllaup og brurepris for si komande brur som mora heldt på å skaffe¹³.

¹³

Brurepris var utbreidd praksis.

Sønene som var heime heldt på å byggje på eit hus nummer to på tomta deira. Dei trong meir plass enn dei to romma dei hadde når familien skulle utvidast.

Veslesøstera til Shahlo, Alia, budde om lag 20 minuttss gange frå søstera og foreldra, i eit anna nabolag, ein annan landsby (*khisjlok*). Ho budde i lag med mannen sin, Khurshed, og deira fire barn. Alia hadde mykje arbeid, både på bomullsjorda og heime. Til trass for det tunge arbeidet var ho opptatt av å sjå velstelt ut og passa på å sminke seg når ho skulle av garde på noko. Khurshed og dei to eldste barna deltok ein del i arbeidet i havli, til dømes med reinhald, innhausting i den vesle åkeren og stell av kua. Dette letta arbeidsbyrden noko for Alia. Dei hadde to hus på tunet sitt. Eit som stod ferdig bygd to år før eg kom dit, og eit lite og gammalt eit. På dagtid var dei alle for det meste samla i det vesle huset, og dei brukte nærmast berre tid i det nye toetasjes huset om natta når dei sov. Under krigen var Alia og Khurshed i Afghanistan saman med Muhniso og Bobo.

Ein av naboane til Alia heitte Nargis, og var ei aldrande, men livssterk og utadvendt kvinne. Ho nærma seg seksti år, mangla mange tenner, og sa sjølv at ho hadde hatt det tøft i livet. Spesielt frå 1992 då krigen starta. Sidan mannen hennar døydde under krigen, og ho ikkje hadde noko kontakt med hans slektningar, var åra etter krigen spesielt vanskelige for ho, slik det var for alle kvinner som ikkje lenger hadde ein mann i familien sin. Fattigdommen var under og etter krigen stor i Khatlon. Ho budde saman med den fråskilde dottera si, barna hennar, og ei anna kvinne ho ikkje var i slekt med. Av og til var også sonen hennar heime frå Russland, og frå juni 2007 flytta også den nye, unge kona hans inn i hushaldet. Dei hadde to hus på tunet, og Nargis var svært glad for at dei hadde fått til å byggje eit hus til så dei hadde litt betre plass. Dette var eit av mange "kvinnehushald" i Tadsjikistan. Og det var ikkje tilfeldig at det var nettopp der eg vart kjend med fleire av dei kvinnelege naboane i gata deira. Med menn i hushalda måtte nemleg kvinnene som regel vere sikre på at det ikkje var menn heime når dei kom på besøk. Sonen til Nargis var i byrjinga av tjuetåra og vart ikkje rekna som "mann" i denne forstand. Kvinnene behandla han meir som ein gut (*badtsja*). *Altså* sleppte kvinnene å tenkje over kven som var heime og ikkje hjå Nargis, noko som gjorde hennar havli til ein viktig møteplass for kvinnene i nabolaget.

Over har eg kort presentert medlemmane av dei seks hushalda eg brukte aller mest tid i. Likevel vil det dukke opp andre personar enn desse i oppgåva. Det er for å belyse noko av mangfaldet i observasjonar som ikkje desse kan gjere. Dette kapittelet har gjeve ein introduksjon til oppgåva, og ein smakebit på kva oppgåva omhandlar. Neste kapittel vil innehalde mindre av mine ord og fleire av informantane sine, og gjev bakgrunnskunnskap i form av det eg kallar erfaringskontekst for feltet.

Kapittel 2: Erfaringskontekstar

Dette kapittelet gjev innblikk i nokre av dei sentrale tema som gjev bakgrunn for å forstå Tadsjikistan og gruppa gharmi som felt. For alle informantane var spesielt hendingane under borgarkrigen sentrale når dei såg tilbake på liva sine. Sovjettida og tida etter fredsavtalen var også viktige for dei, og representerte saman med krigstida tre viktige epokar slik dei tenkte om det. Eit før, eit under og eit etter krigen, men kanskje mest av alt eit før og etter Sovjetunionen. Kapittelet ser bak i tid, men gjennom det også framover.

Tadsjik i Sentralasia

Tadsjikistan i Sentralasia grensar til Kina i aust, Kirgisistan i nord, Usbekistan i vest og Afghanistan i sør¹⁴. Omgrepet «tadsjik» vart under tyrkisk innvandring til området og gjennom lang sameksistens med fleire grupper i det dåverande Turkestan, nytta for å skilje dei persisktalende frå dei tyrkisktalende gruppene (Harris 2006:21). «Tojik» er det emiske omgrepet, det omgrepet informantane brukte, på den persiske dialekten som vert snakka i Tadsjikistan. Språket er ein del av det vestiranske, og ligg nær dei andre persiske hovuddialektane dari og farsi som er nytta i Afghanistan og Iran. Tadsjikar er slik knytt til resten av den persiske verda. Til trass for felles språk er det gjennom historia politiske årsaker til at det er distanse mellom Tadsjikistan, Afghanistan og Iran. Grensa mellom Afghanistan og Tadsjikistan, med ei brei elv som grensemerke, har vore grensa mellom Afghanistan og Sovjetunionen. Denne grensa gjorde sitt, og gjer det på ein del måtar enno, for å skilje etniske tadsjikar på begge sider av grensa. Slik er tadsjikar i Tadsjikistan sterkare knytt til dei ulike etniske gruppene i dei tidlegare Sovjetrepublikkane i Sentralasia. Likevel er det, og har heile tida vore, nokre band mellom tadsjikar på begge sider av elva. Det vart vist gjennom dei som flykta over grensa til Afghanistan på 30-talet på grunn av krig mellom «basmachi», ein tadsjik motstandsgerilja, og bolsjevikane, men også gjennom dei mange som flykta over grensa ved frambrøtet av borgarkrigen i 1992. I førsovjetisk tid var det som er dagens Tadsjikistan knytt til to Khanat; Khiva og Bukhara. Desse khanata kryssa dagens grenser for språk, etnisitet og landegrenser, noko som gjev forståing for at republikkgrensene vart danna på tvers av khanata, dåtidas khanats grenser (Whitlock 2003).

¹⁴ Sjå kart over Sentralasia i oppgåvas tillegg.

I 1924 vart Den Sosialistiske Usbekiske Republikk til, med Den Tadsjikiske Sovjetiske Republikken som eit underordna og autonomt område. Den Sovjetiske Tadsjikiske Republikk vart så gjort sjølvstendig i 1929. Det er ein stor minoritet av tadsjikar i Usbekistan, og usbekar er den største gruppa i Tadsjikistan etter tadsjikar. Trass i tradisjon for handelsverksemd og reiser, jamfør silkevegen, har dei fleste sentralasiatar vore sterkt stadbundne, og kanskje spesielt innanfor Tadsjikistans grenser sidan landet består av om lag 95 prosent fjellområde. Fjell og dalar er viktige geografiske hindringar mellom ulike stadar og område. Størstedelen av tadsjikar har ein jordbrukstradisjon, som kan vere deler av årsakene til sterk identifisering i lokalsamfunna, snarare enn eit sterk nasjonaletnisk tilhøyre. Med sine 75% er Tadsjikistan det landet av alle dei tidlegare Sovjetstatane som har størst del av befolkninga buande i rurale strøk. Dette kan vere ei av årsakene til ei relativt open grense mellom dei to etniske gruppene, og at dei stadtilknyttane gruppene, det eg kallar regionale grupper (Shapoatov 2004)), har stor relevans for identifisering i dag. Eit anna eigna omgrep for desse gruppene er solidaritetsgrupper (Orestis 2003). No vil eg derimot gå vidare med fokus på dei ulike regionale gruppene og dei komplekse betydinga av desse.

Vatan

"In Vatani mo!" (det er heimstaden vår) sa Muhniso til barnebarnet sitt om byen Gharm. Ho ville lære han at jamvel om han ikkje hadde vore der, og om han kanskje aldri kom til å dra dit, så var det likevel også hans Vatan. Vel så viktig som gruppeskilje basert på språk og etnisitet var altså skilnadane basert på regionale (klan) og lokale tilknytingar. Det er vanleg å dele landet inn i fem klanar, og ein kan etter det også halde fram gruppeinndeling i mindre einingar etter stadtilknyting. *Pamiri, sughdi, gharmi, kulobi og hissori* er dei største gruppene. *Pamiri* er befolkninga med tilknyting til den austlege delen av landet, Det Autonome fylket Badakshan¹⁵, *sughdi* befolkninga i nordområda i Fergana dalen og rundt byen Khodsjand, *gharmi* med tilknyting til Karategin; ein brei dal som strekker seg frå det sentrale låglandet mot dei høge fjella i aust og går i fjellovergangar over til Pamir. *Kulobi* er dei med tilknyting til ein stor og gammal by søraust i Khatlon fylke, og til sist *hissori*, som er dei med tilknyting til Hissor som er ein historisk handelsstad vest for Dusjanbe i retning den usbekiske grensa (Shapoatov 2004). Tadsjikistan er inndelt i fire fylke, etablerte etter at landet blei sjølvstendig, noko som kan sjåast på som eit ledd i å handsame dei regionale skilja som har vore viktige i fortida. Khatlon var tidlegare to fylke: Kurghan Teppa og Kulob (ibid.).

¹⁵

På tadsjik: Viloyati Mukhtori Kuhistoni Badakhshon og engelsk: Gorno-Badakshan Autonomous Oblast.

Mine hovudinformantar var som nemnd gharmi, som har si tilknytning til Karategindalen rundt den viktige opposisjonsbyen Gharm. På 1930-talet byrja det i Tadsjikistan, i likskap med mange andre stader i Sovjetunionen, store flyttingar av grupper. Dette skjedde både friviljug og ved tvang, og dei aller fleste som flytta gjorde det frå fjellområde til lågland. Mange vart flytta frå Karategin til det sørlege låglandet, Khatlon fylke. Khatlon er det mest fruktbare området i landet, og vart det viktigaste området for effektivt jordbruk, med både husdyrkollektivgardar og bomullsproduksjon. Dei som vart flytta til dette området opplevde ein stor overgang frå fjellområda i form av klimaskilnader. Til trass for både tvang og liding vart desse fjellfolka sentrale i kollektivgardane, noko som igjen var viktig for landet sin økonomi. I Sovjettida levde folk i Khatlon med ulike regionale tilknytningar nokre stader saman, medan kollektivgardar og landsbyar andre stader utelukkande bestod av folk som hadde flytta frå visse område. Slik vart desse gruppetilhøyra bevarte gjennom Sovjettida og vart viktige ved krigsframbrøtet i 1992.

Ved nokre anledningar viste informantar at dei hadde sterke stereotypiar om kulobi. *"Såg du korleis ho oppførte seg? Skjønnar du no kva eg meiner?"* spurde Shahlo meg etter ho hadde hatt heimebesøk av ein kvinneleg lege. *"Såg du kor avslappa og frekk ho var? Ho er kulobi! Det var sånn eg meinte dei er"*. Sjølv var Shahlo gift med ein kulobi. I følgje ho var han ikkje frekk, men han var avslappa og dum. Det knytte ho også til hans kulobitilhøyre, og la til at heile slekta hans også var sånn. Dei tok seg til rette og kom på besøk akkurat når dei ville. Aldri hadde dei med seg noko heller, men berre forventa at ho skulle lage mat og stelle heile dagane dei var der. *"Nei, betre om dei let vere å kome, også heile den lange vegen frå Danghara"*. Andre omtalte også kulobi som frekke og uhøflege, og jamvel om det i ein del tilfelle vart forsøkt underkommunisert så var det eit slags uvenskap mellom medlem av desse gruppene.

Borgarkrig

"In 1992 the monopoly of Sughd leadership was challenged by the southerners who demanded more opportunity for political representation. These challenges intensified in time and finally resulted in the Civil War" (Shapoatov 2004:67).

Sughdi sitt monopol på politisk makt og det tette forholdet nord-Tadsjikistan hadde til Moskva heilt frå tidleg på 1900-talet til 1990, gjorde at resten av landets befolkning ønska meir politisk makt då det 9. september 1991 vart bestemt at Tadsjikistan var blitt ein sjølvstendig stat. At det braut ut borgarkrig i 1992 hadde fleire og samansette årsaker. Regionalisme, religion og eksterne faktorar kan nemnast som tre av dei viktigaste forklaringane (ibid.). Rekruttering i maktspelel skjedde langs

med tilhøyre til stad og grupper, og det var snart slik at dei ulike regionale gruppene representerte ulike politiske posisjonar og parti, til trass for ei heller svak politisk orientering i utgangspunktet. Fokuset i maktkampane under krigen gjekk raskt frå å handle om *kva type* politisk innverknad ein skulle ha, til *kven* som skulle få politisk innverknad. Trass i at gharmi tidlig skulle bli kjende som "islamistiske" og kulobi som "kommunistiske", betydde ikkje det at det var noko som gjenspegla gruppene i stor grad. Det viste seg at kulobi- og gharmitilhøyret var sterkare enn alle politiske og religiøse samlande og splittande posisjonar. Kulobi og gharmi sine skilnader og kimar til konflikt verka på kvarandre med eskalerande effekt. Konfliktnivået auka ettersom kontakten mellom dei to grupperingane auka, noko som vart spesielt tydelig gjennom demonstrasjonane i Dusjanbe første halvdel av 1992. Gharmi og kulobi, hovudsakleg menn, vart rekrutterte til å komme frå bygdene inn til hovudstaden for å demonstrere mot kvarandre. Demonstrasjonane auka gradvis i intensitet, og var med på å utløyse krigshandlingane. Informantar sa dei følgde med på radio og nokre på tv korleis demonstrasjonane utvikla seg og eskalerte. "*Heile landet satt nervøse framfor radioane dei vekene*" var det ei som sa.

Det er interessant korleis krigen starta, men vel så interessant korleis den enda. Gruppers fiendskap tok til, men dei vart også stansa. Rahmon og Nuri fekk på mange måtar æra for forsoninga som skjedde. Presidenten i Tadsjikistan gjennom seksten år, Emomalii Rahmon, var, slik eg tolka det, eit symbol for alle på korleis ein valds- og konfliktsspiral kan snuast. Han vart, trass i at han var kulobi, av mine informantar æra og respektert fordi "*han lagde fred*". Han gjorde uventa grep, som braut med det beståande, og leia slik landet ut av konflikten med perspektiv framover. Saman med opposisjonsleiaren Abdulloh Nuri representerte han ei atmosfære av tillit og gjensidig tilgjeving. Det er slik at det er eitt spørsmål angående kva som utløyste krigen og korleis den enda, men eit anna spørsmål er kva som haldt den i gang. Whitlock (2003) skriv at under krigen var det behovet for mat og andre primære materielle behov, som var hovudmotivasjonen bak plyndringar av kulobi / gharmi sine hus og heimar, ikkje i seg sjølv det at dei var fiendegrupper. Informantar fortalde også om korleis grupper av vaksne og ungdom, til og med barn, under krigen danna grupperingar der det einaste dei hadde for auga var å ta til seg så mykje som mogeleg av verdiar, og å øydeleggje mest mogeleg hjå andre, for å skaffe mat og liknande til seg sjølv og sine. Dei opererte ofte sjølvstendig, og stod lenge for folk som det farlegaste med heile krigen. Det var altså slike grupper, utan typiske politiske motiv, som heldt krigen i gong når den først var kome i gong.

Borgarkrigen tok til kort tid etter Sovjetunionens slutt. Slik informantane snakka om samfunnet og endringar i det, stod Sovjettida som ein epoke, borgarkrigen som ein annan og tida etter krigen var slutt som ein tredje. Dusjanbe har vore ein russisk dominert by, med til tider berre 30 prosent

tadsjik -innbyggjarar. Resten var immigrantar frå ulike delar av Russland. Byen vart bygd opp frå å vere ein liten landsby til å bli ein handelsby, med fabrikkar for bomulls- og silkeforedling (Shapoatov 2004: 60). Frå 1991 har byens russiske innbyggjarar i stor grad blitt erstatta med menneske frå ulike delar av landet, medan fleirtalet av russarane drog frå landet frå slutten av 1980 talet til starten av borgarkrigen. Slik vart Dusjanbe til ein ny type by under krigen, for første gang med ein majoritet av tadsjik befolkning.

Sovjetunionen tilstades i 2007

”Sigersdagen”, 9. mai, som markerer slutten på den andre verdskrigen vart feira stort i Tadsjikistan våren 2007. Det var ein av mange offentlege høgtidsdagar der mange tok på seg ein fine klede og spaserte i gatene. Bannarar vart hengd opp på bygningar og over gatene med påskrifter til minne om krigen og sigeren. Denne dagen var som ei påminning om Tadsjikistan sin del i Sovjetunionen. Russland var på feiringas tidspunkt så godt som fråverande i landet, bortsett frå nokre titals soldatar under utfasing frå grensa til Afghanistan. Politisk sett var heller ikkje russarar frå Russland representerte i Dusjanbe. Dei russarane som vart attende i Tadsjikistan etter sjølvstende, var på langt nær noko representantar for *Russland*, men snarare svært tilhøyrande og bufaste, og slik på mange måtar tadsjik utan likevel å fullstendig bli oppfatta som nettopp det . Med arbeidsmigrasjon til Russland vert tadsjigar ein del av Russland, og difor også Russland ein del av Tadsjikistan, men stadleg sett er det *der*, i Russland, møta mellom dei skjer. Slik var denne dagen hovudsakleg ei offisiell markering som minna om noko som hadde vore i fortida, sovjetunionen som var over, og verdskrigen som var over for meir enn seksti år sidan.

Til samanlikning var det 27. juni 2007 tiårsjubileum for borgarkrigens fredsavtale som vart underteikna i 1997, og markerte ein slutt på fem år med krig, ustabilitet og uro i Tadsjikistan. Mykje var likt mellom desse offisielle høgtidsdagane, men likevel var det skilnad på dei. Offentlege stader var også på denne dagen fylt av plakatar og bannarar, med påskrift om freden, nasjonen og ikkje minst om *Vatan*, ”heimlandet”, som har vorte forsøkt innført som eit sameinande omgrep for heile nasjonen. Nokre offentlege markeringar i dei største byane fann stad, i form av talar og ikkje minst det obligatoriske ved både private og offentlege tadsjikiske samankomstar; song og dans. Ein skilnad var korleis folk var mindre interesserte i å *feire* denne dagen. I det offentlege var sigersdagen prega av fest og feiring, medan det på fredsdagen i juni var færre som kom til offentlege stader. Ei mogleg forklaring på dette er korleis sigersdagen var eit ritual som hadde blitt ein innarbeidd tradisjon over mange år. Ei anna vinkling kan også vere at markeringa minna om noko som var lengre borte i tid, og difor hadde eit fjernare drag over seg, spesielt når det kjem til

lidinga som krigane representerte. Borgarkrigen sitt innhald var noko alle hadde nær kjennskap til gjennom eigne minne og erfaringar, og noko som ikkje var langt tilbake i tid.

Hovudpoenget mitt her er korleis begge markeringane skulle minne om noko som hadde hendt i fortida, men at hendingane hadde ulik karakter og var frå ulike epokar. Det er viktig å sjå desse markeringane først og fremst som noko praktisk og kroppsleg som skjedde i 2007, og som gjennom det får nye og fornya betydingar og meiningsinnhald for kvar gong dei vert repeterte (Connerton 1989). I 2007 var markeringa i mai eit slags pust av Sovjetunionen inn i det mange ville kalle det då "moderne og sjølvstendige" Tadsjikistan¹⁶. Fleire eg var heime hjå viste meg album frå tida mannen i huset hadde vore i militæret. Ein mann hadde bilete, og kunne fortelje om den obligatoriske militærtenesta han hadde utført i Sibir. Ein annan fortalde om ubåttrening ved Murmansk, og ein annan igjen om år i Ukraina. Bileta viste unge menn i like uniform, frå ulike stader i Sovjetunionen. Jamvel om desse personane var i militærteneste både to og tre tiår etter ("den store krigen") var dei del av ei rekkje "Sovjetmilitære". Denne rekkja er no avslutta då Tadsjikistan har sitt eige forsvar, og representerer med det eit brot med det russiske i Tadsjikistan og det tadsjikiske i Russland.

Emomalii Rahmon

Fredsavtalen gjekk blant anna ut på at «The Tajik Communist Party» og «Islamic Renaissance Party» skulle dele makt. Freden vart symbolisert gjennom desse partia sine leiarar Emomalii Rahmon og Abdulloh Nuri. Med dei ulike ideologiske bakgrunnane er dette noko unikt for regionen. Korleis kunne ei forlenging av det gamle kommunistpartiet og det islamske fornyingspartiet regjere saman? Riktig nok fekk aldri Nuri og hans parti særleg reell makt i landet, og har hatt vanskelege opposisjonsvilkår sidan kort tid etter fredsavtalen. Likevel er dette legaliserte islamske partiet det einaste i regionen, og står med det som noko unikt. Nuri døde av sjukdom i 2006, og fekk aldri same rolla som presidenten Rahmon som har behaldt posisjonen sin sidan 1994 fram til i dag.

«*Emomalii lagde fred*», sa Nargis, ei gharmienke i femtiåra, i ein samtale om kva ho hadde opplevd under og etter krigen. Ho viste til fredsavtalen som blei signert i juni 1997, der presidenten frå 1994, Emomalii Rahmon, var ein av hovudaktørane. Ved fleire høve høyrde eg personar rette takk til han for det han hadde gjort for at det skulle bli fred. Det vart ytra ei stor letting over at det vart fred, og ei landsbykvinne sa at dei i tida før fredsavtalen trudde at det «*aldri kom til å bli fred, men*

¹⁶ Mange skilde mellom "Sovjettida" og "det sjølvstendige" / "demokratiske", nye Tadsjikistan.

at det kom til å vere krig for alltid slik det er i Afghanistan». Emomalii fekk på mange måtar æra for denne freden. Det er ikkje usannsynleg at det at han vart sett på som ein fredsskapar var ein av dei viktigaste årsakene til at han haldt fram som president alle åra. *«Kva skulle vi gjort utan Emomalii?»* sa Nargis vidare. Det er noko som er spesielt interessant når det kjem til fredsprosessen og presidentens rolle. Presidenten var kulobi, medan alle mine hovudinformatarar var gharmi, medlem av dei to gruppene som utgjorde dei viktigaste stridande partar under krigen. Eg lurte mange gongar på om ytringar som Nargis sine delvis vart sagt på grunn av redsle for å kritisere myndigheitene, eller ut frå at ho ønska å nedtone skiljelinjene mellom gharmi og kulobi. Det var likevel noko som sa meg at det var andre forklaringar.

Tadsjikistan, og spesielt Khatlon, var i ruinar og på mange måtar i kaos første halvdel av 90-talet. I tillegg var både statleg og privat økonomi i krise. *«Då vi kom attende hadde vi ingenting! Ingen koppar, ingen sko, ingen kjolar. Vi var som dyr. Dyr er redde for at nokon skal ete barna deira, og vi var så bekymra for barna våre. Eg sver til Gud at det er sant! Men vi leid mest fordi folk døydde, ikkje på grunn av mat og klede eller andre ting»*, fortalte Nargis medan tårene trilla. Alle informantane leid personlege tap under krigen, som tap av familiemedlem, øydelagde hus, valdtekter, utryggleik eller det at dei vart tvungne til å flykte frå heimstadane sine. Nargis kunne fortelje om femten år med svingingar mellom håp og mismot. Ho uttrykte takksemd, men kunne også fortelje om sjølvmoordsforsøk i dei vanskelegaste stundene. Mannen hennar og to av barna vart drepne under krigen. Mannen forsvann og ho fann aldri liket, medan barna vart skotne medan ho var i nærleiken. Etter desse intense åra med tap og sorg, vart noko av takken retta mot Emomalii Rahmon. *«Han redda oss, og var som ein vegg for oss. Han var ein bror. Vi hadde ingen, men han hjelpte oss. Hadde det ikkje vore for han så hadde ikkje kyrne mine vore her eller dottera mi og sonen min. FN hjelpte oss mykje. Men han drog til andre land og tigga for oss!»*.

Etter at landet var i økonomisk ruin etter Sovjetunionens slutt og tilbaketrekning, og ein femårig borgarkrig, skulle det kanskje lite til for å gje folk ei kjensle av at livet gjekk framover. Dette vart ytra gjennom utsegn som at *«berre sjå, her har vi bygd oss eit nytt hus. Og tenk om fem år, eller om ti år, når den russiske økonomien går endå betre enn no!»*. Slik framgang, gjennom arbeidsmigrasjon til Russland, vart sett pris på og feira, men det var kortare mellom merknadar om dei vanskelige økonomiske tidene. Vanskane vart likevel hjå mine informatarar sjeldan knytt direkte til presidenten, men heller mot Sovjettida som ikkje eksisterte lenger. *«I Sovjettida pleidde det vere arbeidsplassar, pengar, skule, sjukehus...»*.

Emomalii, som eg nærmast alltid hørde omtala ved fornamn, var viktig for mange. Det kunne synast som han var som eit symbol på framgang. Nokre synto også at dei var stolte av han og det

han betydde for landet ved å representere dei i utlandet. «*Han har vore i Pakistan, i Russland, i Storbritannia, over alt*», var det ein mann som sa med eit noko stolt blikk. Dette må sjåast med bakgrunn i korleis Tadsjikistan har vore ein perifer og dominert del av Sovjetunionen. Dei kunne sjå at dei hadde fått eit eige ansikt ute i verda, og at dei var eit eige land med sine eigne trekk, ikkje berre ein republikk i eit stort Sovjet. At Emomalii Rahmon har ei aksept frå store delar av befolkninga, og spesielt blant gharmiar, er noko som har skjedd på tross av mange skiljelinjer i befolkninga. Han har vore aktiv og strategisk i sine forsøk på å få oppslutning og på å samle landet, men han har også hatt dei kvalitetane som trengtest for å leie og manøvrere gjennom og mellom kulturelle, religiøse og politiske skiljelinjer.

«*Kommunisme er bra. Islam er bra.*», sa Muhniso momentant i ein samtale vi hadde om dei politiske endringane dei siste åra. Slik eg lærde ho å kjenne forstod eg denne ytringa hennar som eit ønske om å foreine framfor å skilje, og kanskje også som ei ytring om korleis islam og politikk ikkje nødvendigvis måtte gå hand i hand, trass i forsøk på dette blant ulike illegale grupper i landet. Men det er også andre måtar å forstå denne ytringa. For kva betydde «kommunisme» og «islam» for hennar kvardag? Ho var ikkje aleine om å snakke om Sovjettida som ei tid med harmoni og stabilitet. Kommunisme var omgrepet som dekkja den tida, tida før 1991, og alt som fungerte og eksisterte då. Muhniso vart fødd i 1948, og hadde opplevd mange tiår med denne kommunismen. I sin omtale av den politiske situasjonen i 2007 fokuserte ho på kva som fungerte, kva leiarane fekk til, kva økonomiske og sosiale framsteg som var blitt gjort, og det som ho synes var positivt, snarare enn å vere opptatt av dei negative politiske realitetane. Mange politiske avgjerder og realitetar fekk økonomiske og praktiske konsekvensar for Muhniso sin familie. Ved eit høve leverte dei silke til eit offentleg kontor, og skulle «få pengane snart» men måtte vente fleire månader på dei. Ikkje at det var så mykje pengar det var snakk om etter mykje hardt arbeid. Men «*arbeid er bra*» sa Muhniso ofte i si trong til å styrke dei unge sin arbeidsiver. Det hadde iallfall vore mange aspekt ved det politiske styret som kunne kritiseras, men berre nokre få av informantane mine gjorde det.

Hadsj, muslimsk pilegrimsferd til Mekka, er ein av tinga Emomalii Rahmon har gjort som kan forståast som eit forsøk på å virke samlande på Tadsjikistan. Det var forbode å gjere Hadsj i Sovjettida, og han gjorde sin tur i 1997, berre tre månader før fredsavtalen vart underteikna. Likevel ser vi at han ikkje har teke mellomnamnet «Hadsji», slik mange andre i landet har gjort etter utført pilegrimstur. Det er noko paradoksalt over at nettopp han skulle dra på pilegrimsreise. Det er medlem av Det Tadsjikistanske Islamske Fornyingspartiet som har kjempa for å få dra til Mekka, ikkje medlem og leiarar av kommunistpartiet, som jo er bakgrunnen til Rahmon før han vart leiar for

Det Tadsjikistanske Folkedemokratiske Parti¹⁷. I dei mange og hyppig viste bildevisningane av presidenten på den statlege tv-kanalen, var bilete av han i kvite pilegrimsklede eit av dei ofte viste. Samtidig var det nok av bilete av han i svart dress i offentlege samanhengar. Svart dress for menn blir i Tadsjikistan assosiert med *byliv* og *det russiske*, i motsetnad til *byggdelivet* og «*tadsjik*». På bileta av Rahmon i ulike storleikar som hang på svært mange stader, både utandørs og innandørs, og i offentlege og i private samanhengar, var han likevel alltid kledd i svart dress og raudt slips.

Moderne vs. tadsjik

For jenter og unge kvinner eg vart kjend med i Dusjanbe representerte klede ofte eit dilemma - skulle ein velje etter kva som passa til ulike samanhengar med folk frå ulike sosiale grupper, eller kva som var tillate av eldre familiemedlem for dei å gå med? Skulle ein gå med tettsitjande klede og framstå som moderne for klassekameratane, eller skulle ein gå i dei fargerike «nasjonale kjolane» (*kurta*)? Mange veksla mellom desse to stilane. Blant mine informantar var klede ikkje gjenstand for daglege dilemma, forhandlingar eller vurderingar, men det var likevel viktig symbolsk og med tanke på tilhøyre å bruke dei riktige kleda. I nabolaget i Dusjanbe var det ved fleire høve samtaleemne blant kvinnene korleis *andre* kvinner enn dei sjølve kledde seg. «*Har de høyr at Maryam har slutta å bruke sjal?*», eller «*dottera hennar har byrja å gå med bukser!*». Så kunne dei diskutere om det verkeleg var sant og kva dei syns om det. Avstanden frå si eiga røynd var tydelig ved desse tilfella. Dei gjekk alltid med same type kjolar, og dei vide, fargerike kjolane og dei blomstrete sjala var det dei alltid kom til å gå med, desse vaksne kvinnene. Dei var ikkje «moderne» slik *ho* var blitt, men dei var *tadsjik*. Klede var slik markørar for identitet, og informantane såg på seg sjølve som «ikkje-moderne» og markerte det gjennom val av klede.

«*Eg vil ikkje gå dit. Leilegheita deira er sikkert kjempemoderne, så eg kjem ikkje til å klare å slappe av der*», sa Zebo etter ho vart invitert i ein barnebursdag av nokre ho kjende i sentrum av byen. Ho hadde sjølv budd nokre år i leilegheit i sentrum av byen, så det var ikkje det at det var i ein leilegheit i seg sjølv som utgjorde skepsisen hennar. Snarare var det at den kvinna og den familien var "moderne". At dei hadde ein annan stil og høyrde til ei anna sosial gruppe enn ho sjølv. Sannsynlegvis var det i tillegg til det sosiale, kven som skulle vere der, også at det ville vere uvante og framande omgjevnader. Bord å sitje ved heller enn *kurpatsja*¹⁸ på golvet løfta ho fram gjennom sine reservasjonar som eit tydelig skiljeteikn på moderne og tadsjik. Heile informantgruppa mi

¹⁷ Engelsk: *People's Democratic Party of Tajikistan*. Tadsjik: *Hizbi Demokrati-Khalqii Tojikston*

¹⁸ Mjuke, lange puter nytta både til å sitje og liggje på. Vart sett på som "tadsjik" av informantane.

identifiserte seg med det å vere tadsjik, og det å vere det på "tradisjonelt vis". Dette heng saman med deira rurale tilknytning, men også med deira tilknytning til den politiske ladde gharmigruppa. Seinare i oppgåva kjem det fram korleis tilknytninga til "det tradisjonelle tadsjik" var med å understøtte ulike familie- og relasjonspraksisar og system.

Flukt

Afghanistan

Zebo var tretten år gammal då krigen braut ut for alvor i Shartuz, byen ho vaks opp i sør i landet. Ho flykta saman med familien sin, og slik ho hugsar det flykta alle i hennar bydel. Alle naboane, ja, alle som budde sør for elva drog saman. Dei på andre sida av elva flykta nordover til blant anna Dusjanbe, andre igjen til Usbekistan. Zebo og familien drog over den store grenselva, Shartuz, over til Afghanistan. Det var dramatiske dagar og Zebo sa at ho kom aldri nokon gong til å gløyme dei dagane. Dei var i hovudet hennar uansett. Ho kunne sjå for seg korleis dei dagane var og korleis det såg ut i ørkenen. Ho drog saman med mora, faren, søstrene, bror sin med si ukrainske kone og ei niese. I tillegg var det mange andre ho kjende frå hennar bydel i følgjet. Far hennar sa at dei berre skulle dra til eit anna distrikt, og at dei berre skulle vere borte tre dagar. Det viste seg at dei skulle bli verande i ein FN-flyktningleir i Nord-Afghanistan i ni månader. For å krysse elva måtte dei over i båt, og i det dei skulle over i båten vart bror hennar skoten. Han vart treffen i hovudet, fall uti vatnet, men overlevde og drog vidare med dei. Dei neste dagane var slitsame, fortalde Zebo. Etter dei kom over på andre sida av elva gjekk dei i tre dagar, og sov midt uti ørkenen.

«Vi gjekk heile dagen, la oss ned i sanden og sov på bakke. Vi gjekk heile neste dagen også, og sov neste natt også i ørkenen. Det var forferdelig. Ei kvinne passa ikkje godt nok på dottera si og ho forsvann der i ørkenen, og nokre afghanarar (afkhonho) tok ho. Tredje dagen då vi vakna kom afghanarar til oss med mat og te. Dei kom med store, runde brød og anna mat til oss. Vi åt opp absolutt alt dei gav oss, ingenting låg igjen då vi var ferdige».

Om tida i flyktningleiren hadde ikkje Zebo så mykje å fortelje. Ho var ei lita jente då dei var der, og sa ho skjønnte ikkje så mykje av kvifor dei var der og slikt. Far hennar var jurist og klarte å ordne det slik at dei kunne dra heim etter berre ni månader. Det var då blitt ganske roleg i Tadsjikistan, jamvel om det ikkje var noko klart enno så det kunne bli fred. Då dei kom attende til Shartuz fann dei huset sitt nedbrend og nesten heilt øydelagd. Våren 2007 var huset framleis ikkje fullstendig reparert, og bar tydelige merker etter brannen. "Vi kosta, rydda og vaska alt vi kunne på det som var igjen av huset. Barna kyssa bakken då kom attende" fortalde mora til Zebo. "Jentene var så glade for å vere

tilbake". Far til Zebo var blitt ganske gammel då dei kom tilbake til Shartuz, og døydde berre nokre år etterpå. I følgje Zebo ville han at døtrene skulle bli gift før han døydde. *"Det var utrygt å vere ung kvinne på den tida, så faren vår var redd for oss og ville at vi skulle bli gift fort. Både eg og to av søstrene mine blei gift innan eit år"*. Etter dei hadde vore på ein trygg stad i fjellområda eit halvt års tid vart Zebo altså gift med Jamshed. Slik var Zebo sitt liv forandra og prega av borgarkrigen, og det var ikkje slik at krigen berre hadde betyding for ho då den stod på. Også femten år etter flukta var den ein del av hennar minne og erfaringsbakgrunn. Det visste sonen.

«*Mamma, kan du fortelje om tida i Afghanistan?*» kunne Amir, den tolv år gamle sonen hennar, spørje ho av og til. Nokre gongar fortalde ho litt, men ho hadde sjeldan lyst sidan alle minna kom tilbake og det visste han godt, meinte ho. Våren 2007 spurde han oftare enn vanleg, sidan tiårsjubileet for fredsavtalen 25. juni 1997 nærma seg. I fleire veker før jubileet vart det vist klipp frå krigen og fredsprosessen på den nasjonale tv-kanalen. Stor plass var via til flyktningleirane i Afghanistan, og svartkvitt klipp av flyktningane vart vist om igjen og om igjen. Menneske som var prega av å bu i ein leir med slitte klede og triste blick, sitjande eller ståande framfor midlertidige hus av leire. Amir spurde difor oftare enn vanleg om tida i Afghanistan. *"Han vil gjerne høyre om korleis det var i ørkenen"* sa Zebo.

Alia syntest også det var tungt å snakke om det som skjedde under krigen, men uttrykte at ho gjerne ville fortelje kva ho hadde opplevd og kva ho hadde høyrte slik at eg virkelig kunne forstå og lære. Ho tok difor sjølv initiativ fleire gongar til å fortelje. Ho var fem år i *Bagh-e Shirkat*, ein leir utanfor Kundus i Nord-Afghanistan. Leiren var ikkje driven av FN, som den ved Mazar e-Sharif, men vart driven av *"arabarar"* i samarbeid med den tadsjikiske opposisjonen. Det var ikkje berre informantane som ikkje heilt visste kven desse arabarane var, for ingen utanfrå har til i dag fullgod oversikt over aktivitetane som føregjekk i denne store leiren, anna enn at ein veit at det var organisert militærtrening for opposisjonen der, med Abdulloh Nuri i spissen. *"Eg fødde tre barn då eg var i Afghanistan. Berre Munira levde opp. Det eine barnet, ein liten gut, levde eit par månader før han døydde. Det andre barnet døydde berre ei veke etter fødselen. Dei blei fødd på sjukehuset i Kundus"*. Munira var blitt fjorten år gamal, og var foreldra sin skatt og glede. Ho var veldig glad og leiken, men også ei flink storesøster for småbrørne sine. Ho hjelpte foreldra mykje med arbeidet i og utanfor huset. På spørsmål om kva dei gjorde alle dei fem åra i leiren svara Alia *"vi satt der. Vi venta på å få dra heim"*. Det Alia sa var det aller vanskeligaste for ho med å vere i Afghanistan, var det å vere vekke frå dei familiemedlemma som var igjen i Tadsjikistan.

Alia si mor, Muhciso, uttrykte familiesaknet og bekymringa i tida i leiren sterkast. Ho hadde ni barn, og dei to eldste døtrene hennar var ikkje ilag med ho i leiren. *"Eg bad til Gud for dei kvar dag"*.

Shahlo var i Dusjanbe og etter kvart på heimstaden, og ei av dei andre døtrene var i Moskva, men det visste ikkje Muhciso og dei andre då. Ho sa det var fortvilande for dei å vere i tryggleik medan folk dei kjende var attende i eit Tadsjikistan i krig. Dei høyrde historier og nyhende frå heimlandet utan å kunne vite korleis det gjekk med familiemedlem, vennar og naboar.

"Det var bra! Vi satt på rumpa, og fekk alt vi trong". Slik nærmast ropte ei kvinne i femtiåra til meg og nokre andre kvinner, på spørsmålet om korleis tida i Afghanistan hadde vore for dei. Ho hadde litt latter i stemma. Vi satt i hagen til Muhciso, der eit lite vegkryss var rett utanfor havli. Folk stoppa ofte opp der ved porten deira for ein prat, eller kom inn i hagen og sette seg ei stund. I dette tilfelle, som så ofte, var det kvinner på veg heim frå bomullsåkrane. Eg vart noko overraska over det ho sa. Eg visste at dei praktiske forholda i leiren hadde vore dårlege, og lurte på kva ho meinte då ho sa at det hadde vore så bra der. *"Det var etter vi kom attende hit at det vart vanskelig, ikkje der. Då vi kom attende hit var det ikkje mat her, ikkje arbeid eller pengar og husa våre var øydelagde. Då måtte vi arbeide".* Eg høyrde mange kvinner sei det same, at åra i Afghanistan ikkje var vanskelige, at dei «satt» der, og at dei fekk alt dei trong. *"Vi fekk mat, olje, te og alt vi trong"* fortsette ho. *"Vi satt der".*

Ordet *å sitje* vart av informantane ofte nytta på tadsjik (*nisjastan*). *"Sitt ned! Vi sit. Kom hit og sitt! Sitt og drikk te! Mennene sit berre der"*, var alle uttrykk som vart nytta ofte. Ordet vart nytta på ulike måtar, og i ulike samanhengar. Det *å sitje* i ro vart sett på som eit gode. Til dømes noko ein gjest helst skulle gjere. Eller noko ein mann ofte kunne gjere medan kona arbeidde, eller ei eldre kvinne medan svigerdottera ordna til mat og serverte. *Å sitje*, og *å sitje godt* og avslappa, var slik eit teikn på det å kunne slappe av og *å nettopp ikkje arbeide (kor kardan)*. Fleire av mine kvinnelege informantar sat lite stille i laupet av ein dag, medan nokre av dei knapt gjorde noko anna enn *å sitje stille*. Kvinnene i Muhciso sin hage, på veg heimover frå åkrane, var definitivt blant dei som arbeidde mykje og som ikkje hadde tid til *å sitje så lenge om gongen*. Dette er noko av bakgrunnen for å forstå kva «vi satt heile tida» og «folk kom med mat til oss», kunne bety for desse hardtarbeidande kvinnene. Tida i «Shirkat» var for dei fylt av stillesitjande venting. Dei venta på, og lengta etter å kunne returnere til heimstandane sine, men måtte nettopp vente på det i fem år. Ein kan forstå utsegna deira om *å sitje ut ifrå aktivitet*. Sjølv sagt hadde kvinnene noko å gjere også i leiren, og kanskje i større grad enn mennene. Kvinnene lagde mat, stelte med barna og ordna husa og telta som dei budde i. Likevel var det ikkje anna arbeid i tillegg slik dei var van med. Slik kan ein skjønne at dagane var fylde med mindre aktivitet og arbeid for dei, og at dei difor satt meir i ro, og med det kunne sjå tilbake på tida der som ei tid med *"sitting"*.

Likevel trur eg at det at dei snakka om tida i leiren som ei tid med sitting og venting endå betre kan forståast dersom ein går djupare inn i opplevingane deira av å vere der og så knytte det til uttrykka dei brukte. Når ein ser tilbake på noko som har hendt i fortida så kjenner ein kronologien i hendingane, det gjer ein ikkje undervegs. Ein veit kor lenge dei var i Afghanistan og ein veit når dei returnerte, og om alt som hendte etterpå. Men dette visste ikkje informantane då dei var midt oppi hendingane. Dei visste ikkje at dei skulle vere så lenge som fem år i flyktningleirane. Nokre uttrykte at dei heile tida ønska å dra heim, og at dei prøvde å kome seg derifrå utan at dei lukkast med å finne ein eigna reiseveg. Vidare uttrykte fleire at dei var redde for at krigen i Tadsjikistan aldri skulle ta slutt. Vi lever alle ein dag av gongen, og lever i dei hendingane vi er i til ei kvar tid. Slik var det for dei kvinnelege informantane då dei var i leirane. Dei mannlege fekk eg snakka mindre med om tida i Afghanistan, og noko sa meg at dei fleste av dei helst ville unngå tema. Eg vil hevde at å *sitje* kan forståast som ein måte å fortelje om det å vente, og om det å ikkje kunne leve i slik aktivitet som dei pleidde.

Personar fortalde på ulike måtar om tida i leirane, og det er all grunn til å tru at eg ville fått ganske annan informasjon dersom eg hadde snakka meir med menn om denne tida. Bobo var leiar for ei gruppe soldatar i leiren, og var ein del opptatt med trening av dei og oppdrag. Han fortalde om to turar heim til Tadsjikistan i laupet av dei fem åra. *”Vi drog med bil og til fots gjennom fjella i Pamir, over elva og opp i fjella, den lange vegen via fjella, mange, mange mil, for å kome til Khatlon”*. Bobo fortalde også at han hadde reist til Kabul tre gongar under opphaldet i Afghanistan. To av sønene til Muhniso drog til Pakistan for å gå på skule der, og levde ganske andre liv den tida enn både det familiemedlemma gjorde i Afghanistan og Tadsjikistan. Bileta av tenåringsbrørne utanfor koranskulen sin i Islamabad, med store smil, tøffe uttrykk, lange kjortlar og store solbriller fortalde sitt om at dei hadde ein mindre uroleg og vanskelig kvardag enn dei andre. Foreldra hadde med å sende dei til Islamabad gjort det dei kunne for å utnytte tida godt for sønene sine.

Krig er på mange måtar først og fremst ein aktivitet for menn. Det var menn som var politiske leiarar og menn som var soldatar i borgarkrigen, så jamvel om kvinner var deltakande på det ideologiske og uformelle planet var det menn som stod for dei praktiske handlingane under krigen. Dette kan sjåast som ein del av den kjønna arbeidsdelinga dei hadde. Aktivitetane undervegs i krigen kan altså sjåast som ei forlenging av den allereie beståande praksisen med kvinner sterkare knytt til heimen og menn til livet utanfor heimen. Kvinnene som var i flyktningleir fortalde at dei knapt hadde vore utanfor leiren i laupet av dei fem åra, med unntak av Alia som hadde vore ganske mange gongar i Kundus saman med mannen sin. Dette må sjåast i samband med at Alia drog meir til byen, Kurhan Teppa, både med og utan mannen sin, enn det dei andre kvinnene gjorde.

Nokre av informantane nemnde at møta med afghanarar var spesielle. *“Vi vart glodd på av dei afghanske mennene. Vi viste jo ansikta våre”*. Slik kan møte med det afghanske samfunnet ha forsterka kjønnsrollene i forhold til kvinners mobilitet og tilknytning til det heimelege, vel og merke under tida dei var der.

Kumsangir

Dei av informantane som ikkje drog ut av landet, men heller flykta internt, hadde andre historier å fortelje enn dei som drog til Afghanistan. Dei var midt i krigen med krigshandlingar, matmangel og utrygge situasjonar. Nargis, Shahlo og fleire av naboane deira drog til Kumsangir, eit område lengst sør i Khatlon, medan andre drog til eit område som ikkje var verken Tadsjikistan eller Afghanistan, det dei kalla for *“den nøytrale sona”* på sørsida av elva. Nokre av dei var også hjå slektningar, i fleire tilfelle for ein periode, før dei drog vidare for å finne ein betre stad å vere. Dei var flyktningar utan noko endeleg mål. Målet var berre å finne ein plass der dei var trygge til dei kunne dra attende til heimstadane sine.

Dette kapitlet har gjeve eit innblikk i nokre av dei viktige erfaringane og minna til informantane. Dei var alle aktørar i eit samfunn som var prega av mange og store endringar. Dei vart kutta av ei stormakt og dei opplevde heimlandet sitt i ein blodig og kaotisk krig med dei tap som det medførte. Dei var på ei side i krigen i kraft at dei var fødd inn i ei regional gruppe. Difor såg dei krigen frå denne gruppa sin posisjon, og opplevde mange lidingar og vanskar fordi dei var del av gruppa si, gharmi. Alle informantane hadde levd ti år i Tadsjikistan etter fredsavtalen vart underteikna i 1997, med alle gleder og utfordringar som hørde med i eit samfunn som skulle byggjast opp igjen. I dei neste kapitla kjem det fram endå meir av dei same personane sine erfaringar, men då ut frå situasjonane dei var midt oppi på våren 2007, og ikkje i så stor grad i tilbakeskuande form.

Kapittel 3: Ekteskapsrelasjonen

Dette kapitlet tek for seg ekteskapsrelasjonen; forholdet mellom mann og kvinne, og etableringa av denne relasjonen. Fokuset er altså på den relasjonelle sida av ekteskapet, då den institusjonelle sida er meir sentral i kapittel fem om slektskap. Likevel; Desse aspekta heng saman. Eg viser korleis ekteskapsrelasjonen vart opplevd og praktisert ulikt i ulike forhold. Sentralt i kapitlet er også informantane, både kvinner og menn, sine tankar og refleksjonar rundt det å gifte seg og det å leve med ektefellen. Viktige fokus er forventningar, draumar og skilsmål. Eit spørsmål er om fridom og valfridom er nyttige og eigna omgrep i analyse av mine informantars opplevingar av ekteskap. Her skal eg vise korleis desse omgrepa var relevante for dei kvinnelege informantane, og at perspektiva som følgjer desse omgrepa ikkje berre kan avfeiest som "vestlege" eller etnosentriske.

For dei kvinnelege informantane kunne det sjå ut som at ønsket om, og behovet for, tryggleik var ein av dei viktige grunnane til konformitet når det gjaldt ekteskap og ekteskapsinngåing. Dersom ein skal kunne vere nøgd med å underordne seg krev det ei grad av tryggleik som basis i forhold til den eller dei ein underordnar seg. Eventuelt trengs det andre gode grunnar til å velje det, eller rettare sagt velje å ikkje gå i mot det som vert forventa. Men kan fridom innebere val som føreset underordning, og det å vere nøgd med at andre bestemmer over ein? Er det reell fridom? Eller er det meir riktig å kalle det pseudofridom, ein liksomfridom (Sinding-Larsen 2007) eller ein negasjon eller fornektning av selvet (Bidney 1963:17)? For å kunne gje seg hen til, og vere nøgd med, det at andre skal bestemme over ein krev tillit til dei som skal gjere det, og langt meir dersom ein skal kunne trivast med situasjonen. I tillegg til eit tillitsforhold krev det også at ein opplever at den eller dei ein gjev seg hen til faktisk har makt over og kontroll på det som det skal bestemast over. Det var her eg såg det var vanskeleg for dei kvinnelege, unge informantane. Dei visste at foreldra ikkje hadde kontroll på det å finne ein eigna mann til dei.

Antropologen Nigel Rapport (2003) skriv om dei subjektive opplevingane av å vere i verda, og om makta til å definere seg sjølv. Han ønsker å setje subjekta, og med det individa, i sentrum av antropologiske analysar. Han fokuserer på eksistensiell makt, ved at ein sjølv, på trass av strukturar som kan vere tunge, kan vere med å påverkje eigne erfaringar og posisjonar. Ut frå dette kan ein tenkje seg at det viktigaste er å ha ei subjektiv oppleving av fridom, snarare enn at fridom er noko objektivt, og noko som ligg utanfor den menneskelege erfaringa. Dersom jentene hadde trudd og opplevd at familien hadde kontroll på avgjerdene rundt framtida deira, ville det slik vore annleis for dei. Jentene visste at foreldra ikkje hadde moglegheit til å sikre framtida deira. Spesielt gjennom dei kvinnene som allereie hadde mange år med ekteskap bak seg vart det snakka som om kva

”type” ektefelle dei hadde enda opp med handla om den enkelte sitt hell eller uhell, flaks eller uflaks. Foreldra til ei jente visste sjeldan så mykje om korleis potensielle eller framtidige ektemenn ville eigne seg for dottera si, eller korleis den aktuelle mannen var i oppførsel. Ut frå dette prøvde fri på - og håpte dei på det beste for døtrene sine.

Det er interessant å merkje seg at det å finne ektefelle på eiga hand utan foreldra si hjelp i Tadsjikistan generelt representerer minst like høg risiko i valet som det å gje seg over til familien sin, og spesielt for jentene (Harris 2006). Likevel var det forholdet til dette uvisse som gjorde det ambivalent og problematisk for dei unge kvinnelege informantane å kunne trivast med innskrenking av eiga valfridom, og det å la foreldra og andre familiemedlem ta ansvaret for framtida deira. Å leve i dette spennet, spesielt før dei gifta seg, før dei visste noko om framtidig ektefelle og livssituasjon, hadde ulike utslag. Jentene takla situasjonen med å ikkje vite noko særleg om framtidig ektefelle og svigarfamilie ulikt. I det følgjande kjem det fram korleis ei jente i ein landsby utanfor Kurghan Teppa stilte seg til det å vere ung, gifteklar og ugift, samt andre informantars ulike erfaringar av det å inngå ekteskap gift.

Inngåing av ekteskap

Fleire av jentene i nabolaget var ugifte, og ferdige med skulegangen sin. Etter elleve år med obligatorisk skulegang vart mange unge kvinner sett på som gifteklare. Denne tida etter skulegangen, som 18-åringar, var ei tid der dei aller fleste jenter vart forventta å inngå ekteskap, med unntak av dei som skulle studere vidare. Eg vart kjend med nokre nabojenter av Nargis som var i denne alderen, og som budde i eit ruralt område utan tradisjonar for at jenter studerer på universitet eller høgskule.

Gul, som på tadsjik tyder blome, smilte av entusiasme medan ho ein varm junidag gjorde seg klar til å dra å bade i elva. Det var knytt spenning og glede til den noko forbodne badinga, og det lyste av den 20 år gamle kvinna. Av med den knalloransje kurtaen ho gjekk med, og på med ein annan som var litt mindre fin, og ei bukse det ikkje var så nøye med. Veslesøstera på åtte sprang ut til porten for å sjå om det var nokon i vegen som ikkje burde vere der, menn generelt eigentleg. Så var det å vente litt før badejentene kom på rekkje og rad over vegen, nokre for å bade og nokre for å sjå på, ned til elva berre nokre timeter unna huset. Det var fnising og glede over noko kjekt og spanande som skulle skje. Etter eit raskt bad var det same teknikk på heimvegen, veslesøster såg nedover vegen og bad storesøstera og venninnene hennar vente litt. Så var det heim og skifte til vanlege klede igjen, og henge dei våte til tork. Det var forfriskande i heten, men også litt ulovleg for jenter i

ungdomsalder å gjere slikt, iallfall synleg for andre. For barn og menn var det bading som var den store aktiviteten langs elvene om sommaren, men ikkje for jenter og kvinner.

Gul var ikkje ei lita jente lenger. Ho var blitt vaksen, og spent på kva framtida ville bringe for ho. Søstera hennar som var eit par år eldre hadde nyleg flytta heim att etter to skilsmål bak seg. Ville noko liknande skje med Gul? Ville det komme nokon snart og spørje om å få gifte seg med ho? Søstera og nabokvinnene fleipa med ho om dette, men dei snakka også alvorleg med ho om den usikre framtida. Det var på tide at ho vart gift meinte dei. I mellomtida budde Gul heime hjå dei aldrande foreldra sine. Ho hjelpte ivrig til med arbeidet, og hadde eit stort sosialt nettverk rundt seg i både familiemedlem, slektingar og naboar. På mange måtar synest både ho og foreldra hennar at det var fint at ho var der. Men spørsmål om framtida var viktige for ho. Kva kom til å skje? Kom ho til å få ein ektemann? Kven ville han i så fall vere, og kor skulle ho flytte til? Dette var i stor grad opne spørsmål. Foreldra venta på friarar. Etablerte vaksne kvinner uttrykte ofte bekymring for døtrene sine, og generelt for framtida til unge kvinner i landet sitt. Bekymringane handla om jentene kom til å bli gifte, og eventuelt med kven. Om dei kom til å bli utnytta, og om dei kom til få mange barn og med det "lukkast" som koner og svigerdøtrer. Aller mest var jenters foreldre opptatte om døtrene deira kom til å bli gift i det heile, i tide før dei var blitt over ein viss alder, rundt 23, når dei ville bli betrakta som "gamle".

Ekteskapsinngåinga hadde ein passiv og aktiv part i prosessen. Jenters foreldre skulle helst berre vente og halde seg passive, medan gutars foreldre skulle vere aktive og ta initiativ overfor potensielle brurers foreldre. Dette medførte ein viss nervøsitert både for Gul og foreldra, og for mange andre jenters foreldre. For gutar sine foreldre var det derimot knytt bekymring og ansvar for utgiftene til både brurepris og kostnadane til bryllaupsfesten. Slik hadde foreldre ulike roller, ansvar og bekymringar knytt til døtrene sine og sønene sine når dei nådde ein viss alder. Her var det skilnad på gutar og jenter, då det ikkje var same hast med gutar som med jenter. Når ei jente hadde nådd ein viss alder vart ho "eit problem" for hushaldet sitt. Ho var "matter out of place" for familien sin med det at ho ikkje lenger passa inn slik ho pleidde då ho var yngre (Douglas 2003). Då ho var yngre passa ho inn og var med det med på å utgjere idealhushaldet i sitt samfunn. Alle samfunn har slike klassifiseringar, ulike frå kvarandre, som utgjer klassifikasjonssystem. Med utgangspunkt i teori om klassifisering hevder Mary Douglas at klassifiseringar er utgangspunktet for koordinering. Koordinering av samfunn utleier igjen til førestillingar om kva som symbolsk sett er reint og ureint. Ugifte jenter over ein viss alder vart sett på som "ureine", forstyrrende og malplasserte i hushalda. Den einaste løysinga på problemet var å få dei ut av hushaldet, og den einaste korrekte måten det kunne skje var at dei blei gifte. I tråd med Douglas sine teoriar kring forureining og det ureine, var

det slik at det ureine var eit problem for ei sosial gruppe snarare enn berre for enkeltmenneske. Ei ugift kvinnes malplassering i det tadsjikiske samfunnet var i høgaste grad ikkje berre eit problem for ho sjølv, men også for familien hennar (ibid.). Gul var endå ikkje blitt gammal nok til at foreldra såg ho som noko stort problem. Dette kan henge saman med at ho var svært arbeidssom, ein humørspreiar og det at ho ikkje hadde så mange søsken som budde saman med foreldra. Slik kan ein seie at konformitet til normer og skamkjensle i mange tilfelle var underordna ein del praktiske forhold.

For ein gut eller ein mann derimot var det ikkje same problemet om han ikkje var gift når han nådde ein viss alder. Dette må sjåast i samband med den økonomiske sida av ekteskapsinngåinga ved at det var ei utgift å gifte bort ein son og ei inntekt å gifte bort ei dotter. Det er også viktig å sjå denne skilnaden saman med normene kring kjønn og praksis i den offentlege sfæren. Menn kunne vere yrkesaktive, bu i andre hushald, studere eller arbeide på andre stader enn heimstaden før han vart gift. Ein anna samanheng er korleis informantane hadde ei oppleving av at det var fleire kvinner enn menn i samfunnet. *“Det er så få menn igjen i Tadsjikistan. Mange er i Russland, og mange forsvann under krigen. Difor er det få som vil ta jentene våre”* fortalde Shukurona. Det var slik eit sosialt “overskot” av jenter, noko som leia til betydeleg auke i skilsmål, men også auke i kvinner som aldri vart gifte. I røynda er det slik at dei fleste som arbeider i Russland følgjer tilnærma same ekteskapsmønster som andre i Tadsjikistan, ved at dei kjem heim og giftar seg og har eit pendlarforhold til arbeidsmigrasjonen. Den opplevde røynda er derimot slik at det var færre menn enn kvinner, noko som i høgste grad hadde reell innverknad på folk sine handlingar og relasjonane dei stod i.

Den påkravde passiviteten til unge, ugifte kvinners foreldre, som i Gul sitt tilfelle, kunne opplevast frustrerande. Det var så lite dei kunne gjere med situasjonen anna enn å vente. Berre denne langt på veg passive rolla er i seg sjølv med på å skissere maktforhold som heng saman med heile slektskapssystemet. Jamvel om jenters foreldre ikkje hadde så mykje dei kunne gjere for å setje i gong bryllaupsplanlegging for døtrene sine, var det slik at når prosessen først var innleia var det eit noko meir likeverdige forhold mellom forhandlingspartane. Vi skal her sjå korleis ein slik prosess føregjekk og vart opplevd av mora til ein gifteklar ung mann.

Shahlo sin eldste son arbeidde som nemnd sør i Russland. Han skulle kome heim igjen i juli, og bryllaupet hans skulle etter planen vere i august. Tidleg på våren byrja planlegginga av bryllaupet. *“Han har sagt at eg kan berre bestemme kva jente han skal gifte seg med. Han meiner det er viktig at eg skal like ho sidan vi skal bu og arbeide i same havli”*. Shahlo sa at sonen stolte på ho. Mannen hennar hadde sagt at ho berre måtte bestemme kva jente dei skulle fri til. Shahlo bestemte gjerne,

sa ho, for det *var* jo ho som skulle ha aller mest med denne jenta å gjere. Så Shahlo byrja prosessen. Det første som skulle skje var at mannen hennar, svogeren hennar Khurshed og Bobo skulle dra å besøke familien til jenta. Dei drog på besøk, men snakka ikkje noko særleg om det eventuelle bryllaupet. Dei åt, drakk te og utveksla små gåver med kvarandre. *“Eit skritt av gongen”* sa Shahlo. *“Vil du smake? Det er frå kelinen (svigerdottera) sin familie”*. Eit par veker seinare hadde ho vore der sjølv, saman med Muhniso og to andre kvinnelege slektningar, og dei hadde fått med seg gjærbakst heim. Denne gongen var det blitt litt meir prat om det eventuelle bryllaupet, og endå fleire gåver frå begge familiane. Rett før ho skulle dra heim frå dei hadde ho fått ein lapp der det stod kva dei kravde i *kalym*, brurepris. Puter, kjolestoff, ferdigsydde kjolar, sjal, bomull, og kilovis med lammekjøtt, kyllingkjøtt og storfekjøtt, sukker og te, i tillegg til 1000 dollar. *“Det er veldig dyrt med svigerdøtrer. Dei skal ha så mykje! Og tenk, eg har jo to søner til. Bryllaupet kjem jo i tillegg. Det kostar om lag fire tusen dollar å skaffe ein kelin!”*

Shahlo var oppgitt over den lange lista ho hadde fått med seg frå mora til brura. Det kom til å bli ei stor utfordring å skaffe alt saman, og i tillegg kom alle kostnadane til bryllaupet. Fleire strategiar vart prøvd for å få nok pengar. Det dei satsa aller mest på var å få seld traktoren sin. Shahlo sa at den såg veldig gammal ut, men at den var veldig kraftig og god. Det viste seg at det eine bodet dei fekk på traktoren var mykje lågare enn dei hadde håpa på, og dei valde difor å la vere å selje den. Spanande var det sjølv sagt kor mykje sonen klarte å tene på arbeidet i Russland. Arbeidsmarknaden der var ustabil og lønningsutbetalingane like eins. I månadsvis arbeidde Shahlo med saken. Ho meinte mannen hennar var ganske uengasjert. Shahlo var bekymra, men likevel skulle det gå å arrangere bryllaupet.

Sonen til Shahlo hadde i følgje mora gjort eit val når det gjaldt kven han skulle gifte seg med, det vil seie at han hadde valt å ikkje velje sjølv. Han var 25 år gamal og sju år hadde gått sidan han var ferdig med skulen, noko som ikkje var ein uvanleg situasjon for menn i Tadsjikistan. Som nemnd i førre kapittel, gifta Zebo og mannen seg i 1993, eit halvt år etter ho returnerte frå Afghanistan. Då var ho ung og ifølgje ho sjølv visste ho då ingenting om det å gifte seg, og langt mindre om det å leve saman som mann og kvinne. *“Då var eg framleis eit barn og skjønna ikkje ein gong kva det var dei ville då dei kom til huset vårt for å fri”*, sa ho. Zebo var, som mange andre, ikkje blitt gamal nok til å reflektere over og førebu seg på at ho snart kom til å bli gift. Dette var annleis for jenter som blei eldre før ekteskapsinngåinga, men også annleis enn for dei unge kvinnene som hadde innverknad på *kven* dei skulle gifte seg med. Farangis, eine svigerinna til Shahlo, var ei av dei som hadde hatt konkret innverknad på kven ho skulle gifte seg med. Ho hadde i større grad moglegheit til å påverkje framtida si, og med det større moglegheit til å påverkje livssituasjonen sin. Men likevel

skulle det vise seg at forholda ho skulle leve under kanskje var veldig like som andres. Ho, som dei andre kvinnene, måtte heller prøve å endre si subjektive oppleving av ekteskapet enn å endre heile livssituasjonen om ho skulle trivast.

Farangis var gift med Parviz, ein av veslebrørne til Shahlo, som var ein litt kranglete type nærmast uansett kven han var saman med. Korleis det var å vere gift med han visste ho etter kvart mykje om. Svigerinnene hennar hadde blitt gifta inn i familien utan å møte den framtidige ektemannen i forkant. Slik var det ikkje med Farangis og Parviz. Første gongen dei møtte kvarandre var hjå ein slektning av Parviz. Farangis var frå eit anna nabolag eit stykke unna så difor hadde dei aldri sett kvarandre før. Farangis fortalde at Parviz hadde sett på ho i selskapet, og at han hadde synes at ho var pen. Dei hadde ikkje prata i lag den dagen, men ho hadde lagt merkje til han også. Då var ho seksten år gamal, dei vart kjende, og gifta seg eit knapt år seinare. Sjølv om dei begge ønska å gifte seg med kvarandre gjekk foreldra hans, på vanleg og høveleg vis, til hennar foreldre og byrja prosessen med giftarmålet. «*Vi gifta oss av kjærleik*» sa Farangis, men eit noko vemodig blick følgde som regel med når ho snakka om mannen sin. «*Det begynte bra. Parviz var så grei i starten. No...kva skal eg sei. Han har forandra seg*». Parviz hadde vore entusiastisk ovanfor den vakre brura si, men fem år etterpå var det ikkje lenger så nøye korleis han behandla ho. For Farangis var det nærmast ingen veg ut av ekteskapet, men derimot mange måtar ho kunne prege sin og barna sin kvardag.

Det er ut ifrå dei ulike informantane nærliggande å tenkje at kjensla av ansvar overfor inngåing av ekteskapet aukar i takt med *medbestemminga* til dei involverte. Det er dette som gjer at det for unge i Tadsjikistan, som allereie nemnd, er vel så vanskelig å skulle velje sine eigne ektefellar heilt på eige hand utan hjelp frå foreldra (Harris 2006). Slik praksis ville også vore utanfor det dei kalla tadsjik måte å leve på, noko som betydde mykje for informantane. Slik kan ein sjå at det Parviz gjorde, ved at han snakka med foreldra sine om at han hadde funne ei jente han ville gifte seg med, for deretter å la dei gå fram på vanleg vis, var gjennomtenkt og strategisk. Farangis ville sosialt sett vore ei anna "type" jente dersom dei hadde gått fram gjennom til dømes berre å gifte seg i hemmelegheit. Ho ville mista respekt av familiemedlem og andre, og dessutan måtta ho kanskje stått meir på eigne bein dersom noko skulle skje som gjorde at ekteskapet vart brote. Farangis og Parviz klarte det mange drøymde om; Å kombinere det å gifte seg på tadsjik vis - av kjærleik. Mange ekteskap vert brotne i Tadsjikistan, og under vert dette diskutert.

Skilsmål

Eg vil her vise kva alternativa var for informantane til det å bli verande i eit ekteskap. Det vert visst eit paradoks i at for dei kvinnene som gjerne ville ut av eit ekteskap var det ofte vanskeleg og

utenkjeleg å få til, medan dei som ikkje ville ut kunne risikere at mannen eller familien hans tvang dei ut av det. Det dei aller fleste uttrykte ønske om var eit stabilt liv, med ein mann og svigerfamilie som behandla dei godt, eigne barn og med det eit rykte og ein status som ikkje var belastande for dei. Mangel på gode alternativ var ifølge både Zebo og Shahlo den avgjerande årsaka til at dei ikkje skilde seg frå ektemennene sine. Shahlo sa at ho på mange måtar gjerne skulle skild seg frå mannen, men at ho ikkje ville gjere det «*på grunn av det alle vil sei*». Ho fortalde også at ho visste at han hadde damer i Dusjanbe, både kjærastar og at han gjekk til prostituerte, men at ho dei siste par åra hadde slutta å bli særleg opprørt av det. Det var fleire grunner enn kva folk ville sei til at det var nærmast utenkjeleg for ho å skilje seg frå han. Kor lite akta det var for ei kvinne å leve aleine utan ektemann i eit hushald, betydde nok mykje når ho stilte spørsmålet om korleis dei skulle bu dersom dei skilde seg.

Ein annan faktor er inntekt. Zebo trakk også fram butilhøve ein gong vi satt og snakka om forholdet hennar til mannen, noko vi gjorde svært ofte. Ho sa at dersom ho hadde skild seg frå mannen då han tok seg ei «kone nr. 2», hadde ho vore nøydte til å flytte til mora si. «*Korleis skulle eg orke å bu der med alle dei folka? Både søstrene mine og mamma sa at eg burde skilje meg då han gifta seg med ho stygge enka. Men eg tenkte på barna. At dei ikkje skulle bli foreldrelause*». At barna skulle bli «foreldrelause», altså at faren skulle forsvinne ut av liva deira, var noko Zebo ofte snakka om. Ho bekymra seg for at det skulle skje ein gong i framtida, og sa at det var for å unngå dette ho blei verande hjå han. Likevel vart Zebo veldig sjalu når mannen var lenge hjå den andre kona, og ho fortalde at han var mykje meir hjå ho enn hos «*den stygge enka*». Då eg var på besøk hjå mora hennar i Shartuz i april, og Zebo var i barsel med den vesle jenta si snakka ho svært mykje om mannen sin. «*Eg gjev ho dette vakre namnet Aziza ("kjære"), sånn at han kan bli veldig glad i ho, og derfor aldri skilje seg frå meg*». Det var tydelig at Zebo, i tillegg til å vere, som dei fleste, avhengig av mannen sin for bustad og det ho trong, ein far til barna sine, ei god framtid for dei alle, og for å unngå å få eit dårlig rykte som skild kvinne, at ho også var glad i han og likte mange sider ved han. Det såg ikkje ut som at det berre var omsorg for barna og bekymringar for underhald aleine som gjorde at ho blei hos han.

Slik eg forstår refleksjonane til både Shahlo og Zebo var det slik at dei vog for og mot skilsmål, og fann det slik at å bli i ekteskapet hadde fleire fordelar enn det å skilje seg. I tillegg er det slik at det å bryte ekteskapet er *mot* norma, *mot* det vanlege og det som vert forventet. Det er som regel enklare for menneske å velje det som er *vanleg* og *norm* heller enn det som er *uvanleg*. Å skilje seg ut, ta initiativ, kostar som regel meir energi og styrke enn det å fortsetje å bli i den situasjonen ein er i. I forhold til skilsmål er det også relevant å sjå på kvinners aldrar og butilhøve. Shahlo var over 40 år,

og budde ilag med mannen sin og sønene sine. Ho ville representere eit stort avvik dersom ho, spesielt som kvinne i hennar alder, valde å skilje seg frå mannen sin. Kor skulle ho bu? Kor skulle han bu? Og kva med barna og svigerdottera?

Ut frå samtalanene kvinnene ofte hadde seg imellom kan ein seie at det eksisterte ein slags "klagediskurs" blant dei. Det var vanleg å klage over mennene sine, spesielt blant nabovenninner. Dei snakka ofte om at dei hadde dårlege ektemenn. Slik eg oppfatta ein del av kvinnene var det ikkje slik at dei nødvendigvis meinte klaginga like bokstaveleg alltid, og at det ikkje alltid kunne knytast til at dei ønskje seg bort frå forholdet eller livssituasjonen. Her var det skilnad på situasjonane dei ulike var i. For nokre av kvinnene var det likevel tydeleg at det var mangel på alternativ som gjorde at dei vart verande i ekteskapet og hushaldet med svigarfamilien, og at dei hadde eit sterkt ønske om å vere i ein annan livssituasjon. Dei skulle gjerne vore skild frå mennene sine om det hadde vore mogeleg. Jamvel om Shahlo og Zebo sa at dei godt kunne tenkt seg å vere skilde frå mennene sine var det andre kvinner som meinte det sterkare, sidan dei levde med menn som behandla dei dårligare. Det betydde ikkje at dei snakka meir om å skilje seg, nettopp av den grunn at det var eit ganske utenkjeleg alternativ.

Viktig for å forstå korleis dei kvinnelege informantane tenkte og handla i forhold til det å bli i ekteskapet er kva betydning det hadde å vere del av ein familie, det å ha sin eigen mann. Det vart som nemnd sett på som eit ikkje sjølvstøtt gode for unge kvinner å få sin eigen mann. Dette gjeldt også for godt vaksne kvinner som var gifte, kanskje i enda større grad, for kva skulle vel ei førti år gammal kvinne gjere for å livnære seg utan ein mann? Jamvel om ein del kvinner kunne klare dette reint praktisk vart det av mange sett på som stor skam for ei kvinne å arbeide i det offentlege. "*Om sånne kvinner tenkjer folk at ho har vore ei dårlig kone*" sa Zebo om kvinner som arbeidde på marknaden. Frykta for ein vanskelig økonomisk situasjon, hand i hand med normer i samfunnet, gjorde slik sitt for at kvinner valde å bli verande i ekteskapa sine. Det var opp til kvar og ein korleis dei meistra å vere i eit ekteskap, og eventuelt ein storfamilie, som dei ikkje trivast i. Her har antropologar med eit eksistensielt fokus noko å bidra med. Dei vektlegg enkeltmenneske si makt til å prege si eiga og andre si erfaring av det å vere i verda. Slik hadde kvinnene makt til å endre sine opplevingar av livssituasjonane sine gjennom førestillingar, tankar og språk, og med det endre den subjektive erfaringa, og som konsekvens av det kanskje også vere med å endre noko av dei sosiale fellesskapa dei var ein del av (Jackson 2005:182). Perspektiva som set dei individuelle erfaringane i sentrum av analysar kan vere med å forklare kvifor personar reagerer ulikt på same omgjevnader, og korleis personar vel forskjellig når det kjem til å påverke eigen livssituasjon.

Ei kvinne som var midt i skilsmålsproblematikken var ei som planlagde å skilje seg frå mannen sin. Då eg møtte ho hadde ho nettopp funne ut at mannen hennar var utro i Russland. Dei hadde tre barn saman, og ho sa ho blei kvalm berre av å tenke på at han hadde ei anna dame. Ho var fast bestemt på å skilje seg frå han, og haldt på å planleggje korleis ho skulle gå fram. Ho visste det kom til å bli vanskelig, men det var det einaste riktige å gjere meinte ho. Ho valde slik, men feltet fortel om mange kvinner som ville vald annleis og som valde annleis. Det eg ikkje kan vite er om denne kvinna faktisk gjennomførte skilsmålet, og korleis livet for ho vart dersom ho gjorde det. Ønsket hennar og vilja til å gjennomføre det var likevel veldig klart. Den viktigaste årsaka til at ho ville satse på å skilje seg var at ho visste kva retter ho hadde, og at det var mogeleg å få desse rettane gjennom via folk ho kjende som arbeidde i staten. Ho visste at ho hadde rett på barnebidrag og til å behalde huset ho og barna budde i.

Shirin, ei kvinne som var skild, kjem det meir om i kapittel fem om ekteskapet sin plass i slektsskapssystemet. Ho vart skild etter fleire år med ein mann som rusa seg og mishandla ho på det grovaste. Ho snakka om skilsmålet som det endelege resultatet av ein forferdelig situasjon, men også om kor vanskelig det hadde vore for ho å ta avgjerda om å forlate han fullt ut. Desse to kvinnene viser at det var mogelegheiter for skilsmål i Tadsjikistan. Kanskje kan ein seie at det var i slike tilfelle som desse at kvinnene meinte at skilsmål var det beste valet. Gjennom å sjå i kva tilfelle kvinnene valde å gå ut av ekteskapet, den eine i ein roleg prosess, den andre nærmast i flukt frå mannen, kan ein sjå noko om kva samlivssituasjonar kvinnene meinte dei kunne og ikkje kunne leve med. Dei vog fordelar og ulemper med skilsmål, og ikkje minst vurderte dei alternativa som dei hadde. Døma viser at det skulle mykje til for å bryte ut, og at ønska deira først og fremst var eit stabilt ekteskap som fungerte. Terskelen for å bryte eit ekteskap, for ei kvinne, var høg. Om menn derimot var det historier om at det var blitt lettare og lettare for ein mann å bryte eit ekteskap. *”Dei kan berre sei ”eg skil meg frå deg” tre gongar, så kan dei kaste kvinna ut. Fleire og fleire gjer det no! Dei seier det er lov i islam”, var det ei som fortalde meg. ”Slik var det ikkje før, i sovjettida. Då var det sånn at folk gifta seg og heldt saman. No er det veldig mange som skil seg. Det var betre før”.*

Ulike draumar

Nokre informantar hadde ønske og draumar som var heilt urealistiske, og som dei visste aldri kom til å bli oppfylde, men dette var dei færreste. Dei fleste var ganske realistisk innstilt til framtida, og prøvde å tenkje positivt og forme sin eigen kvardag og framtid så godt dei kunne, utan å uttrykkje draumar utanfor denne sannsynlege framtida. Den eine svigerdottera til Muhniso, Aziza, skilde seg ut ved at ho var svært misnøgd med bu- og familiesituasjonen sin. Ho var ikkje kome over korleis ho

hadde hamna i den situasjonen ho hadde hamna i – på eit tun fleire timar frå Dusjanbe der ho pleidde å bu, gift med ein tilfeldig mann som sjeldan var heime og brydde seg lite om både ho og sonen deira, og ikkje minst ein kvardag med husarbeid og arbeid på tunet. *”Ingen i klassen hadde trudd at eg skulle bli den første til å bli gift. Iallfall ikkje til ein landsby som det her”* sa Aziza og såg ned på bileta sine av klassevenner i Dusjanbe. *”Ein månad etter skulen var ferdig var bryllaupet vårt”*, haldt ho fram med si låge stemme. Bileta viste ei moderne jente med venninnene sine på bytur.

Frå dag ein hadde eg ei kjensle av at Aziza passa dårlegare inn på tunet enn svigerinnene hennar. Ho arbeidde minst like hardt som dei andre, og snakka noko mindre enn dei andre. Likevel var det eit trist drag over det vakre, unge andletet hennar, og sjeldan noko smil å sjå. På kveldane prata vi på rommet hennar, og Aziza og Sarina fekk spesielt god kontakt. Aziza ønska seg til Dusjanbe. Ho hadde budd der saman med søstera si i mange år, men sa at ho ikkje fekk lov av mannen sin å dra å besøke ho. Ho hadde lyst å studere medisin. Planane som Aziza hadde hatt tidlegare var ikkje mogelege å gjennomføre slik livet såg ut for ho framover. Likevel klarte ho ikkje å gje slepp på dei gamle draumane og ønska. Dei bar ho med seg framleis inn i det nye livet sitt.

”Då eg kom hit klarte eg ikkje å koste tunet eingong. Eg fekk ikkje til å bruke den store kosten. Ikkje visste eg korleis eg skulle bruke dei store omnane heller, for vi har alltid hatt elektrisk omn”. Dei andre kvinnene på tunet måtte lære ho korleis ho skulle utføre sine arbeidsoppgåver. Aziza kunne fortelje om eit liv som var blitt snudd på hovudet på mange måtar. Etter tre år i Muhniso og Bobo sin havli kan måten Aziza relaterte seg til den nye kvardagen stå som døme på ein måte å respondere på såkalla *”limiting conditions”*, avgrensande omgjevnader (Jackson 2005: xi). Jackson hevder at slike avgrensande omgjevnadane vert forma av subjekta gjennom korleis dei responderer på dei. For det var slik at Aziza til trass for avgrensingar og vanskar hadde valmogelegheiter. Ein har alltid valmogelegheiter, meiner Jackson vidare, for alle menneske handlar alltid overfor omgjevnadane sine anten på direkte eller indirekte vis (Jackson 2005).

Aziza representerer eit unnatak, eller iallfall ein ytterkant av informantane. Det fanst jenter og unge kvinner som hadde heilt andre draumar enn det ho hadde, og som difor aldri opplevde det store gapet mellom daglegliv og ønske. Aziza hadde vore gjennom ein slags rekonstruksjon av sin *habitus*. Ho hadde tapt nettverket sitt, og i det nye var hennar kunnskap og interesser irrelevante. Fleire jenter uttrykte ei liknande tapskjensle ved giftarmål i og med at dei flytta inn i ein ny havli, og der var nye og framande, men for Aziza var det meir enn berre dette ho kjende på. Hennar tilstand av *”well-being”* var rørt ved at tankane hennar om framtida ikkje lenger var relevante. Å oppleve at fortida og framtida ikkje heng saman kan vere svært dramatisk. Ein kan gå så langt å kalle det for å

miste sin *habitus* (Bourdieu) eller sin *praxis* (Sartr ) (Jackson 2005:xxii).   tape samanheng mellom fortid og framtid er vanlegvis knytt til traumatiske hendingar som krig, flukt eller tap av menneske. Eg vil likevel hevde at for Aziza var den subjektive opplevinga av hennar bu- og familiesituasjon, inkludert ekteskapet, s  omveltande at eg vil hevde at det nettopp er ei rekonstruering eller eit tap av *habitus* (Jackson 2005).

Uavhengig av dei forskjellige  nska som informantane hadde eksisterte det ein sterk ide om idealfamilien. Aziza var ikkje, iallfall ikkje hittil i livet, s rleg opptatt av   byggje seg opp ein idealfamilie. For b de Aziza og andre var det viktig   passe inn i samfunnet ved   oppfylle omgjevningane sine forventningar. Idealfamilien p  tadsjik vis innebar ulik fordeling av godar og medbestemming, ut fr  kj nn og alder og i alle livsfasar. Dette kapitlet har vist litt av korleis dette fungerte for informantane. Dei sterkaste  nska som kvinnene hadde var i alle h ve   kunne sj  mot ei god og stabil framtid, som innehaltd eit samliv og familieliv som fungerte, med barn og elles s  n r opp til ideala som mogeleg.

Kapittel 4: Arbeid og arbeidsmigrasjon

Dette kapitlet gjev først bakgrunn om familieliv i Tadsjikistan med omsyn til arbeid, arbeidsdeling etter kjønn og arbeidsmigrasjon til Russland. Deretter blir arbeidsmigrasjon frå Tadsjikistan til Russland og Kasakhstan drøfta sett ut ifrå lokalt liv i Tadsjikistan, i tillegg til forholdet mellom denne arbeidsmigrasjonen og migrantane sine forhold til familiane sine. Familiar hadde ulike måtar å relatere seg til arbeidsmigrasjonen, der nokre måtar fremja sosial integrasjon, mellommenneskeleg nærleik mellom familiemedlemmar og andre heller auka avstanden mellom medlemmane. Eg viser korleis menn på heimeopphald var i det lokale på ein annan måte enn resten av familiemedlemmane som ikkje hadde erfaringar frå Russland og storbylivet der. Alle informantane hadde eit blanda forhold til det å arbeide i Russland, representert ved både mogelegheiter og farar både for arbeidaren og familien som var igjen heime. Kapitlet viser korleis ein kan forstå arbeidsmigrasjonen og måtane migrasjonen vart praktisert på, gjennom å sjå på lokal arbeidsdelingspraksis ut frå dei to ulike sfærane privat og offentleg. Alt dette knyter eg til korleis informantane relaterte seg til stadar, familierelasjonar og økonomiske problemstillingar i ei tid med nye praktiske utfordringar. Eg argumenterer for at arbeidsmigrasjonen vart praktisert som ei vidareføring og forlenging av allereie beståande praksisar angående bustad, arbeidsdeling og kjønn, hovudsakleg slik at mennene var *dratt* (*"raft"*) for å arbeide i motsetnad til kvinnene som var *i huset* (*"dar khona"*) og i arbeid der. Om mennene drog til ein åker i nabolaget, til Dusjanbe eller til Russland så var det del av same måte å tenkje på om menn, arbeid og ulike ansvar i familien. Arbeidsmigrasjonen var både eit gode og ei utfordring for migrantane og familiane deira.

Arbeidsoppgåver og roller i familien

"Vi var så nøgde med dette huset då det vart bygd opp igjen, sidan det hadde tre inngangsdører med eigne rom. Men no er det allereie begynt å bli for lite for oss". Muhniso var eldste kvinne i hushaldet, og i laupet av dei siste ti åra hadde ho fått tre svigerdøtrer og seks barnebarn inn i huset som vart bygd opp att etter dei verste krigshandlingane var over. I tillegg til dei tre sønene og svigerdøtrene var den yngste, ugifte sonen hennar også igjen der heime på tunet. Til saman med ho og mannen hennar, Bobo, var det altså ni vaksne som hørde til der. Dei budde like sør for Kurghan Teppa, og hadde stor hage rundt huset. Ei lita elv rann gjennom tomta, som i tillegg til frukttre, eit fjøs, ein liten åker og blomar gjorde tunet fint og friskt (*"tosa"*) samanlikna med eindel av naboane sine. Ein mur av jord gjekk rundt eigeidomen, med ei stor opning ut til vegen. Her, innanfor og utanfor murane, budde, levde og arbeidde dei. Det vil seie, to av sønene til Muhniso og Bobo var mykje bortreist. Eldstemann reiste mykje i jobben sin i forsvaret, medan Iskandar studerte i

Dusjanbe og kom heim ei helg eller to i månaden. Nest yngste sonen, Parviz, var for det meste heime utan å arbeide så mykje, verken heime eller utanfor heimen. Han kunne fortelje om opphald han hadde hatt i Russland, og om korleis det var å arbeide der. Han gjorde, som så mange i Tadsjikistan, ei veksling mellom å vere heime utan arbeid, og vere i Russland og arbeide.

I motsetnad til Parviz hadde dei fire kvinnene som budde i dette hushaldet stort sett noko arbeid dei kunne gjere. Eg delte rom med Aziza (21) når eg var på besøk hos denne familien, og dagleg rutine for ho og dei andre kvinnene var å stå opp i femtida medan det enno var mørkt. Ho kosta tunet før ho saman med svigermora og ei av svigerinnene byrja å lage til frukost. Etter det var det å få i sonen på to år frukost, rydde etter frukosten, og arbeide anten med sauene og kyrne, eller reinske fôr til silkeåmene. På føremiddagen, etter ein vask, kvilte ho ein time eller to før neste arbeidsøkt. Det var alltid noko kvinnene kunne gjere på tunet. Anten var det å gjennomføre dei faste arbeidsoppgåvene som svigerinnene hadde fordelt seg i mellom, eller å gjere noko av dei felles arbeidsoppgåvene. Ein del oppgåver gjentok seg kvar dag, som matlaging, servering, vasking, luking og innhausting i kjøkkenhagen, kosting, mjølkning av kyrne, leie sauene og kyrne til beite, og ikkje minst det å ta seg av barna. Andre oppgåver var meir sesongprega, som føring av silkeåmene, plukking og tørking av frukt, og reinsking av bomull.

Utanom kvinnene var det av mennene berre yngste sonen på 19 år som deltok i desse daglege arbeidsoppgåvene i og rundt heimen. Parviz var med på noko arbeid av og til, men det var verken fast eller ivrig. Dei vaksne mennene hørde slik ikkje heilt til i arbeidet på tunet. Anten var dei "borte", i Russland eller Dusjanbe, eller ikkje tilstades på tunet på dagtid. Dersom dei var heime var dei ofte innandørs, eller dei sat ute i skuggen av eit tre og prata med nokre vener eller naboar. *Arbeidet* deira var iallfall ikkje der heime på tunet, men *ein annan stad*. På kveldane vart dei fleste familiemedlemmane, og gjerne gjestar i tillegg, samla ute på tunet til kveldsmat, te og prat. Barna var med til dei sovna, og vart bore inn i sengene sine når foreldra skulle leggje seg. Slik gjekk vår- og sommardagane. Av og til var alle samla, men ofte var nokre av mennene bortreist. Uansett så hørde dei til på dette tunet. For kvinnene var det i tillegg til å vere plassen dei budde og levde liva sine også arbeidsplass, i motsetnad til for mennene som arbeidde og opphaldt seg mest utanfor tunet og kom heim for å slappe av og berre *vere*.

Bobo fylde 72 år våren 2007, og var difor meir enn gammal nok til å bli kalla *Bobo*, som tyder "gamal mann" eller "bestefar". Nytt av året var at han hadde fått tildelt leiaransvar for bomullsarbeidet i nabolaget. I hovudsak gjekk det ut på at han var arbeidsleiar for alle kvinnene og tenåringsjentene som arbeidde på åkrane med luking av ugras og stell av bomullsplantene. Bobo drog heimanfrå tidleg om morgonen, ved skumringstid. Det var tidleg om morgonen kvinnene hadde den fyrste

økta på åkrane, og Bobo var der med dei. Han gjekk og såg korleis dei arbeidde, gav dei kommentarar og instruksar. Han hadde autoritet overfor kvinnene som arbeidde, men også overfor dei fleste menn i kraft av at han var *eldre* og respektert i nabolaget. Nokre dagar kom han heim midt på dagen, medan andre dagar kom han ikkje heim til tunet igjen før det var blitt kveld, etter at kvinnene var ferdig med si andre arbeidsøkt på åkrane. Lukinga på åkrane var også arbeid som var typisk for kvinner, men berre enkelte grupper. Jenter i same skuleklassar fekk fri frå skulen nokre timar kvar dag på våren for å vere med å luke. Forutan skulejenter var det kvinner utan små barn som var med i bomullsarbeidet. Kvinnene hjå Muhniso hadde alle små barn og var difor ikkje med.

Når Bobo var heime på tunet var han tungt tilstades. Anten sat han ute på tunet på kvilestaden ved elva, eller så var han innandørs for seg sjølv. Når han sat ute var det vesentleg for dei andre at han satt der. Svigerdøtrene hans sette seg som regel ikkje ned med han, og dei passa på at han hadde det han trong og ønska. "*Biå!*", (*Kom hit!*) kunne han rope med høg røyst over til andre enden av tomta dersom han mangla noko. Då var han *heime*, og heilt klart ikkje i ein arbeidssituasjon. Slik kan vi sjå korleis delar av arbeidet kvinnene gjorde i heimen, i hushaldet, var for å dekkje mennene sine behov og ønske når dei opphaldt seg der. Mat, drikke, reine klede og ryddige omgjevnader er døme på tenestar som kvinnene utførte for mennene. I tillegg til slike daglege og direkte behov kom eit fjøs som skulle fungere og silkeåmer som skulle gje inntekt i form av pengar til dei alle. Dette var arbeid som vart utført av kvinnene.

Arbeidet som kvinnene utførte i heimen og i nærområdet rundt heimen, og arbeidet som mennene utførte utanfor heimen, som Bobo og eldste sonen, førte berre til små inntekter i form av pengar. Muhniso var meir kreativ enn mange andre, og såg moglegheiter for business i liten skala - produksjon av klede, puter og broderi som ho av og til selde vidare til folk som dreiv butikkar. Likevel var det behov for meir inntekt for familien hennar enn det dei fekk gjennom ressursane dei hadde tilgjengelig der på heimstaden. Så i likskap med svært mange familiar i Tadsjikistan, og spesielt i det sørlege fylket Khatlon, var det nokre av familiemedlemmane som arbeidde i Russland. Sonen Parviz, var heime det halvåret eg var der men hadde arbeidd i St Petersburg i fleire periodar tidlegare, og hadde planar om å dra igjen. I nærmast alle hushald eg var i var det nokre som hadde vore, var eller håpte på å dra til Russland for å arbeide. Mi kjelde til kunnskap om korleis arbeidsmigrasjonen fungerte var altså slik gjennom mennene sin tilstadeveren når dei var på heimeopphald, samt gjennom familiemedlemma deira sine erfaringar med migrasjonen.

Bu- og arbeidssituasjonen hjå Zebo og Jamshed var annleis enn hjå Muhniso og Bobo. Zebo var nærmast alltid heime i huset saman med yngste dottera si. Dersom ho gjekk nokon stad var det til dei nærmaste nabokvinnene, så arbeidet ho gjorde var der heime. Jamshed var mykje heimanfrå i laupet av dagane, som regel på arbeid i bilverkstaden eller han var i nabolagets moske, som var ein viktig møteplass for mennene i nabolaget. Blant anna åt han kveldsmat, som konene til mennene bytta på å lage, der kvar kveld. Han var innom heimen fleire gongar om dagen, og åt, slappa av, prata med Zebo, leika med dottera og såg på TV. Zebo hadde, som Muhniso, hovudansvaret for huset og hagen. Skilnaden var at hjå Zebo var det mindre å ta seg til i den heimelege sfæren. Det dei hadde av dyr var fem høns, og med det berre nokre egg som kom frå hagen. Arbeidet for Zebo elles bestod av å bake brød, lage mat, vaske klede og ta seg av barna. Dei var heller ikkje så mange i familien, noko som også var med å avgrense kor mykje arbeid det vart på ho. Jamshed hadde i likskap med mennene i sør ansvaret for å arbeide utanfor heimen og med det bringe inn inntekt til familien. Han hadde meir å gjere av arbeid enn mennene i sør sidan han hadde lønna arbeid. Han hadde derimot ikkje noko arbeid med beite og dyr slik dei hadde. Den største skilnaden på hushalda var at hjå Zebo var det lite å gjere for ho som kvinne i heimen, det som tradisjonelt har vore staden for kvinnearbeid. Zebo kjeda seg (*zikh*¹⁹) difor ofte heime i det om lag 35 kvadratmeter store huset. Dagane var lange og einsformige. Løysinga på dagane aleine var å få besøk og gå på besøk til dei kvinnene som budde i nabohusa. Når dei var hjå kvarandre arbeidde dei ikkje, men sat heller og prata med kvarandre mellom arbeidsoppgåvene heime i sine eigne hus. Slik hadde heimen som arbeidsplass ei anna betydning for kvinnene i Dusjanbe enn for kvinnene i sør. Felles for mennene begge stader var at dei måtte ut av heimen for å kunne arbeide, og for kvinnene at dei ikkje arbeidde utanfor sin eigen havli. Heime i huset eller i hagen var for mennene begge stader ikkje ein stad for å arbeide, så dei måtte uavhengig av storleiken på hushaldet *ut porten* for å kunne vere i ein arbeidssituasjon.

Det var ikkje slik som det kan verkje, at det var forbode for kvinnene å gå utanfor tuna sine, eller at ingen kvinner arbeidde utanfor heimen. Nokre gjorde det, og stadig fleire trossa normer fordi dei trong inntekt. Dette viser jo korleis nokre behov er sterkare enn andre: å brødfø seg og sin familie var viktigare enn desse normene og tradisjonane. Kva skal ein med å vere ærbar dersom ein held på å døy av svolt? Ein informant fortalde om korleis ho hadde høyrd det var i Afghanistan: at der var det vanleg å tenkje at det var betre at ei kvinne døyde enn at ho sat og sal varer på marknaden.

¹⁹ "Zikh" kan omsetjast både til "kjede seg" og "trist", og hadde ofte overlappende betydning. Eit omgrep som vart nytta i mange høve av informantane.

Dette utsegnet viser korleis Afghanistan vart sett på som fundamentalt annleis enn Tadsjikistan når det kom til kjønnsrelasjonar.

Korleis kan slike skilnader i arbeid og forholdet mellom det offentlege og private forståast?

Kvinnene i sør arbeidde mykje med daglege gjeremål som var repeterande, som matlaging, reinhald og omsorg for barn. I tillegg arbeidde dei noko med arbeid som gav pengeinntekt, som brodering og silkeproduksjon, men ikkje på bomullsåkrane som mange andre kvinner. Ein måte å forstå kvifor kvinnene hadde desse arbeidsoppgåvene er å ikkje berre sjå på det som ei arbeidsdeling ut frå kjønn, men sjå på det som ei arbeidsdeling som tar utgangspunkt i omsorg for barn. Når dei kvinnelege informantane hadde hovudomsorg for barna gav det føringar for kva arbeid dei kunne utføre. I sin artikkel "*A Note on the Division of Labor by Sex*" løfter Brown (2006) fram nettopp dette. Sidan kvinner i dei aller fleste samfunn har hovudansvaret for omsorg og oppdraging av barn, får det konsekvensar for kva anna arbeid dei har mogelegheiter til å utføre. Slik vert årsakene til arbeidsdeling ut frå kjønn utdjupa ved at ein ser at det ikkje handlar om at kvinner *er* kvinner og difor ikkje passer til visse typar arbeid, men at det handlar om at det er omsorg for barn som er den viktigaste årsaka til arbeidsdelinga etter kjønn. Konsekvensen av dette er at kvinner deltar i subsistensøkonomi, men som regel berre dei typane arbeid som er compatible med omsorg for barn (Brown 2006).

Kvinnene i sør bidrog i stor grad til hushalda sin økonomi, i større grad enn mennene på heimeopphald, men arbeidsoppgåvene deira vart regulert ut frå at dei heile tida hadde ansvaret for barna sine. Barna var i nærleiken samtidig som kvinnene laga mat, reinska greiner eller vaska klede. Brown meiner at kvinner i størst grad bidrar til hushalda sin økonomi når arbeidet er mogeleg å kombinere med omsorg for barn, ved blant anna at arbeidet ikkje er langt får heimen, at det ikkje får særleg konsekvensar dersom arbeidet vert avbrote og at det er lett å ta det opp igjen dersom ein først blir avbrote. Slik var det med "kvinnearbeidet" i sør. Dei var kreative og fann arbeid som kunne kombinerast med ansvaret for barna. Samfunnet hadde sine tradisjonar grunna i at dei var "tadsjik", og arbeidsdeling var ikkje eit unntak. Når då kvinner og menn budde i små havliar, som i utkanten av Dusjanbe, med svært avgrensa mogelegheiter for å dyrke jorda og gjere anna typisk kvinnearbeid der, oppstod det dilemma. Den einaste måten for ei kvinne i ein slik kjernefamilie å bidra til hushaldet sin økonomi ville vere å arbeide "ute", utanfor havli, i det offentlege. For Zebo og naboane hennar såg dei på slikt arbeid for kvinner som noko moderne kvinner gjorde og noko dei helst ville sleppe sjølv. Dette viser korleis førestillingar om kjønn og arbeid får ulike konsekvensar for folk som budde ulike stader, og at dei med det fekk ei ganske anna oppleving av sin eigen kvardag - i sør med ein veldig aktiv kvardag fylt med arbeid, og i Dusjanbe ein rolegare kvardag med

mindre arbeid og færre menneske rundt seg. Over har det handla om korleis arbeid fungerte for både menn og kvinner i forhold til arbeidsoppgåver og den private og offentlege sfæren. Vidare i kapittelet skal det med utgangspunkt i ulike familiar visast korleis arbeidsmigrasjonen til Russland kan sjåast som ei forlenging av arbeidspraksisane som er skildra over. Først kjem litt bakgrunnsmateriale om arbeidsmigrasjonen frå Tadsjikistan til Russland.

Arbeidsmigrasjon frå Tadjiskistan til Russland

Ut frå bankoverføringar kan ein sjå at omlag 132 000 personar frå Khatlon fylke arbeidde i Russland i 2005. Til saman for heile landet var talet 371 000 personar. Tala vil i røynda vere høgare på grunn av betydelege tal uregistrerte arbeidarar som ikkje nytta bankar for pengeoverføring (Mughal 2007). Uansett veit vi at svært mange arbeidde i Russland (og Kasakhstan), og at ein høg prosent av dei som drog var menn i arbeidsdyktig alder. Årsakene til at folk drar er fleire, og konsekvensane av det likeeins. I følgje Mughal var ei av hovudårsakene til at arbeidsutvandringa starta på byrjinga av 1990-talet at Tadsjikistan i mangel på varer å eksportere, samt mogelegheiter til å eksportere dei varene som fanst, trong å nytte arbeidskraft som eksport. Økonomien var allereie dårleg, og borgarkrigen gjorde det endå vanskeligare for innbyggjarane. Spesielt gjaldt dette mi informantgruppe, gharmi, og dei andre gruppene i Khatlon fylke. Etter kvart som den russiske økonomien betra seg utover 1990-talet, oppstod det ein situasjon der relasjonen mellom arbeidsmarknaden i Russland og Tadsjikistan verka på kvarandre i retning av ei auke i utvandringa frå Tadsjikistan. Russland trong arbeidskraft og Tadsjikistan trong ein arbeidsmarknad. Tadsjikistan har ei svært ung befolkning og Russland det motsette, noko som også bidrog til at dei trong og framleis treng kvarandre (ibid.).

Det er mange verknader av at ein så stor del av befolkninga oppheld seg i utlandet store delar av året og av liva sine. Dei verknadane eg i denne oppgåva er mest interessert i er dei verknadene som handlar om familielivet og nære relasjonar, likevel er det naudsynt å vise nokre av dei andre konsekvensane for å kunne forstå desse. Inntekter frå tadsjkar i Russland har vore med på å bygge opp att Tadsjikistan på fleire måtar etter sjølvstendet og borgarkrigen. Fattigdommen som var stor under og etter krigen, spesielt i Khatlon, har vore minkande frå 1997, med betre materielle forhold for innbyggjarane (Mughal 2007). Det er ikkje berre rapportar og studium som uttrykkjer at arbeidsmigrasjonen til Russland er vesentlig i å byggje landets økonomi. I samtalar om arbeid og korleis framtida ville sjå ut uttrykte også nokre av mine informantar dette gjennom sine eigne situasjonar. *«Sjå for eksempel på det nye huset vårt. Det er på grunn av brørne mine som har arbeidd i Russland desse åra. Berre tenk korleis det er om fem år frå no, eller om ti år. Russland er eit*

veldig rikt land, og det kjem berre til å bli rikare og rikare framover», sa Khurshed. På tunet deira hadde dei bygd opp att huset som vart brend ned under borgarkrigen. Brørne hans hadde sendt pengar frå Russland, medan Khurshed hadde tatt vare på foreldra sine og koordinert andre handelsføretak heime frå. Mange gharimi, som dei, hadde opplevd ei oppbygging etter krigen gjennom arbeidet i Russland, i bokstaveleg forstand i form av nye eller reparerte hus.

Det var eit skilje mellom dei familiare og enkeltpersonane som hadde lukkast med oppbygging, økonomi og familieliv, og dei som ikkje hadde lukkast. Desse forholda heng saman fordi dersom ein familie hadde fleire søner dei kunne sende til Russland, og ei kvinne hadde ektemann og ikkje var aleine som enke var mogelegheitene og framtidsutsiktene betre. Slik var det eit skilje mellom hushald etter kor vellukka dei var når det kom til familiare som eining, og det hang saman med materielle utsikter til å byggje seg opp eit verdig og godt økonomisk liv. Det uttalte idealet med å "vere rik på søner", som igjen gav svigerdøtrer, gav familiar mogelegheiter for økonomisk inntekt og med det ei velfungerande hushaldseining. Her var det ein sirkelgang fordi det igjen var kostbart å skaffe ektefelle og arrangere bryllaup for sønene. Slik hang familieliv og migrasjon saman, då det for dei færraste var andre gode måtar å skaffe inntekt på enn å dra ut av landet og arbeide. Eg skal no vise korleis informantfamiliane mine stilte seg ulikt til dei økonomiske, arbeidsmessige og relasjonelle utfordringane dei stod i når det kjem til sosial integrasjon i familiare som fellesskap.

Ulike familiar i møte med arbeidsmigrasjonen

Ytterkantane når det kjem til korleis familiar forholdt seg til arbeidsmigrasjon stod langt frå kvarandre. Gjennom ein av informantfamiliane mine fekk eg ei kjensle av at ekteparet i familien hadde fått eit styrka fellesskap seg i mellom gjennom mannens opphald i Kasakhstan. Kvinna fortalde korleis ho måtte ta ansvar for familien gjennom "allslags arbeidsoppgåver" fordi han var borte, og at dette var fordi ho sjølv hadde vore med på å bestemme at han skulle dra. I den andre ytterkanten var det kvinner eg vart kjend med som fortalde om ektemenn som hadde "forsvunne" i Russland, eller gifta seg med ei russisk kvinne, og med det hadde familien gått i oppløysing og kvinna sat igjen som "enke" med alle problema det medførte. Størsteparten av familiare befann seg ein stad mellom; verken med krise i familien eller sterk samkjensle og medbestemming i avgjerder om arbeid og inntekt. Under kjem døme på ulike livssituasjonar og opplevingar av arbeidsmigrasjon, i tillegg til ein analyse av korleis dei ulike situasjonane er med å vise samanhengar mellom migrasjon og familieliv, her med fokus på ekteskapsrelasjonen. Døma viser korleis familiemedlemmane opplevde stor eller liten grad av integrasjon i familien i møte med migrasjonen.

Shukurona om samarbeid mellom ektefellane

Shukurona sat på golvet og prata om kor vanskelig det var økonomisk for ho og familien. Eg spurde korleis det gjekk med planane om å pløye den vesle åkeren i hagen. Fleire gongar dei siste vekene hadde ho snakka om åkeren, at den trengte å pløyast snart sidan våren var like rundt hjørnet. *”Vi har enno ikkje pengar til frø, så derfor er det ingen vits å pløye den heller”* minna ho meg på. *”Eg snakka med mannen min i telefonen i dag. Det er lenge sidan sist gang. Eg hadde lyst å fortelje han kor vanskelig det er. At vi ikkje har pengar til frø. At vi har lite mat. At det er så vanskelig for oss at han ikkje er her. Han tener jo nærmast ingen pengar der heller. Det er ingen der som vil kjøpe skoa han sel. Dei hatar tadsjkar der. Men eg vil ikkje klage til han. Eg sa jo -reis! til han”* fortalde ho.

Mannen til Shukurona kom attende frå Kasakhstan i mai, og hadde med ein heil del pengar. Det var nok pengar til å byrje bygginga av eit hus til på tomta, eit hus med fleire rom, så dei fekk betre plass til alle familiemedlemma. Han hadde hatt mange utfordringar medan han var bortreist, og Shukurona hadde hatt mange utfordringar medan han var borte. Utsegna hennar viser at ho tok medansvar for avgjerda om at han hadde dratt ut av landet for å arbeide.

Ingen andre kvinner eg vart kjend med snakka om at dei hadde medansvar for eller medbestemming i forhold til at mennene deira var i utlandet. Andre kvinner synast å ha eit noko fjernare og meir distansert forhold til avgjerdene rundt arbeid og mennene sine val og handlingar generelt. Dette bør sjåast i samband med alder. Shukurona var i byrjinga av førtiåra og hadde vore gift med mannen sin lenge. Fleire av dei andre informantane mine som hadde ektemenn i utlandet var yngre kvinner. Ut frå eldre kvinners noko meir avslappa haldning overfor mennene sine, og deira større mogelegheiter til å få innflytelse i saker som engasjerte dei, kan det tenkast at dei unge kvinnene vil få meir å seie i familieavgjerder seinare i livet.

Anor om tap av ektemannen

Fleire gangar gjennom feltarbeidet fekk eg høyre om brør, fedrar, onklar og naboar som hadde dratt til Russland, og ikkje kome attende. Fleire fortalde om menn som dei ikkje hadde høyrd noko frå. *”Han er forsvunne i Russland, så ho er enke no, og det er veldig vanskelig for ho har ingen vaksne søner enno”*. Kvinner fortalde historier dei hadde høyrd, om menn som hadde nye familiar i Russland og om kvinner som var blitt svikta av ektemennene sine. Det var ei overhengande frykt ein del kvinner hadde. Kjem eg til å misse mannen min? Kjem han tilbake frå Russland snart? Har han fått ei ny kone? Ei kvinne eg vart kjend med, Anor, vart snakka om av naboane sine. Dei syntest synd på ho, og sa ho hadde opplevd mykje vondt i livet, både under krigen og etterpå. Ho var i 2007 blitt femtifem år gamal. Ho hadde langt, sølvgrått hår i to fletter, krølla opp under hovudsjalet som

dei fleste andre eldre kvinner. Ei nabo jente sa at det var på grunn av alle problema at ho hadde fått så grått hår. "Eg sver til Gud! *For fem år sidan hadde ho heilt svart hår, men alt håret blei grått på eit par månader. Etter at ho fann ut at mannen hadde ei ny kone i Russland blei det grått alt saman*". Sjølv fortalte Anor meg om mannen sin, og om korleis livet hadde vore for ho under og etter borgarkrigen. Mannen hennar hadde som så mange andre dratt til ein by sør i Russland for å arbeide. Han hadde arbeidd der eit par år og kome heim eit par gangar med toget. Så gjekk det lang tid utan at ho hørde noko frå han. Ho vart bekymra. Kva hadde skjedd med han? Ho bestemte seg for å dra til han. Ho tok toget, og reisa tok fleire dagar. Ho kom fram, og fann fram til staden ho visste han budde. Det viste seg at han budde med ei russisk kvinne. Anor vart verande i leilegheita hans om lag eit døgn før ho byrja på togturen tilbake til Kurghan Teppa i Tadsjikistan. Ho sa turen tilbake var lang og slitsam. Ho hadde vore bekymra for mannen sin, og vart overraska og overvelda over det ho fann ut. Kva skulle ho gjere no? Kva med barna? Ho uttrykte at det at ho hadde ein son var redninga. Kva skulle ho ha gjort utan han? Under feltarbeidet hadde han lønna arbeid, og han hadde gifta seg og dei venta sitt første barn. Dottera hennar vart gifta vekk til ein annan familie, medan sonen vart buande i det vesle huset til Anor saman med kona si. Dei hadde kvar sine rom, eit til Anor og eit til det unge ekteparet.

Nabokvinnene sa at dei syntest synd på Anor, men dei sa også at ho var sterk, og at dei beundra ho for korleis ho hadde meistra livet etter at mannen hadde "forsvunne". Det at sonen hennar hadde både arbeid og kone var tydelige teikn på at Anor hadde lukkast på nokre viktige område. Til trass for dei økonomiske og sosiale vanskane ved å vere utan mann, det dei kalla "enke", så greidde både ho og barna hennar å leve vidare ved at ho arbeidde litt med reinhald og sonen hadde heiltidsarbeid. Her vert det tydelig kor viktig det å ha ein familie som fungerte var for underhald. Familien, med dei medlem som var i dei ulike, var måten solidaritet og praktiske behov vart dekkja. Slik var det heilt avgjerande om ein hadde desse familierelasjonane for å kunne få det ein trong. Alle var avhengige av å stå i tette relasjonar med nokon som hadde lønsarbeid då det var for lite å leve på det som dei små åkrane i havli kunne gje av mat. Familierelasjonar var løysinga for dei kvinnene i samfunnet som det ikkje var aktuelt for å ta lønna arbeid.

Når kvinner var samla var ofte menn som hadde "forsvunne" i Russland eit tema. Gjennom måtane kvinnene snakka om dette på fekk eg inntrykk av at det var situasjonen for kvinnene som vart attende i Tadsjikistan og vanskane desse opplevde som gjorde dette temaet interessant og svært engasjerande for dei å snakke om. Generelt vil eg seie at det som var vanskelig for andre kvinner og familiar, var tema som kvinnene var opptatte av. Dei var svært opptatte av rettferd, moral, og forhold mellom ektefellar, noko som kom mest fram i venninesamtalar. Kvinner som tapte

mennene sine i Russland hadde det vanskelegare enn andre på fleire måtar. Kvinna som var midt i dilemma om skilsmål, som skildra i kapittel tre, kan vere med å vise korleis det å misse mannen sin i Russland var ei stor utfordring for dei kvinnene det gjaldt. Det å bu borte frå kvarandre kunne synast som ei stor utfordring for ekteskapsrelasjonen i seg sjølv, og denne kvinna er med å vise ei anna side av arbeidsmigrasjonen enn den som Shukurona viser. Det at mennene til både Anor og den andre kvinne allereie hadde vore så mykje borte frå kone og barn over fleire år bidrog til at dei hadde vendt seg til å leve utan ektemann i kvardagen. Men dei var likevel ikkje van med å leve som skild, som "enke", og heller ikkje med det å skulle forsørgje seg sjølv. Dei var blitt van med å ikkje ha mennene sine i nærleiken. Kanskje kan det ha vore med på å gjere valet om å skilje seg litt enklare for dei. Med det kan ein seie at arbeidsmigrasjonen har hatt konsekvensar for familielivet ved at skilsmål i fleire tilfelle vert eit aktuelt alternativ, gjennom at kvinner vert van med å leve som einslege i kvardagen.

Aziza om ulike ansvar og fokus

Det verserte forteljingar om menn i Russland og om livet for tadsjikar der. *"Alle tadsjikar i Russland har kjærastar der. Nokre giftar seg og får nye familiar, samtidig som dei har familie her heime. Det er noko alle veit. Konene her? Dei veit det ikkje heilt. Men dei veit det liksom likevel"*. Slik fortalde ei jente meg om kvinnene som hadde menn i Russland. Vanlegast var det verken at kvinnene vart skild eller visste om at mannen var utru, eller at dei stod i eit tett samarbeid med mannen om inntekta til familien. Vanlegast var det slik Aziza hadde det med at dei hadde kvar sine ansvarsområde. Mannen hennar drog til Russland, til Dusjanbe, til naboen eller til eit anna distrikt *når det passa han*, utan at det var noko å snakke med kona si om. Aziza sin mann budde i Dusjanbe, og kva kona syntest om det verkja ikkje som av betydning for den avgjerda. Han var student og heldt på med si andre femårige utdanning, medan Aziza aldri hadde fått starte på si etterlengta første. *"Han skal vere i Moskva i sommar og jobbe der saman med broren"*, fortalde Aziza på forsommaren. Ho fortalde om det som at *"slik var det"*. Som om det var noko som ikkje heilt angjekk ho, som at ho ikkje hadde noko som helst med hans sommar å gjere. Eit anna døme kan vise eit anna tilfelle der det var eit noko distansert forhold mellom ei kvinne og det at mannen arbeidde i Russland. I samtale med ei ung kvinne, busett i ei bygd to mil frå Afghanistan-grensa, kom det fram at ho ikkje visste i kva for ein by mannen arbeidde i i Russland. Ho sa han arbeidde *"i Russland"*. Det var nok for ho å vite det. Han var borte frå heimen, og det var det som var aktuelt for ho å ha del i, og ikkje om livet han levde i Russland. Det er ei samanheng mellom dette og det at mange kvinner var usikre på om mennene deira hadde nye kjærastar i Russland. Det var på ein måte ei avgrensing mellom det heimelege og det som var borte frå heimen: kvinnene heime vart i dei fleste tilfella ikkje innvia i og

informert om korleis det var "der" i Russland. Dette gjaldt slik ikkje berre om eventuelle kjærastar, men om heile livet i utlandet generelt. Slik kan ein sjå parallellar mellom mannefellesskap i det offentlege livet i Tadsjikistan og livet menn levde i Russland: informantane som hadde ektemenn i Tadsjikistan visste heller ikkje så mykje om korleis daglegлива på arbeidsplassen til mannen var. Dei ulike sfærane privat og offentleg er her altså relevante, men også dei meir generelle inndelingane i kvinne- og mannsfellesskap, som gjekk føre seg både i det private og i det offentlege med ulike samtaleemne, verdier og kunnskapar om kvarandre.

Unge menn på heimeopphald

Det føregåande leier inn på tema kring unge menn som arbeidde i utlandet og deira forhold til familiene sine heime i Tadsjikistan. I det følgjande skal eg vise gjennom praksisen til nokre unge menn, medlem av informantfamiliene mine, korleis dei stilte seg til det å bu på to plassar, både i Russland og i Tadsjikistan. Historikar og filosof Paul Carter argumenterer for å sjå «movement» som ein måte å vere i verda på, i motsetnad til eit perspektiv som fokuserer på eit slags intervall for migrantane mellom to fikserte stader, i dette tilfellet fokus på skilnadane mellom å vere i Russland eller å vere i Tadsjikistan. Han argumenterer heller for at det er viktigare å la migrantane som personar, som sosiale aktørar vere i sentrum av studium av migrasjon. Då kan fokuset verta flytta til korleis menneska konstruerer sine opposisjonar mellom "her" og "der", snarare enn at desse opposisjonane er noko som er naturleg gjeve (Carter i Rapport og Dawson 1998). Ut frå dette ser eg mitt val om å løfte fram migrantane sine relasjonar til sine familiemedlem som eit relevant og nyttig fokus for å finne kva plass arbeidsmigrasjonen har i kvardags- og familielivet i dei tadsjikiske lokalsamfunna. Ved å fokusere på relasjonane, gjennom migrantane og deira nærmaste sine erfaringar og forteljingar, kjem dei sosiale og erfaringsnære betydingane av migrasjonen fram. For informantane var erfaringar og impulsar opplevd på fleire *stader* vore relevante i korleis deira livsverder er blitt konstruerte. Men menneske relaterer seg ikkje berre til fysiske stader, men også til sosiale liv på desse stadane. Slik vert det av alle danna sosialt konstruerte rom menneske lever og erfarer livet gjennom. Det er desse sosiale romma som er interessante for korleis møta mellom migrantane og det lokale livet i Tadsjikistan fungerte. Det var nemlig tydelig å sjå at dei som hadde arbeid i Russland hadde erfaringar frå tida der som var med å prege korleis dei såg på verda og opplevde kvardagen.

I familien til Muhniso og Bobo var det ein av mennene som skilde seg noko ut i forhold til dei andre familiemedlemma, nemlig Parviz. Han kjeda seg heime på tunet. Ein dag vart eg med då han sette seg i bilen sin og køyrde til sentrum av Bokhtar, ein tettstad nokre kilometer frå Kurghan Teppa. Den

to år gamle dottera hans var også med på køyreturen, noko som gav mora hennar eit svært sjeldan avbrekk i arbeidet med å passe på ho. Vi køyrde til bensinstasjonen, fylde eit par - tre liter med bensin og han prata litt med nokon der før vi køyrde vidare. Han veksle mellom å køyre fort og sakte, og han skulle ingen spesiell stad. «*Det er så kjedelig her! Ingenting som skjer*», sa han til meg medan han køyrde. Noko rastlaus køyrde han kilometra tilbake til huset. Det var merkbart korleis han på eit vis var meir i vegen for dei som arbeidde på tunet enn å vere til nytte. Veslebror hans på 19 sat saman med kvinnene og lagde klar mat til silkeåmene, også med tydelige uttrykk for at han ikkje var så nøgd med situasjonen, men han arbeidde litt innimellom. Parviz forstyrta dei på tunet med pratet sitt, og ønska sine om at noko kjekt skulle skje. «*Bilen min er så stygg*», sa han medan han flytta litt på nokre av greinene dei heldt på å reinske med foten. I ein periode når åmene skulle vekse mest mogleg arbeidde dei i timevis kvar dag med desse greinene, og han kom bort til der dei sat for å prate og for å få tida til å gå. Den eldre søstera hans, Shahlo, sa ofte at han var lat og irriterande, og at han ikkje gjorde nytte for seg, men berre kravde og kravde frå dei andre. I følgje ho hadde han heller ikkje klart å ha med seg noko særleg pengar dei gongane han hadde kome attende frå Russland. Det var på ein måte så langt frå hans unyttige aktivitetar og kvinnene i hushaldet som heldt på, dag etter dag, med arbeid på og utanfor tunet.

Jamvel om ikkje alle som var på heimeopphald var som Parviz på alle område, mange arbeidde meir enn han, så var handlingane og måten han var tilstades på i lokalmiljøet, noko eg såg igjen også hjå andre unge menn. Dette hadde ikkje berre med at dei har arbeidd i Russland, men også med dei lokale arbeidstilhøva, eller mangel på arbeid, å gjere. I tillegg til handlingane deira skilde også samtaleemna deira seg frå andre. Dei viste mindre interesse for mange tema enn dei andre familiemedlemma. Kroppsspråk og respons kunne vise at dei syntest det var kjedelig å snakke om tema med svært lokal karakter. Samanlikna med andre unge menn ga dei ofte uttrykk for at det var kjedelig å snakke om bomulls- og silkeproduksjonen, arbeidsforhold, bryllaup som skulle haldast, prisar på matvarer og liknande. I tillegg var dei også interesserte i å snakke med meg om andre tema enn det andre var, og ville vise at dei kjende til europeiske forhold. «*Korleis er husbygginga i Noreg? Kva byggjer de hus av? Kva er ei vanleg lønning der? Kva pleier de å finne på der på kveldane?*» Spørsmåla frå dei som hadde budd i Russland var merkbart annleis. Fleire hadde budd i storbyane St Petersburg og Moskva og med det fått nye kunnskapar og møte med andre samfunn enn sitt eige.

Slik eg oppfatta desse unge mennene sine kvardagar når dei var på midlertidig heimeopphald i Tadsjikistan, både ut frå handlingar og utsegn, var det som om fleire av dei var mindre tilstadeverande enn andre. Dei var ikkje berre opptatte av livet i Russland eller Noreg, men dei var

også opptatte av korleis livet var i USA, Pakistan, Kina og så vidare. Dei hadde fått eit anna perspektiv på verda enn dei andre. Eg vel å sjå dette som at dei hadde fått del i ein slags universell eller global måte å sjå verda på. Dei såg livet og verda med eit blikk som *både* var lokalt og universelt på ein gong, noko ein kan kalle ein typisk moderne bevisstheit (Nkosi i Rapport og Dawson 1998:23). Ein med ei slik tilnærming til livet vil i stor grad forsøke å abstrahere lokale erfaringar opp på eit globalt nivå, og samanlikne samfunnet sitt med andre samfunn ein har vore i eller kan sjå for seg at eksisterer. Forholdet mellom stad og rom vart med slike samanlikningar annleis for desse unge mennene. Deira måte å vere i verda på, deira erfaringsgrunnlag, og med det deira oppleving av tilhøyre, var ikkje lenger på same måte som før berre knytt til den lokale staden dei budde og det sosiale livet som var der. Deira rom bestod av deira erfaringar, stader dei hadde eit forhold til og menneska dei hadde eit forhold til, noko som var delvis gøymd for dei familiemedlemmane som ikkje hadde dei same erfaringane. Når det kom til lokalt tilhøyre hadde dei fått ein bevisstheit om at dei potensielt sett kunne budd ein annan stad (Rapport og Dawson 1998). Dei hadde fått ei ny forståing for at det finst svært ulike samfunn, med ulike kulturar og tradisjonar, noko mange andre, spesielt kvinnene berre ville oppleve gjennom tv.

Dei nye erfaringane deira hadde implikasjonar for deira opplevingar av å ta val og det å reflektere over egne og andre sine val. Jamvel om val av arbeidsstad var langt frå individuelt, men snarare svært kollektivt, og at moglegheitene rundt arbeidsplass ikkje var særleg mange, hadde desse mennene sett og erfart noko anna. Det oppstod med dette eit slags brot i kommunikasjonen mellom arbeidsmigrantane og dei som ikkje hadde liknande erfaringar, noko som var spesielt tydelig mellom menn og kvinner. Andre menn, som ikkje sjølv hadde arbeidd i Russland, hadde ofte likevel ein slags føresetnad for å kunne relatere egne opplevingar til dei nye andre menn hadde. Spesielt gjaldt dette relasjonen mellom noko eldre menn og yngre. Menn mellom 18 og 25, som var overrepresenterte som arbeidarar i Russland, kunne slik styrke sitt forhold til menn i eldre generasjonar som ofte hadde egne migrasjonserfaringar som kunne likne gjennom militærtjeneste i ulike deler av Sovjetunionen eller arbeids- eller studieerfaringar frå Afghanistan eller Pakistan. Mange av dei hadde budd ein annan stad, noko dei færraste av kvinnene hadde. Slik vart avstanden mellom kvinner og menn forsterka i større grad enn den mellom menn, når det kom til slike sosiale rom knytt til andre samfunn enn sitt eige.

Innanfor og utanfor havli

Segregering mellom kjønna, slik det vart praktisert på lokalt tadsjik vis, fungerte begge vegar. Kvinnene hadde sine rom i det private som stengde menn ute, og det same gjaldt menn. Ei samling

med menn i eit rom, eller kanskje berre ein mann, ekskluderte i ein del tilfelle kvinner frå å gå inn i rommet. Eit døme er korleis det fungerte heime hjå Zebo og Jamshed. Dersom ei nabovenninne kom til Zebo, gjekk inn porten og hørde at Jamshed var inne gjekk ho heim igjen, utan å gje noko teikn til at ho var utanfor. Segregeringsprinsippet gjaldt også andre vegen. Når nabokvinnene til Zebo var på besøk hjå ho på dagtid, og lunsjpausen til Jamshed var på eit tidspunkt slik at han kom heim når Zebo hadde besøk, sat han ute i hagen og venta til dei hadde gått. Frå hagen signaliserte han av og til med ein liten lyd eller to at han var komen, så dei skulle gå ut av stua og heim til seg sjølve slik at han kunne komme inn. Det førekom aldri at nabokvinnene var i huset samtidig med Zebo sin mann. Heilt andre reglar gjaldt mellom familiemedlem og slektningar. Dersom nære slektningar av ulikt kjønn var i same rom, til dømes onkel og niese eller svigerinne og svoger, var det andre normer for samhandling. Då kunne kontakten vere nær, ved at kvinner og menn gjorde ting saman, til dømes ete, prate, klemme eller sjå på tv. Aktivitetar som det ville vere uaktuelle å dele med meir framande menn. Kontakten mellom kjønna vart regulert gjennom slike normer, og kontakt med slektningar var for informantane den primære tilgangen til kontakt med personar av det andre kjønn. Praksisane når det kjem til kontakt vart i forhold til bruk av rom, som vist over med Zebo og Jamshed, regulerte gjennom skilje mellom privat og offentleg.

Dette leier attende til der dette kapittelet starta: Korleis det lokale familielivet og dei lokale arbeidsdelingstradisjonane møter den nye situasjonen med arbeidsmigrasjonen ut av landet. Familiene relaterte seg til det å sende menn ut av landet for å arbeide med eit sterkt utgangspunkt i dei allereie beståande praksisane i forhold til arbeid og kjønnsroller. Eg argumenterer for dette fordi eg gjennom informantfamiliane såg at familiemedlemmane gjennom *kven* dei sendte, og kva forventningar dei hadde til desse mennene, handla etter lokale mønster i ei ny tid. Jamvel om tradisjonar bestod i møte med endringane viste Shukurona korleis det at mannen hennar arbeidde i Russland var med på å endre og påverke familielivet. "*Sjå, eg gjer alt mannearbeidet!*" utbraut ho ein gong ho hadde kome heim frå marknaden. Det var likevel raskare å få auge på korleis informantane fann løysingar på problema som oppstod ved at det mangla menn i hushalda. Løysingar som gjorde at dei slapp å endre arbeidsdeling basert på kjønn. Det var til dømes svært sjeldan at Shukurona, som den respektable og ganske religiøse kvinna ho var, drog til marknaden. Ho gjekk heller turen motsatt veg, bort til brørne sine, for å hente varer der som dei handla til ho. Slik løyste ho, så godt det let seg gjere og i samarbeid med andre familiemedlem, dei utfordringane som oppstod på grunn av at det berre var kvinner og barn i hushaldet deira. Dei viste kreativitet, og dei hadde tenkt gjennom og snakka om desse problemstillingane allereie i forkant av at mannen drog. Slik møtte dei den nye tida aktivt, med dei nye arbeidsutfordringane som oppstod.

Mine informantar knytte anstendighet til kvinners tilknytning til den private sfæren. Det var "synd på" dei kvinnene som arbeida i det offentlege. I dei tilfella eg høyrde kvinnene uttale seg om det gjorde dei ei slags inndeling av arbeidande kvinner i to kategoriar - dei som dei sjølve kunne identifisere seg med, som hadde arbeidet sitt i heimen, og *dei andre kvinnene*, som var "moderne" og i tillegg hadde arbeid i det offentlege. "Dei moderne kvinnene" var på ein måte ikkje ein del av deira røynd, og ikkje ein del av deira sosiale omgangskrets, og i fleire tilfelle omtala som vanskelige å relatere seg til og omgåast då dei vart opplevd som så annleis frå dei sjølve. Her kan det vere interessant å merkje seg korleis kvinnene omtala andre kvinner som moderne og tradisjonelle, men aldri menn. Menn var verken moderne eller tradisjonelle, og slapp å posisjonere seg i forhold til desse kategoriane på same måte som kvinnene. Dette har å gjere med arbeidsdelinga ut frå kjønnder det vart sett som det ideelle at kvinner arbeidde heime. Det hendte også i samfunnet at kvinner arbeidde utanfor heimen. Samtidig var det heilt uvanleg at menn arbeidde heime, og ikkje berre med matlaging, reingjering og pass av barn, men alt arbeid i den heimelege sfæren. Ut ifrå denne arbeidsdelinga var det slik at kvinner kunne sjåast s

om tradisjonelle eller moderne, medan menn i større grad var menn uansett kva arbeid dei hadde. Kjønnroller og arbeid heng slik saman med eit samfunn i endring. Kvinners arbeid var i Tadsjikistan eit symbol på familien sin ståstad i forhold til tradisjonalt, modernitet, moral og endring. Dette vart uttrykt gjennom at menn hadde ansvaret for kvinnene sin arbeidssituasjon gjennom at deira rykte også hang saman med om dei klarte å forsørgje familien utan at kvinnene måtte bidra økonomisk. Dette kapitlet har vist samanhengar mellom den beståande lokale bu - og arbeidspraksisen og arbeidsmigrasjonen til Russland. Menn er dei som drar, og arbeider utanfor havli, medan kvinner som regel blir og arbeider innanfor.

Kapittel 5: Maktforhold i familien

Dei føregåande kapitla har i stor grad dreidd seg om forholdet mellom mann og kvinne. Det gjer også dette kapitlet, men det tar også for seg korleis ekteskapsrelasjonen og andre viktige familierelasjonar inngår i eit større nett av relasjonar som saman utgjer eit slektskapssystem. Maktfordelinga eller autoritetshierarkiet i Tadsjikistan, er bygd opp ut frå dei sosiale kategoriane kjønn og alder (Harris 2004). Dei føregåande kapitla har vist noko av kjønnsdimensjonen i maktfordelinga, medan dette kapitlet også viser litt av det livssykliske og med det aldersdimensjonen som faktor. Når kvinnene blir mødrer og eldre får dei i Tadsjikistan ein annan status i familien og samfunnet, og med det meir makt og påverknadskraft. Eit viktig perspektiv i analysen er korleis denne samfunnsstrukturen vart opplevd av dei som ikkje passa inn i familieideala. Gjennom desse som vart sett på som avvik og utanfor, kan ein få kunnskap om korleis normer og tradisjonar fungerte i praksis. I dette kapitlet, som i resten av oppgåva, er det praksis og informantar sine erfaringar som er i sentrum. Eg skal forklare kvifor dei som opplevde familierelasjonane som problematiske eller graverande gjorde det. Her dreier det seg ikkje berre om slekt i seg sjølv, men slektskapssystemet som forklaring på liding og maktforhold, dei delane av livet som var veldig vanskelige for nokre av kvinnene. Samfunnet si vektlegging av slektskapssystemet og betydninga av familien som institusjon gjorde at alle kvinner hadde behov for tryggleik, flaks, og at det var viktig for dei alle å sikre si eiga og barna sine si framtida, gjennom eit eigna ekteskap i ei eigna slekt. Til sist viser eg kva som var med på å legitimere ulike haldningar, handlingar og solidaritetssystemet i si heilskap.

Betydinga av å ha barn

Shahlo fortalde om korleis ho opplevde ekteskapet sitt frå starten for mange år sidan. Ho hadde ein kjæraste då ho gifta seg, og ho sa at ho var full av sorg då bryllaupet hennar skulle stå, *“Eg har møtt han fleire gongar etter eg blei gift. Han er også gift no. Ein gong eg møtte han ville han at vi skulle dra av garde, til Russland. Og eg møtte han igjen eit par år etterpå, og då ville han ha meg med til Iran”*. Men Shahlo ville ikkje dra med han, for ho hadde jo fått barn. Ho kunne ikkje berre dra frå dei små barna sine, sa ho. Shahlo viser noko av betydninga det å få barn har for tadsjik kvinner, ved at felles barn heldt dei saman som ektepar. Fleire av naboane til Zebo tok opp tema kring barn, og kor mange barn, som faktor i forholdet sitt til både ektemann og svigerfamilien sin. Fleire søkte all hjelp dei kunne få for å bli gravide, anten for første gong dersom dei ikkje blei raskt gravide etter bryllaupet, eller for det å få fleire barn. Dei sa dei var redde for å bli skilde og alle konsekvensane det ville få. Ei av desse nabokvinnene sa at ho kjende seg plaga av svigermora si fordi ho ikkje var

blitt raskt gravid etter bryllaupet. Ho fekk høyre at det var hennar plikt å gje mannen barn og at ho difor var ei dårleg kone og svigerdotter. Ho vart meir og meir desperat ettersom månadane gjekk og ingen graviditet oppstod. Det var ikkje berre denne kvinna som uttrykte bekymring for graviditet og det å få barn. Det var knapt mogeleg å treffast ein del kvinner samtidig hjå Zebo utan at dette vart snakka om. Metodar for å få barn vart diskutert, erfaringar utveksla, tårer grått, bønner bedt, lykkeritual utført - for at kvinnene kunne få fleire barn.

Samfunnet fungerte slik at mellommenneskeleg solidaritet var noko som gjaldt innanfor familiar og hushald, og ikkje noko som myndigheitene hadde så mykje med. Myndigheitene involverte seg i høgste grad i korleis privatøkonomi skulle fungere og regulerast, til dømes gjennom å lage nye lovar tilpassa nye tider. Likevel var det ikkje noko særleg innblanding frå statleg hald når det kom til dei mange som mangla familieband som kunne stå for solidaritet, inntekt og omsorg. Jamvel om familiebanda var viktige også i sovjetisk tid og til dømes var med å forsterke høge antall barn per familie (Falkingham 2000:9), kan samfunnet i 2007 stå i kontrast til tidlegare når det kom til dei som fall utanfor solidaritetssystemet. Det er desse menneska som er i fokus her, samt korleis mekanismane kring det å falle utanfor fungerte. Gjennom å sjå korleis kvinnene var strategiske i sine maktrelasjonar viser eg deira posisjonar og handlingar ovanfor det urettvise som dei forholdt seg til. Ein grunn til å ønske seg - og lengte etter barn, var også det langsiktige omsynet om kven som skulle vere dei næraste og kven som skulle forsørgje i framtida. Utan barn ville ei kvinne, som i Tadsjikistan var avhengig av å høyre til i eit hushald, gå ein vanskelig alderdom i møte.

Maktrelasjonar

Fyrste veka i juni heldt Nargis på å gjere i stand til bryllaup for sonen sin som nyleg hadde kome attende frå ein periode med arbeid i Russland. Tunet hennar var slik som mange i det sørlege Tadsjikistan med nokre gamle, små hus, eit større nybygd hus og ein liten grønsaksåker med toalettbygg/utedo i motsatt ende av husa. Husa låg på rekkjer, med murar som skilde eigedommane og med kvar sine portar ut mot den rette veggen. På begge sider av vegane var det grave ut grøfter slik at elva rann forbi utanfor husa. Desse dagane var det mange folk hjå Nargis. Nokre slektningar av ho var komen frå andre stader som gjester, men også mange av nabokvinnene var der. Denne dagen var det uvanleg mykje aktivitet på tunet og i husa. Unge og eldre nabokvinner hjelpte Nargis med å ordne til bryllaupsfest. Shirin var ein av dei nærmaste naboane, og var mykje hjå Nargis. Ho inviterte meg og Sarina bort til huset ho budde i, vekk frå alt «kaoset» hjå Nargis.

Gul vart også med over gata til Shirin. Vi satt og snakka inne, og Shirin byrja snart på eige initiativ å fortelje om livet sitt. Ho innleia med å fortelje korleis ho hata menn og ville unngå dei mest

mogeleg, dette hadde ho fortald om før ved fleire andre anledningar. Det var lett å sjå at ho hadde eit meir spent forhold til menn enn dei andre kvinnene hjå Nargis, blant anna på korleis ho såg ned i bakken eller i ei anna retning, og dekkja ansiktet ekstra godt til med sjalet sitt når det kom menn i nærleiken. Slik vart det elles så vakne blikket hennar forandra når menn kom inn i rommet. Shirin vart gift ganske ung, og flytta frå landsbyen utanfor byen Kurghan Teppa og inn til sentrum. Der budde ho og mannen i ei leilegheit og fekk tre barn saman. På 90-talet, under krigen, byrja han å ruse seg ved å røyke heroin, og han byrja å mishandle ho. Den fysiske mishandlinga haldt fram i fleire år og vart verre og verre, heilt til ho valde å ta med seg barna og dra til foreldra sitt hus i landsbyen. Shirin fortalde at den dagen ho kom attende dit vart mora hennar sint og kravde at ho straks drog tilbake til mannen sin. Shirin nekta å dra tilbake, og fortalde oss at ho då var så alvorleg sjuk at ho vart sengeliggande i nesten eit år. Ho fortalde at ho hadde beinbrot, sår og alvorlege nerveskader som gjorde at ho framleis etter fleire år buande i foreldra sitt hus hadde smerter i ryggen.

Kva var det som gjorde at mora til Shirin prøvde å avvise ho då ho kom alvorleg skada heim? Korleis kan ein forklare kvifor ho ville tvinge dottera til å dra tilbake til den valdelege mannen sin? Til trass for at ekteskapet betydde alvorlege lidningar for dottera, var altså normer og forventningar frå omgjevnadane med på å påverke foreldra hennar, og det er dette systemet av normer og tradisjonar som sosialt og moralsk vart opplevd så mektig for informantane. Slektssystemet var bygd opp av maktfordeling ut frå kjønn og alder. Ideelt sett så skulle Shirin høyre til hjå mannen sin. Ho var gifta vekk, og det ville vere «*feil*» dersom ho skulle bu i barndomsheimen sin. Ho var like malplassert som Gul ville bli i sitt hushald dersom ho ikkje vart gift innan eit par års tid. I barndomsheimen var det brørne hennar som høyrde til, saman med deira koner og barn, og ikkje ho som gift dotter. I tillegg til det sosialmoraliske kjem det praktiske. Nabolaget som Shirin budde i var eit der dei aller fleste hadde store økonomiske utfordringar, inkludert Shirin sin familie. Shirin, og andre kvinner, bidrog veldig lite der reint pengeøkonomisk, og med Shirin og tre barn til under taket vart sjølvsgt den økonomiske belastninga større. Kanskje var det slik at mora til Shirin gjerne ville la dottera flytte inn igjen var det ikkje for dei materielle vanskane, men synes det var betre å seie at det handla om kva som var sømeleg og moralsk riktig. Dette kunne i så fall stemme godt overeins med korleis mange var svært opne og pratsame om nære relasjonar, ekteskap og intimitet, men sjeldnare om økonomi og praktiske vanskar. Nokre menn var opptatt av å vise at dei hadde pengar og inntekt, jamvel om det kunne vere tydeleg for alle at dei hadde vanskar med å skaffe det dei trong i det daglege. Altså var det viktig å verkje rik framfor andre, viktigare enn å vere det i røynda. Kanskje var det slik at det i mange høve vart snakka om moral, kva som passa seg og kva

som var "mest tadsjik", jamvel om det mest tungtvegande for avgjerder var praktiske og økonomiske faktorar.

Medbestemming

Under skal eg vise ved fleire empiriske døme korleis familieorganisering hjå informantane var hierarkisk oppbygd, og korleis dette betydde manglande mogelegheit til medbestemming i avgjerder for enkelte, som igjen fekk konsekvensar for livssituasjonane. Dette avhenger av kor den enkelte er i hierarkiet, som er bygd på kategoriane kjønn og alder. Å ha avgrensa mogelegheiter til å påverke eigen situasjon er i stor grad innlært ved ung alder, noko som gjer at ein forstår kva reglar ein har å forholde seg til i forkant av at dei store avgjerdene skal takast av nokon andre enn ein sjølv. Slik, i tillegg til det å kjenne dei andre familiemedlemmane, forstod informantane når det er mogeleg å påverke situasjonen sin og når det er umogeleg. Likevel vil eg argumentere for at kvinnene eg har hatt kontakt med reflekterte mykje over egne ønske, men visste når dei var avmektige i å få ønska oppfylt og av den grunn lot vere å gå utanfor den rolla dei er forventa å ha i dei tilfella.

Mykje tid under feltarbeidet vart brukt heime hjå Zebo. Ho var gravid i sjuande månad då vi vart kjend. Mannen hennar arbeidde som bilmekanikar på ein verkstad, og var difor mykje borte frå heimen på dagtid. Dette, og at det ikkje var fleire personar i hushaldet, gjorde heimen deira til ein stad der nabokvinner kom på besøk i ledige stunder. Det vart tidleg tydeleg for meg at naboar var viktige som sosiale kontaktar for Zebo, noko som også viste seg å gjelde for mange andre kvinner i Tadsjikistan. Zebo gjekk sjeldan langt frå hageporten, og trefte derfor sjeldan folk andre stader enn i si eiga gate, så for kven ho skulle omgåast var det avgjerande kven som budde i gata.

Eg og Sarina fekk raskt merke at Zebo hadde eit spesielt godt venskap med kvinna som budde i huset på andre sida av vegen, Shahnosa. Zebo sa at sidan dei fleste kvinnene i gata var eindel eldre enn ho sjølv var det kjekt då Shahnosa på hennar eigen alder flytta til nabolaget eit par år tilbake. Shahnosa kom svært ofte på besøk til Zebo. Ho lo og prata mykje, men blei sjeldan lenge. Ho hadde mykje arbeid gjennom vinteren sidan mannen hennar var kome attende frå Russland, og svigerfar hennar budde med dei ein periode han var sjuk. I tillegg til svigerfaren hadde ho fleire barn å ta seg av. Ho hadde difor alltid noko å gjere, og var sjeldan lenge hjå Zebo, ofte berre ti minutt, før ho var på veg tilbake til huset over vegen for å gjere noko. Det vart mange besøk kvar dag. Ho var, som dei fleste av informantane mine som budde i storfamiliar, mykje opptatt med praktisk arbeid i og utanfor huset. Det var annleis for Zebo, som i tillegg til å ikkje ha så mange i hushaldet sitt også var

høggravid. Dette gjorde huset hennar til ein ypparlig stad for pausar i arbeidet for Shahnosa. Som regel når dei var i lag såg dei på TV eller film og prata.

I tillegg til å ha pause frå arbeidet var besøka hjå venninna ein mogelegheit for Shahnosa til å prate og dele gledene og sorgene sine med nokon. Zebo fortalde oss om igjen og om igjen korleis det at dei begge hadde problem med mennene sine var viktig for at dei hadde blitt så gode venninner i utgangspunktet. Fleire gonger høyrde vi Shahnosa fortelje korleis ho og mannen hadde krangla, og at mannen hadde slått ho anten same dagen eller den siste natta. Det var tydelig at det gav ho trøst å dele dette med venninna, noko som stemmer med det Zebo fortalde oss om at dei styrka kvarandre til å halde ut med mennene sine. *”Vi hjelper kvarandre slik at vi ikkje gjev opp, slik unge kvinner ville gjort”*. Det var tydelig at denne vennskapen betydde svært mykje for dei begge.

I midten av februar fortalde Shahnosa oss at mannen hennar hadde bestemt at dei skulle flytte attende til staden han var frå for ein periode, og leige ut huset sitt i Dusjanbe. Han skulle reise til Russland for å arbeide igjen, og ville at ho og barna skulle bu saman med foreldra hans i fjellandsbyen medan han var borte. Eit par dagar etter ho hadde fått vite om denne planen kom det nokre potensielle leigebuarar for å sjå på huset deira, og ho førebudde seg på å flytte i nærmaste framtid. Siste gong eg trefte ho uttrykka ho at ho var glad for at det berre var for ein periode, og at dei skulle flytte attende til hovudstaden om eit år eller to. Nokre dagar seinare vart det klart at huset i røynda var seld, og at planen aldri var å leige det ut. Mennene som var og såg på huset veka før var der for å kjøpe huset, og ikkje for å leige det. Mannen til Shahnosa hadde meint at ho berre ville bli uroleg dersom han fortalde det til ho før, og venta difor til etter salet var i orden. Zebo hadde håpa at Shahnosa skulle vere der til mars då barnet hennar skulle fødest, men no visste ho at ho mest sannsynleg aldri kom til å treffe venninna igjen. Det gjekk omlag to veker frå Shahnosa fekk vite at dei skulle flytte til det hadde skjedd.

Det var mannen til Shahnosa som bestemte at dei skulle selje huset og flytte. Det var han som bestemte at ho skulle bu i landsbyen med foreldra hans, og saman med brørne hans og deira koner og barn. Det kunne virke som at Shahnosa sitt ønske om å halde fram med å bu i Dusjanbe ikkje var relevant for denne avgjerda. Kva var bakgrunnen for at mannen hennar handla på denne måten? Korleis kan vi forklare at Shahnosa vart halden utanfor prosessen? Det er openbart at Shahnosa på mange måtar levde under mannen sin kontroll. Han bestemte også andre ting, blant anna at ho ikkje, om ho ville eller ei, skulle arbeide utanfor heimen, kva ho skulle gjere av arbeid i heimen og som skildra over, noko så viktig som kor og med kven ho skulle bu. Det er fleire forklaringar på mannens handlingar og veremåte, og kva det var som legitimerte hans kontroll over ho. Sentralt her er det ansvaret som i stor grad ligg på menn i Tadsjikistan når det kjem til det økonomiske ansvaret

for familien. Slik vert det relevant å sjå på arbeidsdeling mellom Shahnosa og mannen, og mellom kvinner og menn generelt. Komplementære roller i hushaldet når det kjem til arbeid er noko av det som gjorde det umogeleg for Shahnosa å bu aleine med barna i Dusjanbe. Dersom ho hadde budd aleine utan mann i huset ville det brakt skam over både ho og mannen. Det som er med å legitimere denne overtydinga var at det var "tadsjik". Det var i deira auge, både Shahnosa og mannen sine, berre "moderne" familiar som hadde ei slik haldning overfor kvinner at dei kunne bu utan menn eller svigerfamilie i huset. Det ville betydd eit betydelig tap av ære for mannen hennar dersom han ikkje klarte å vere ansvarleg for inntekta til familien, og dersom ein ser på det økonomiske aspektet ved flyttinga vert det å inkludere Shahnosa i avgjerda uviktig fordi det på ingen måte var hennar ansvarsområde.

Det var praksis i familiar at nokon tok avgjerder som fekk store konsekvensar for andre familiemedlemmar, det vere seg for barn, ungdommar, kvinner og menn. Shahnosa og andre personar som opplever at andre familiemedlem tek avgjerder som får konsekvensar for dei, *har* måtar dei kan prøve å påverke avgjerdene på, anten verbalt, indirekte gjennom andre familiemedlem, eller ved praktiske handlingar som til dømes å nekte å gjere arbeidsoppgåver eller å ete (Harris 2004:14). Dette kjem i tillegg til at dei kan påverkje omgjevnadane ved å oppleve dei på ei rekkje ulike subjektive måtar (Jackson 2005). Jamvel er det viktig å merkje seg at sjølv om ein kan prøve å påverke den som er mektigare enn seg sjølv i familien, betyr ikkje dette at det alltid fører nokon veg. Mektigare familiemedlem kan sanksjonere slik motstand, og i Shahnosa sitt tilfelle var eit sannsynleg sanksjonsmiddel fysisk vold. Eit individ sin innsats for å påverke si eiga framtid må sjåast i ein kontekst av tradisjon som er under forhandling, påverknad og endring. Det er til trass for slik dynamikk og kvinner sine handlingsmogelegheiter viktig å sjå korleis informantane var medlem av eit samfunn der dei, som alle menneske, hadde vorte sosialiserte inn i idear, roller og normer frå dei er små barn, deriblant maktrelasjonar (Harris 2004).

Idear om underordning og det å vere lydige er sentrale omgrep for å forstå det mine informantar kalla for «tadsjik familiar», og det å vere «tadsjik kvinne». For at eit slektskaps- og familiehierarki skal fungere er det avhengig av eit nett av relasjonar der den eine parten er lydige og den andre parten dominerer. Slike relasjonar er komplekse sidan alle familiemedlem vil stå i eit maktforhold til dei andre medlemmane, og utøve makta og avmakt ettersom dei står i ulike relasjonar med dei ulike medlemmane (Foucault i Harris 2004:14). Eg vil hevde at mine informantar, som alle var del av eit slektskapssystem basert på underordning og makt, var i ein posisjon der det eksisterte mange tilfelle og livssituasjonar der andre familiemedlem tok avgjerder for dei. Shahnosa står ikkje som eit unntak, men representerer heller det normale i sin samanheng.

Kva er bakgrunnen for desse forholda mellom kvinne og mann? Ekteskapet som institusjon er del av ein syklus, der «å gifte bort» eller «å ta» (*giriftan*) ei jente er ein viktig del. Eit virilokalt busetnadssystem er utbreitt, der ektefellane bur saman med mannen sin familie. Ekteskapa startar ved at mannens foreldre, hovudsakleg mor, vel koner til sønene sine, og får på den måten velje sine svigerdøtrer, *keliner*, slik det vart vist gjennom Shahlo sin prosess. Slik får ein hushald med foreldre og sønene deira med koner og barn. Opplevinga av å bli «gifta vekk» er samansett og i ulik grad fylt med både gode og vonde emosjonar, mogelegheiter og forventningar, men innebar for dei fleste av mine kvinnelege informantar at ein annan person, med makt over dei, tok avgjerda om kven dei skulle gifte seg med. Dette at jenter skulle bli «gifta vekk», og at foreldra skulle «ta» ei kone til gutane, er noko dei høyrde om frå dei var små barn. Zebo og mannen diskuterte ofte kven den tolv år gamle sonen deira skal gifte seg med i framtida, noko guten høyrde på og deltok i med sine meiningar. Slik bestemming over andre familiemedlem er ein del av ein kulturell praksis, som medlemmane internaliserte i ulik grad, og reflekterte over i ulik grad. Eg vil hevde at alle hovudinformatane viste mykje refleksjon rundt desse tema, men eg møtte også nokre kvinner, spesielt unge jenter, som heller utstrålte enkel glede over at dei skulle gifte seg med ein mann i framtida, at dei skulle få barn, og med dette bli gode koner og mødrer. Ikkje at eit slikt ønske i seg sjølv naudsynt viser mangel på refleksjon, men hjå desse var det ein slik enkel tankegong rundt det, tydelig oppmuntra frå omgjevnadane. Skilnaden på desse jentene, dei som viste refleksjon og dei som ikkje gjorde det, kan knytast til impulsane dei hadde vore i kontakt med. Dei som reflekterte og stilte spørsmålsteikn ved det beståande kan ein seie at ikkje hadde eit doksisk, tatt forgitt, forhold til det som låg framfor dei. Dette kan igjen sjåast som del av moderniseringsprosessar der jentene og kvinnene var med ved hjelp av sine refleksjonar og haldningar å over tid endre samfunnet sitt (Giddens i Andersen 2004).

Tilbake til Shahnosa. Ho var som mange andre ekskludert når det kom til avgjerder om bustad. For kvinner var det fordelar og ulemper ved å bu med svigarfamilien, mykje avhengig av den økonomiske situasjonen, arbeidsforholda og relasjonane til dei enkelte familiemedlemmane, spesielt relasjonen til svigermora og eventuelle svigerinner (*janga*). Det var for mange viktig å ha svigerdøtrer buande hjå seg på grunn av deling av arbeidsbyrden mellom kvinnene. Men det var også i andre forhold enn mellom ektefellar, og mellom tenåringar og foreldre såg personar bestemte direkte over andre. Zebo hadde fortald meg mange gongar i januar og februar korleis ho hadde måtta reise til mora si etter fødselen av den då fire år gamle dottera si. Eg vart fortald av andre at det var tradisjon at ei mor i barsel skulle vere førti dagar heime hjå foreldra sine etter fødsel, og fleire uttrykte at dette var ei veldig god ordning slik at dei fekk slappa meir av i tida etter svangerskap og fødsel. Det Zebo også fortalde mange gonger, var at ho ikkje ønska å dra dit etter

den førestående fødselen i mars. Ho ville vere heime hjå seg sjølv i Dusjanbe, i fred og ro utan mora, søstrer, nieser og nevøar. Då eg kom på besøk til ho i midten av mars, tre dagar etter dottera var født, var mora hennar på over 60 år der, klar til å dra med Zebo og barna heim til Shartuz, fleire timers køyretur unna. Det var ikkje noko spørsmål om Zebo skulle dra eller ikkje. Til tross for store smerter etter fødselen, og framleis lita lyst til å dra, var det berre å pakke tinga og gjere seg og barna klare så dei kunne dra eit par timar etter at mora var komen.

Slik eg ser det var det ingen problem å fortelje meg og nabovenninnene sine at ho ikkje ønska å dra etter fødselen, men når mora hadde reist den lange turen frå sør for å hente ho var det ikkje aktuelt å setje seg imot mora sitt ønske. Under mitt besøk hjå dei i Shartuz veka etter, viste det seg at mora hadde mange ønskje om kva Zebo skulle gjere og ikkje gjere, og at Zebo ikkje brukte noko energi på å diskutere med mora, men å heller kommentere mora sine krav når ho ikkje var tilstades i rommet. Det var altså viktig for Zebo å ikkje setje seg opp mot mora sin vilje slik at mora merka det, sjølv om ho hadde andre ønske sjølv. Det var altså naudsynt med avstand mellom dei, at dei budde i ulike byar, for at Z kunne vere utanfor mora sin dominans. Når dei var på same stad var forholdet mellom dei slik det hadde vore før, ein mor - dotterrelasjon der mor bestemmer over dottera si. Til dømes vart dette vist gjennom at mora bestemte kva dottera skulle gjere i barseltida. *"Du må ha på deg jakka sidan du har feber"* sa ho til Zebo, og Zebo tok den på seg kvar gong mora var i nærleiken, men ofte av seg igjen når mora var gått ut av rommet, noko som gjentok seg mange gangar per dag. Det var ikkje berre Zebo som opplevde at foreldre - barn relasjonen med omsyn til makt ikkje endra seg stort til tross for at ein blei vaksen. Mi tolking av desse relasjonane er at slektskapssystemet la til rette for eit vedvarande barn - vaksen forhold mellom foreldre og barn.

Makt og refleksjon

James Scott (1990) lanserte omgrepa "hidden transcripts" og "public transcripts", for å vise korleis forholdet mellom "dei dominante" og "dei underordna" i ei samfunnsordning kan fungere i praksis. Det skjer gjennom at "dei underordna" skjuler sine meiningar i offentlege samanhengar der "dei dominante" også er tilstades, og ytrar dei i meir "gøymde" (*hidden*) samanhengar der dei er aleine eller saman med andre mindre mektige personar. Dette kan kallast eit hierarki med personar i asymmetriske posisjonar. At eg var med og deltok og observerte kvinnene i ulike sosiale samanhengar med ulik grad av offentlegheit, gjorde at eg fekk innblikk i samhandling som varierte etter sosial samheng dei var i. Likevel, denne distinksjonen mellom "dei dominante" og "dei underordna" impliserer at kvinnene frykta mennene og andre som var over dei når det kom til respekt og autoritet, sidan dei ikkje ytra si misnøye i særleg grad når dei var i nærleiken. Eg vil sterkt

løfte fram at kvinnene tydelig ikkje var verken totale offer og at "dei dominante" ikkje var *tyrannar*, slik Scott anviser til korleis "dei underordna" ikkje såg noko poeng i å protestere mot sine overordna (1990). Eg vil heller hevde at kvinnene, trass i at dei kunne ha noko å frykte ved å opponere mot mennene sine, til dømes skilsmål, ikkje protesterte openlyst mot dei også av andre grunnar. Dei hadde lite å oppnå ved å protestere offentleg, meint som i åsyn av andre medlem av storfamilien eller med naboar tilstades, og at det difor ikkje var noko å bruke krefter og tid på. Kvinnene var altså *strategiske* i sine handlingar.

Zebo hadde eit reflektert forhold til sine eigne ønske, noko ho også uttrykte direkte til både oss og mannen sin om hans behandling av ho. Jamvel om ho var bevisst på ønska sine, var det ikkje i hennar interesse, og til hennar praktiske fordel, å arbeide mot mannens og moras vilje og makt. Det var meiningsfullt å fortelje venninner om ønska, men ikkje til dei meir mektige familiemedlemma. Det same gjaldt Shahnosa. Det var trygt å fortelje venninner om ønske om å halde fram med å bu i Dusjanbe, men ikkje trygt eller meiningsfylt å ytre ønske til mannen. Ut frå dette handla dei slik det var best for dei sjølve og barna sine først og fremst. Kanskje var det slik at dei, moglegvis gjennom si frykt for skilsmål og dårlig rykte, var med på å bevare familieeininga. Familieeininga blei ikkje nødvendigvis harmonisk av det, men det var med på å sikre at ho ikkje vart oppløyst, som jo var noko av det verste som kunne skje for alle partar. Dessutan var det ein slags harmoni ein del kvinner var med å lage i familiane. Ved å ikkje kjempe for ønska og draumane sine lagde dei eit familiefellesskap som var prega av stabilitet og ro.

Over har det blitt vist korleis to kvinner, i to liknande situasjonar, fekk beskjed av andre kor dei skulle opphalde seg. Zebo for ein kort periode hjå mora si, og Shahnosa som flytta til ein fjellandsby til svigerfamilien sin. Begge valde å ikkje motsetje seg avgjerda som vart tatt for dei, men begge ytra sterk misnøye i forkant til nabovenninne sine. Snarare enn å berre vise at dei var del av eit gjeve hierarki, viser desse to døma korleis dei stilte seg til praktiske dilemma. Verbalt valde dei å heller snakke om og uttale seg sterkt om sine eigne ønske når dei var saman med venninner, og ikkje ytre noko særleg protestar mot mennene sine. Det vil seie; Det både såg ut som at dei ikkje protesterte direkte mot dei, og gjennom sine forteljingar om konfliktane kom det fram at det var uaktuelt å ta vidare misnøyene sine, til den arenaen som konflikten egentlig utspilte seg på. Slik eg ser det handlar dette om strategiar, om korleis kvinnene medvite snakka, handla og oppførte seg i ulike samanhengar, alt etter som dei vurderte kva dei ønska å oppnå, kva avgrensingar som eksisterte, og slik etter kva som var best både for dei sjølve og for fellesskapa dei inngjekk i. Dette fortel noko om kvinnene si rolle i sine familiar, og korleis relasjonane dei stod i var hierarkiske. Dei hadde svært avgrensa moglegheit til å påverke situasjonen fordi dei skulle underordne seg den andres makt.

Dei inngjekk i eit komplekst maktsystem, der dei igjen tok avgjerder for andre, i første omgang for barna sine men sannsynlegvis også over svigerdøtrer i framtida.

Shahnosa sin mann sitt val om å sende kona si til fjellområdet, til sine foreldre sin havli, kan sjåast som ein måte å sno seg unna dilemma som hørde med arbeidsmigrasjonen, for å unngå at Shahnosa skulle vere attende i huset deira aleine, i eit kvinne - barnhushald. Slik kan ein tenke at til trass for at Shahnosa på mange måtar ikkje ville flytte, og uttrykte det sterkt, så forstod ho kanskje mannens avgjerd. Til trass for at ho uttrykte misnøye med at han hadde haldt salet av huset hemmelig for ho, og med flyttinga i det heile, kan det tenkast at det at ho slapp å ha ansvar for slike økonomiske og praktiske saker, faktisk var noko ho også sat pris på. Det ser eg ikkje som usannsynleg sidan ho tidlegare ytra stor glede over at mannen nekta ho å ta løna arbeid. Korleis Shukurona og mannen hennar i røynda snakka om desse tinga når dei var aleine kan ingen andre enn berre dei vite, men diskusjonar om fordeling av medbestemming mellom ektefellar var ikkje vanleg når andre var tilstades. Det er først og fremst slik "å tale den dominante i mot" er meint i denne samanhengen.

Fleire gongar hørde eg kvinner ytre sine meiningar til mennene sine der dei var usemde. "*Du gifter deg med meg og tok meg frå landsbyen min utan at eg ville*", sa Dil ved eit høve, samtidig som ho lagde eit tydelig fornærma uttrykk. Det var klart for alle tilstades at dette ikkje var meint som noko "revolusjonært", truande mot sjølve ekteskapet deira, forholdet og livssituasjonen. Det var heller noko som berre fekk mannen til å smile, uansett kor påtatt fornærma ho ville framstå som. Dette er ikkje for å seie at ingen av dei kvinnelege informantane gjorde protestar mot ektemennene sine. Zebo sloss ved eit tilfelle i februar med mannen sin og Shahlo utfordra mannen sin verbalt fleire gongar som eg hørde ved å nemne ting ho ikkje likte ved han. I desse ytringane til mennene var det likevel noko teatralisk over det. Kvinnene enten spøka litt, eller det var tydelig for alle tilstades at det ikkje var veldig truande, alvorleg eller praktisk meint. Slik spøk med "den dominante" kan forståast som ein måte å bryte ned kontrollen på, noko som til trass for kvinnene si indirekte og spøkande måte å snakke på gjev slike handlingar tyngde. Over tid kan til og med ein slik måte å vise motstand vere med å endre idear og system (Douglas i Jackson 2005:189). Desse kvinnene var allereie, tydelig uttalt, sterkt innstilt på å bevare ekteskapet. Dei gjorde mange vurderingar i forhold til å bli i ekteskapet, men det verka som at dei alle visste at det var det alternativet som var det mest sannsynlige og det dei mest ønska, og det var innanfor desse rammene dei handla. Slik var frykta for å miste ektemennene, med alt det ville innebære, med på å prege korleis dei stilte seg til dei daglegdagse familiære utfordringane og maktrelasjonane.

Kva var det som legitimerte ulikskap i medbestemming? Kva var det som legitimerte dette autoritetshierarkiet som informantane inngjekk i, og med det handlingane dei gjorde og vala dei tok i familien? Hovudsakleg var det to ulike måtar informantane begrunna familierelaterte haldningar og avgjerder. Den mest brukte forklaringa var at *”det er tadsjik måte å gjere det på”*, medan den andre forklaringa var ut ifrå at det var riktige handlingar ut ifrå islam. Desse overlappa kvarandre også, jamvel om nokre informantar var meir opptatte av, og engasjerte ovanfor islam enn andre. Alle var derimot veldig opptatte av å kategorisere seg sjølve som *”tadsjik”*, ofte som uttalt motsats til *”moderne”*, *”russisk”* eller *”europeisk”*. I termen tadsjik låg det både innhaldsbetydingar av tradisjonalt og muslimsk, og visaversa, med ulike betydingar for dei forskjellige individ og familiane.

I dette kapitlet har eg vist kva plass og funksjon slekta hadde for informantane, spesielt med fokus på ulik fordeling av godet medbestemming i familiane. Vidare om korleis det for dei kvinnelege informantane var viktig å få barn for å vere ei vellukka svigerdotter, og bidra på den måten ei kvinne kan til å utgjere den tadsjikiske idealfamilien. Ekteskapet som institusjon, fungerande slik at jenter skulle ut av barndomsheimen sin for å aller helst ikkje returnere, var viktig for at slektskapssystemet skulle fungere og bli oppretthaldt. Gjennom døme om Shirin vart det vist korleis kor verksamme normene kring dette var, samt kor nær samband det var mellom fungerande familierelasjonar og det å ha nok inntekter til å underhalde alle medlemmane av eit hushald. Utan at familiane fungerte slik dei helst skulle var det vanskeleg å dekkje dei daglege behova, noko som forsterka normene kring brot på ideala. Kvinnene i feltet representerte *”dei underordna”* i relasjon til menn som *”dei dominante”*. Dette viste kvinner ved deira handlingar ovanfor sine ektemenn, men også yngre kvinner i møte med eldre kvinner. Kvinnene var strategiske i korleis dei forholdt seg til maktrelasjonane dei stod i, og handla ut frå å bevare familieeininga dei var ein del av, bevare relasjonane som gode, i tillegg til å tenkje på si eiga og barna si framtid.

Avslutning

I denne oppgåva har eg vist korleis ei gruppe menneske sine kvardagsliv har fungert i møte med migrasjon og skiftande økonomiske og politiske tider. Oppgåva har handla om ulike typar tvang; Materiell tvang i form av utryggleik, vanskelige arbeids- og økonomiske vilkår, og det ein kan kalle sosial tvang i form av ulike handlingsmønster som informantane fekk innlært frå barndommen av, med forventningar frå omgjevnadane om å skulle vere med å bidra i den såkalla tadsjik idealfamilien. Dette er ulike typar tvang. På ein litt anna måte kan ein seie at det er ulike faktorar som har vore med å styre informantane sine liv, nemleg dei materielle og dei institusjonelle faktorane. Saman utgjorde ulike tvingande faktorar deler av personane sine utgangspunkt for å handle. Eg har vist i oppgåva korleis informantane hadde, midt i maktrelasjonar, mangel på medbestemming og valfridom og vanskelige forhold mange val å ta i korleis dei skulle meistre livssituasjonane sine. Ikkje minst når det kjem til deira eiga subjektive opplevinga av situasjonen sin er dette viktig. Kvinner handla ulikt i møte med utfordringar både av materiell og sosial art. Forhold mellom ektefellar varierte og eit paradoks er vist i oppgåva ved at nokre ønska seg ut av ekteskapet, men ville mest sannsynleg aldri klare å få det til på grunn av mangel på alternativ, medan andre var redde for å misse ektemannen sin og gjorde alt dei kunne for å bevare ekteskapet. Dette heng saman med slektskapssystemet og viktigheita av det å høyre til i ein familie. Likevel kan eg ut frå funna frå feltet seie at kvinnene i stor grad søkte tryggleik, stabilitet og samhald i familiane, då dette var det dei ønska mest av alt; Ein familie som fungerte og sikra framtida deira og barna deira.

Hushald og familieliv heng saman med arbeid og migrasjon, og verkjer på kvarandre på dynamiske vis. Arbeidsdelinga basert på kjønn, som viktig del av dei beståande lokale praksisar er utgangspunktet for tadsjikiske familiar for å relatere seg til arbeidsmigrasjon til Russland. Slik eg ser det og har vist i oppgåva var det slik at ideane om arbeidsoppgåver gjeve ut frå kjønn var utgangspunktet for å ta fatt på arbeidspendinga til Russland. Vanleg arbeidspraksis ved at menn måtte ut av havli for å arbeide medan kvinner i større grad arbeidde innanfor havli sine grenser, spesielt dersom dei var unge kvinner med barn, vart vidareført gjennom at det var menn som drog til Russland. Det var for fleire kvinner ikkje så viktig om mennene drog til Dusjanbe eller til Moskva, uansett var dei "ute" og arbeidde og oppfylde med det hushalds- og familietradisjonar, som vart sett på som "tadsjik" i motsetnad til "moderne". Akkurat som kvinner møtte tvang og maktforhold ulikt var det slik at ulike ektepar relaterte seg ulikt til arbeidsmigrasjonen. Migrasjonen kunne ha både auka og minka grad av sosial integrasjon, det vil seie nærleik mellom familiemedlemmane. Nokre ektepar missa kvarandre i møte med arbeidsmigrasjonen til Russland, andre vart nærare knytt til kvarandre når det gjaldt samarbeid. Uansett kan ein seie at arbeidsmigrasjonen, i og med at

menn var mykje borte frå familien, har potensiale i seg til å endre tadsjikisk familieliv både i positiv og negativ forstand for dei som står oppi dei økonomiske vanskane som mange i Tadsjikistan gjorde, spesielt befolkinga i Khatlon. Framtida vil vise korleis familieeininga, minne om fortida og arbeidsforhold vil utvikle seg. Endringsprosessar føregår i alle høve.

Tillegg

Kart




Kart over Sentralasia, frå American Social History Online.




Kart over Tadsjikistan frå Geology.com. Viser viktige stadar som er nemnd i oppgåva: Khatlon fylke, byen Gharm, hovudstaden Dusjanbe, byen Kurghan Teppa og byane Mazar-e Sharif og Kundus i Afghanistan.


Hushaldsoversikt




Figur 1. Hushaldet til Zebo og Jamshed, busette i utkanten av Dusjanbe.



Figur 2: Hushaldet til Muhniso og Bobo, busette utanfor Kurghan Teppa i Khatlon fylke sør i Tadsjikistan.



Figur 3: Shukurona sitt hushald. Mannen deltok i arbeidsmigrasjon til Kasakhstan.



Figur 4: Shahlo sitt hushald. Viser kor dei mannlege familiemedlemma arbeide.

Ordliste

badtsja = gut, son, barn

dsjangi barodarkushi = krig mellom brøyr / borgarkrig

dsjang kardan = krangle, sloss, krige

Dusjanbe = hovudstaden i Tadsjikistan, (direkte oversatt: måndag)

gharmi = medlem av solidaritetsgruppa knytt til byen Gharm i Katategin-dalen

havli = hus med hage

kelin = svigerdotter

Khatlon = det sørvestlege fylket

kulobi = medlem av solidaritetsgruppa knytt til byen Kulob i Khatlon

Kurghan Teppa = by i Khatlon

Pandsj = by sør i Khatlon med grenseovergang til Afghanistan

Shartuz = by sørvest i Khatlon, nært grensa til Afghanistan og Usbekistan

vatan = heimstad

Kjeldeliste

Litteratur:

Abu-Lughod, Lila (2008) *Do Muslim Women Really Need Saving? Anthropological Reflections on Cultural Relativism and Its Others*, i: *American Anthropologist* 3/2008, s, 783-790.

Andersen, Hege Salvesen (2004) *Tamilske landsbykvinner mellom fortid og fremtid, En studie av kjønnsrelasjoner og endringsprosesser slik det kommer til uttrykk i et landsbyområde i Sør-India*, Hovedoppgave i Sosialantropologi, Oslo.

Bidney, David (1963) "The Varieties of Human Freedom" i: *The Concept of Freedom in Anthropology* (Ed.) Bidney, David (1963), Mouton & Co, The Hague.

Brown, Judith K. (2006) "Note on the Division of Labor by Sex", i: (ed.) Lewin, Ellen, *Feminist Anthropology - A Reader*, Blackwell Publishing, Malden, Mass.

Connerton, Paul (1989) *How Societies Remember*, Cambridge University Press, Cambridge.

Douglas, Mary (2003) *Purity and Danger, an analysis of the concept of pollution and taboo ; with a new preface by the author*, Routledge, London.

Falkingham, Jane (2000) *Women and Gender Relations in Tajikistan*

http://iiav.nl/epublications/2000/women_in_tajikistan.pdf [Lesedato 02.12.2008]

Harris, Colette (2004) *Control and Subversion: Gender Relations in Tajikistan*, Pluto Press, London.

Harris, Colette (2005) *Muslim Youth, Tensions and Transitions in Tajikistan*, The Perseus Books Group, Westview Books, UK.

Hjelde, Karin Harsløf (2004) *Kritiske perspektiv på antropologiske metoder og teorier i studier av sensitive og eksistensielle spørsmål ved migrasjon og flyktningetilværelse*, i: NAKMIs småskrifter nr. 1/2004, Oslo.

Jackson, Michael (2005) *Existential Anthropology: Events, Exigencies and Effects*, Berghahn Books, New York.

Lubkemann, Stephen C. (2008) *Culture in Chaos, an Anthropology of the Social Condition in War*, University of Chicago Press, Chicago.

Malkki, Liisa (1995) *Purity and Exile: Violence, memory, and National Cosmology among Hutu Refugees in Tanzania*, University of Chicago Press, Chicago.

Mughal, Abdul-Ghaffar (2007) *Migration, Remittances, and Living Standards in Tajikistan: A Report Based on Khatlon Remittances and Living Standards Measurement Survey (KLSS 2005)*,

http://www.untj.org/files/reports/Remittances_Report_IOM_2007.pdf [Lesedato: 26.11.2008]

Orestis, Cecilie Gulbraar (2003) *Old Games, New Rules: competitive strategies of mobilization and group maintenance in Tajikistan's post-Soviet elections*, Hovedoppgave ved Universitetet i Bergen, Bergen.

Rapport, Nigel og Dawson, Andrew (1998) *"The Topic and the Book" og "Home and Movement: A Polemic"* i: (Ed.) Rapport, Nigel og Dawson Andrew (1998) *Migrants of Identity, Perceptions of Home in a World of Movement*, Berg, UK.

Rapport, Nigel (2003) *I Am Dynamite, An alternative anthropology of power*, Routledge, London and New York.

Scott, James C. (1990) *Domination and the Art of Resistance: Hidden Transcripts*, Yale University Press, New Haven and London.

Shapoatov, Sayfiddin (2004) *The Tajik Civil War*.

<http://etd.lib.metu.edu.tr/upload/12605036/index.pdf> [Lesedato 28.11.2008].

Sinding-Larsen, Henrik (2007) *"Relativt Frie Ettertanker om Frihet"* i: *Frihet*, CulCom Red. Eriksen, Thomas H og Vetlesen, Arne J., Universitetsforlaget, Oslo.

UN-report (1995) *Tajik Refugees in Afghanistan*.

<http://www.unhcr.org/refworld/pdfid/3b00f29cc.pdf> [Lesedato 11.12.2008]

UN General Assembly rapport (1996) <http://www.unhcr.org/refworld/pdfid/3b00f29cc.pdf>.

[Lesedato: 25.11.2008]

Whitlock, Monica (2002) *Land Beyond the River, The Untold Story of Central Asia*, St. Martin's Press, New York.

Wikan, Unni (1996) "Kap 9: Fattigdom som opplevelse og kontekst, Innsikt frå deltakende observasjon", i: *Vitenskap- enhet og mangfold*, (red.) Odd Wormnæs, Ad Notam Gyldendal, Oslo.

Wikan, Unni (1993) *Beyond the words: the power of resonance*, i (Ed.) Pålsson, Gislis: *Beyond Boundaries, Understanding, Translation and Anthropological Discourse*, Berg, Oxford.

Andre kjelder:

American Social History Online, Map: Central Asia and The Caucasus,

<http://www.dlfaquifer.org/search/item/The-Caucasus-and-Central->

[Asia/oai%253Alcoa1%252Eloc%252Egov%253Aloc%252Egmd%252Fg7120%252Ect001287?page=2](http://www.dlfaquifer.org/search/item/The-Caucasus-and-Central-Asia/oai%253Alcoa1%252Eloc%252Egov%253Aloc%252Egmd%252Fg7120%252Ect001287?page=2)

[Lesedato: 28.11.2008]

Geology.com, Tajikistan Map. <http://geology.com/world/tajikistan-satellite-image.shtml> [lesedato:

28.11.2008]